

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP

# 2009



ROGALAND BONDELAG



# Kjærleik til norsk mat

Ein hadde satsinga "Landbruk på dagsorden" i Norges Bondelag fram til stortingsvalet der slagordet var **kjærleik til norsk mat**. Ut frå vår vurdering i Rogaland Bondelag fekk vi godt gjennomslag både med slagordet og vi sette landbruket på dagsorden både i media og vi utfordra våre sentrale politikarar. Vi har oppretta nye aliansepartnarar og pleier dei vi har gjennom vårt arbeid med å synleggjera landbrukets betyding i Rogaland. Det vil vi fortsetja å gje fram mot jordbruksforhandlingane i vår, og vi opplever kanskje av og til at vi gjentek oss til det kjed sommelege. Det som er utfordringa er å finne nye måtar å få fram bodskapen vår på. Her er det viktig å få til eit godt samarbeid mellom fylkeslaget og lokallaga – noko vi har god erfaring med i Rogaland. Vi har også fått til eit godt samarbeid med kokkar og vidaregåande skular i fylket. Dette samarbeidet vil vi bygge vidare på etter positive tilbakemeldingar frå skular og kokkar.

Jordbruksforhandlingane er krevjande kvart år og vi ser ein klar tendens til det i år og. Å få på bordet nok budsjettmidlar er ein krevjande manøver. Ein skal ikkje vere særleg klarsynt for å sjå at det ligg ann til eit solid krav frå landbrukets side til våren også. Ein kan bare nemne prisnedskriving på korn som eit sentralt tema og krav frå Rogalandsbonden. Auken som har vore i kraftforprisen i 2009 er dramatisk og når utbetningsprisen til bonden har gått ned, får det ekstra store utslag. Det har vore eit krevjande år for den kraftforkrevande produksjonen. Når ein i tillegg har hatt store utfordringar med kraftforet spesielt til grisen pga kvaliteten på kornet. Vi har frå Rogaland si side påpeika dette tidlegare år også at ein må få til meir kvalitetsbetaling på korn som både kornbonden og husdyrbonden tener på. Nå har vi ikkje tid til å diskutere dette lenger, det må setjast i verk tiltak NÅ. Eit anna sentralt område er fraktutjamningsordningar og det er sett ned eit utval som skal sjå på dette fram mot forhandlingane 2010. Alt er like viktig for bonden og bondelaget, men vi kjem fort i den situasjonen der vi må prioritere.

Det har i heile året vore i gang ein prosess for å utforme ein **Regionplan for landbruket i Rogaland**. Planen skal vere med å stake ut kurser for landbruket i fylket. Rogaland Bondelag har vore sterkt engasjert i fleire

grupper i denne prosessen og i løpet av året vert planen lagt ut på høyring der lokallaga kan uttale seg til planen. Vi håper planen vil engasjerer lokallaga og at vi kan få ein del gode debattmøte rundt om i fylket.

I valkampen vart det varsle ei ny landbruksmelding og denne prosessen er i gang. Også her er det viktig med lokalt engasjement. Her har vi muligheten til å få Rogalandsbonden opp av godstolen. Det er ei viktig sak og vi må lage gode debattarenaer.

Dei store sakene står i kø for rogalandsbonden. Vassdirektivet for Figgjovassdraget skal tre i kraft i 2010 og bøndene som grenser til Skas Heigre skal være "forsøksbønder". Det vert krevjande for bøndene sjølv om det følgjer midlar med gjennom RMP. I forlengelsen av vassdirektivet og klimautfordringar er det beramma gjennomgang av krav til spreieareal og spreietidspunkt for husdyrgjødsel. Denne saka vil nok verte ei av dei viktigaste sakene for bondelaget og landbruket i Rogaland. Vi reknar og med at fleire instansar vil engasjere seg. Vi har alt eit god samarbeid med fylkesmannen i denne saka. Det vert spesielt viktig å spele inn til NILF som skal lage utredninga. Konsekvensane av eit skjerpa krav til spreieareal er sær utfordrande, men står vi samla og har gode dokumenterte argument, er det utruleg kva ein kan oppnå. Rogalendingen har alltid vore løysingsorientert og det vil han fortsett vera.

Vi har hatt eit stort engasjement i fylket når det gjeld jordvern både i samband med revidering av kommuneplanar og i høyringa rundt innføringa av eigen verneheimel i jordlova. Jordvern har alltid vore ei viktig sak i Rogaland og vi vil fylge dette opp framover.

På årsmøte i fjor vart det etterlyst kva Rogaland Bondelaget gjorde for å ha beredskapsplan for å førebygge dyretragediar. Dette har vi ikkje fått til, men saka er ikkje gløymt og vi leiter etter gode måtar å løyse dette på.

Rogaland Bondelag vil takka kvar enkelt medlem, lokallag og andre for godt samarbeid gjennom året og ser fram til eit nytt og aktivt år der målet er å styrkja og vidareutvikla landbruket i Rogaland

*Stavanger 25. januar 2010*

Arna Høyland, *leiar*

Arnstein Gilje, *nestleiar*

Ole Johan Vierdal

Per Inge Egeland

Stein Pettersen

Margunn Nedrebø (RBK)

Rune Lode (RBU)

# Innhald

Årsmøtet - 2009 .....	2
Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2009.....	6
Arbeidsplan 2009/2010 .....	8
Styresaker.....	10
Næringspolitiske saker.....	10
Organisasjonssaker .....	26
Andre saker .....	32
Arbeidet i utval.....	46
Organisasjonsarbeidet .....	51
Rekneskapen 2009 .....	56
Leiarane i lokallaga.....	58
Medlemsoversikt .....	59
Gardsrekneskapslaga i Rogaland .....	60



*Tekst til framsidebilelet:*

*Deltakarane frå Rogaland under felles leiarmøte mellom Østfold og Rogaland Bondelag på Hankø i Østfold 12. – 15. november 2009. Foto: Nina Glomsrud Saxrud, Østfold.*

[www.fkra.no](http://www.fkra.no)

**TA ET SOLID GREP OM DIN  
FRAMTID**

**VÅRT FELLESKJØP!**



**Felleskjøpet Rogaland Agder**

# Årsmøtet - 2009

Årsmøtet vart halde på Rica Maritim Hotel, Haugesund 20. og 21. mars 2009. Sigmund Slettebø, Eigersund var ordstyrar

## Deltakarar

Det møtte 76 utsendingar frå 38 lokalag, sju frå styret, tre medlemmer av årsmøtet til Norges Bondelag i tillegg til dei som møtte på anna grunnlag, to frå Rogaland Bygdekvinnelag, to frå Rogaland Bygdeungdomslag, to medlemmer av styret/representantskapet til Norges Bondelag busett i Rogaland, samt møteleiarene - totalt 93 røysteføre. I fra Norges Bondelag deltok styremedlem Steinar Klev, Nord-Trøndelag. I tillegg møtte tilsette og fleire gjester.

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Fylkesleiar Arna Høyland ønska årsmøtet velkommen og gav ordet til ordstyraren. Sigmund Slettebø refererte innkallinga og saklista for årsmøtet. Ingen hadde merknadar og han erkjente årsmøtet som lovleg sett og gjorde det ope for presse og gjester, men med høve til å lukka årsmøtet dersom saker skulle tilseia det. Til å skriva under møteboka saman med ordstyraren, vart Kjell Arvid Sandhåland Sør-Karmøy Bondelag og Anne Skasheim Bore Bondelag valde.

## Leiarens tale

I talen sin takka fylkesleiar Arna Høyland lokallaga for sitt engasjement gjennom heile året og nemnde spesielt engasjementet til saka ang kjøring av traktor med breie reiskap på offentleg veg og innsatsen dei la ned i forkant av jordbruksforhandlingane i fjor vår. Med eit samla trykk frå grasrota i bondelaget, vart landbruket verkeleg sett på dagsorden og interessa frå media si side til jordbruksforhandlingane i 2008, har aldri vore så stor som då sa ho.

Næringspolitisk framheva ho at inn tekt generelt til næringa må hevja, spesielt mjølkeproduksjonen må få eit løft i år. Denne produksjonen er grunnmuren for norsk landbruk og det er viktig å ha ein stødig grunnmur, framheva ho. Ho inviterte årsmøtet til å ta ein debatt om utviklinga til norsk landbruk



- *I år er det mjølkeproduksjonen som står for tur, og så må vi få orden på korn- og kraftfør ordningane, sa Arna Høyland mellom anna i sin leiertale på årsmøtet. Foto Bondevennen*

og då særleg ut frå påstanden "Står den sjølvstendige bonden for fall?"

Vidare trekte ho fram korn- og kraftforprisen. Slik det er nå er kornbonden næraast garantert fullt uttak av málprisen på kornet, men husdyrbonden som kjøper kraftforet, sit att med rekninga då han ikkje får ta ut kompensasjonen av auka pris på kraftfor gjennom auka prisar på mjølk og kjøtt. Ho understreka og at korn- og kraftforpolikken vert meir og meir viktig for landbruket og er i stor grad med og styrer kostnadsutviklinga for norsk landbruk. For å redusa den meinte ho at prisnedskrivninga på norskprodusert korn til kraftfor bør aukast med 35 – 40 øre kr kg. - Då vil ein koma opp på det same nivået som då ordninga vart innført i 1994.

Eit anna tiltak ho meinte og burde få eit klart løft i år, var frakttilskotsordningane. - Skal vi ha eit aktivt landbruk over heile landet, er det viktig at ein har gode fraktordningar. Dette er særleg viktig nå ved overgangen til nye marknadsordning for kjøtt og egg. Ang. denne overgangen heldt ho fram at det er ei vanskeleg sak, men ho stod på fylkesstyret si vurdering, at alle kjøttsлага pluss egg, burde førast over nå med det same for å få mest mogleg ro og stabilitet.

Under debatten tok fleire ordet og nokre av hovudpunktene i innlegga var:

- Eit todelt landbruk er ikkje ein offensiv landbrukspolitikk.
- Fleire støtta tiltak som vil verna om den sjølveigande bonden som i hovudsak driv si eiga jord og sin eigen gard.
- Eldre bønder bør flytta frå garden og inn til senteret i bygda ved overdraginga av garden til neste generasjon.
- Ho fekk støtte for utsagn om at jordvern er viktig, men under debatten kom det og fram at ein i praksis ser lite til ein betre jordvernpolitikk. Fortsatt vert for mykje jordbruksreal nedbygd.
- Landbruket må leggja vekt på kompetanse og det må leggjast til rette for at bøndene gjennom kurs, får høve til å betra kompetansen sin.
- Heiltidsbonden må styrkast, like så distriktsjordbruket
- Ang innfasinga av ulike produksjoner i den nye marknadsordninga var det ulike vurderingar. Nokre støtta leiaren om at alle kjøttsлага og egg bør gå inn nå med det same, medan andre meinte at det vil vera ein fordel å ikkje låsa seg nå på dette tidspunktet.

## Årsmelding for 2008

Nestleiar Elisabeth Kallevik Nesheim gjekk raskt gjennom årsmeldinga og refererte kort dei fleste sakene styret hadde arbeidd med.

## Rekneskap for 2008

Organisasjonssjefen gjekk gjennom rekneskapen og trekte fram hovudpunktata og forklarde enkelte postar.

Etter framlegginga opna ordstyraren for spørsmål og kommentarar. Tidlegare fylkesleiar Kjell Høyvik oppfordra til at opplegget ang. Framtidsverkstad i Rogaland – tilsvarende opplegg som Tenkeloftet i Trøndelag, måtte haldast ned på jorda og ikkje verta noko som svever høgt og som det praktiske landbruket ikkje har noko nytte av. Ut over det var det ingen som ba om ordet og ordstyraren tok årsmelding og rekneskapen opp til godkjenning. Begge vart einstemmig godkjende.

## Resolusjonskomite

Ordstyraren tok så opp spørsmålet om å setja ned ein resolusjonskomite for å utarbeid ein uttale frå årsmøtet. Det fekk han tilslutning til og foreslo: Arnstein Gilje, leiar, Sonja Herigstad Skåland, Olav Vestersjø, Tor Inge Eidesen, Gerd Johanne Bø med Olav Sande som sekretær. Ordstyraren fekk tilslutning til forslaget sitt.

**Utfordringar norsk landbruk står overfor og forventningar til vårens forhandlingsrunde. Endringar av marknadsordninga – kva betyr det for næringa?** var temaet styremedlem i Norges Bondelag, Steinar Klev hadde fått.

Innleiingsvis trakk han fram Bondelaget sitt hovudprosjekt i år - Landbruket på dagsordenen 2009 - og poengterte at ei god gjennomføring av dette prosjektet vil vera viktig for å oppnå gode resultat både i samband med jordbruksforhandlingane til våren, men og ikkje minst at ein får ei regjering etter valet i haust, som har forståing og velvilje for landbruket.

I tilknyting til forhandlingane understreka han at årets opplegg måtte verta prega av budsjettmidlar. Av prioriterte område peika han på: inntekt, strukturtillegg, velferd og betre kapitaltilgang.

Når det galdt marknadsordninga framheva også Steinar Klev at dette



Torbjørn Birkeland frå Helleland - eldste på årsmøtet til Rogaland Bondelag – saman med den yngste Rune Lode - RBU sitt styremedlem i fylkesstyret.

er ei vanskeleg sak og at ein ikkje gjer dette fordi vi vil, men fordi vi må. Dagens ordning fungerer godt for bonden og den nye ordninga vil verta dårlegare. Han understreka vidare at det vil vera viktig å få brei politisk forankring i det vedtaket ein gjer nå under forhandlingane. Ut frå dette og ut frå ei totalvurdering, meinte han at det ville vera klokt om Norges Bondelag ikkje bandt seg for sterkt til kor raskt ein skulle fasa dei ulike produksjonane inn i systemet.

Han poengterte og at Nortura gjennom denne omlegginga, får eit langt større ansvar og skal dei lukkast er dei avhengig av at dei har ein høg marknadsandel av førsteutbodet på kjøtt og egg. Har dei ikkje det, vil dei ikkje kunna vera marknadsleande og dermed ha kontroll på prisen til bøndene. Med det nye systemet flytter ein makt frå forhandlingsbordet gjennom fastsetting av målprisen til marknaden og kjedane. Han meinte og at ein kan ikkje forventa at staten vil koma inn á redda inntekta til bøndene dersom Nortura ikkje utnyttar marknaden mest mogleg for å få inntekt til bonden.

Under debatten etterpå tok fleire ordet og nokre av hovudpoenga kan summaast opp slik:

- Økonomien i storfekjøtproduksjonen må betrast
- Det er ofte lite synleg kva Norges Bondelag arbeider med og kva resultat ein oppnår.
- Ang. marknadsordninga kom det ulike vurderingar fram

- Norges Bondelag behandla saka om fotrôle på sau på ein klønet måte
- Korn- og kraftforprisen er viktig og prisnedskrivninga på norskprodusert korn må auast vesentleg.

Etter innlegga fekk Stein Klev ordet og oppsummerte diskusjonen. Til utsagnet om at det kom lite fram kva bondelaget arbeidde med og oppnådde, gav han uttrykk for at organisasjonen ikkje får gjennomslag i alle saker, men det handlar om å gå i dialog og påverka før vedtak vert gjort. Vi får gjennomslag i mange saker poengterte han.

## Blåtingesjukdommen

På grunnlag av at det i Agder er påvist smitte av sjukdommen Blåtinge hjå sau i det siste, fann styret det rett å rydda noko tid under årsmøtet til at Mattilsynet kunne få orientera om sjukdommen og utviklinga/tiltak framover. Olav Tørresdal frå Mattilsynet i Haugesund orienterte. Sjukdommen er ein virus-sjukdom og han nemnde kva tiltak som er sett i gang for å unngå vidare spreying. Det var på det tidspunktet registret fire positive prøvar. Sjukdommen vart oppdaga gjennom Mattilsynet sitt overvakingssystem – ei konstatering på at opplegget fungerer.

## Dyrevelferd – menneske, kva skjer og kva gjer vi

var temaet bonde Karstein Bergseth frå Rendalen i Hedmark, hadde sett for sitt innlegg. Ut frå situasjonen han sjølv hadde opplevd med ei nesten dyretra-

gedie på garden sin, fortalte han gripande om den psykiske utviklinga han hadde gått gjennom hjå seg sjølv. Han hadde kome i tidsklemme og bygde fasadar rundt seg og skjulte kva som var i ferd med å skje i sauefjøset sitt. Heldigvis kom ein kamerat på besøk og han oppdaga kva som var i ferd med å skje og tok dei nødvendige tiltaka som måtte til for å unngå at det utvikla seg ein dyretragedie.

På ein svært gripande måte la han dette fram og engasjerte salen på ein positiv måte slik at dei stilte spørsmål. Med fagleg god hjelp og gjennom ein omfattande prosess hjå seg sjølv, har han kome over situasjonen og han har utarbeidd ny realistisk plan og har vore open utad med kva som skjedde. Han har også snakka om dette i ei rekke forsamlinger etterpå for å vera med å setja fokus på dette vanskelege temaet.

### Lukka møte

Etter denne bolken vart årsmøtet lukka – berre årsmøtedelegatane og tilsette ved kontoret - hadde høve til å vera til stades. Temaet var: Orientering og drøfting av evt. opplegg for markering i samband med jordbruksforhandlingane.

Steinar Klev orienterte først ut frå Norges Bondelag sitt opplegg så langt det var drøfta. Opplegget frå Norges Bondelag si side var nær identiske med opplegget det vart arbeidd ut frå i fjar. Han var også inne på "fredsplikta" under forhandlingane og understreka at den var absolutt.

I sitt innlegg var fylkesleiar Arna Høyland svært reservert til å følgja heile opplegget til Norges Bondelag og då særleg tiltak som ville ramma forbrukarane. Fleire av utsendingane støtta fylkesleiaren sine vurderingar. Det var klare signal at ein i år må gå på politikarane og medlemmene ville reisa til Oslo og markera motstande med eit dårleg oppgjerd der. Steinar Klev merka seg punkta og lova å ta dei med til styret i Norges Bondelag.

### Slutt første dag.

Under middagen om kvelden delte leiar i verveutvalet Ragnhild Dyngeland, ut vervepremier:

- **Finnøy Bondelag** hadde størst netto medlemsauke i løpet av 2008 – 15 nye medlemmer netto. På vegne av laget sitt mottok leiar Per Bergøy, diplom.

- **Sokndal Bondelag** hadde størst prosentvis netto auke i medlemstalet med 15 % auke. På vegne av laget sitt mottok leiar Tron Skjefrás diplom.

I tillegg får begge laga kr 1.000 i vervepremie.

Under middagen hadde Bjarne A. Undheim kåseri ut frå temaet **Laust og fast frå leiartida i Norges Bondelag**

### Andre dag:

#### Budsjett for 2009

Org.sjefen gjekk kort gjennom styret sitt forslag til budsjett. Som ein del av forslaget frå styret låg det også inne at tidlegare avsett midlar til utarbeidning av PowerPoint-serie skulle overførast til posten Utadretta informasjon og nyttast m.a. i samband med gjennomføringa av prosjektet Landbruk på dagsordenen 2009.

#### Arbeidsplan for Rogaland

##### Bondelag 2009 – 2010

Styremedlem Per Inge Egeland gjekk gjennom hovudpunktene i styret sitt forslag. Den byggjer på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen Vi får Rogaland til å gro.

Det var så opna for debatt på sak 3 og 4.

Bente Gro M. Slettebø frå Bjerkreim Bondelag tok opp spørsmålet om å betra rekrutteringa av avløysarar og sette fram følgjande forslag til nytt punkt i arbeidsplanen:

Rogaland Bondelag skal setja fokus på rekrutteringa av avløysarar. Kva kan gjerast lokalt og sentralt?

Det kom også opp ein debatt ang. trykking og utdeling av årsmeldinga til Rogaland Bondelag. I debatten kom det ulike vurderingar fram og lokal-laga nyttar årsmeldinga dei fekk utdelt under årsmøtet, på ulike måtar. Fleire lag hadde positivt erfaringar med å leggja ut årsmeldingane der bønder møttes t.d. på landbruksavdelinga på handelslaget, medan andre ikkje gjorde noko med dei.

Til denne debatten sette ordstyraren fram følgjande forslag til vedtak:

Spørsmålet om opptrykking og utdeling av årsmeldinga til Rogaland Bondelag vert sendt over til styret for vidare behandling.

Ordstyraren tok så sak 3 og 4 opp til vedtak:

- Sak 3 - Budsjettet for 2009 vart godkjent med forslaget om å flytta avsette midlar.

- Sak 4 - Arbeidsplanen for 2009 – 2010 vart godkjent med tillegg av punkta om rekruttering av avløysarar og at styret skulle ta opp saka om bruken av årsmeldinga til fylkeslaget.

Begge vedtaka var einstemmige.

#### Landbruket på dagsordenen 2009

**Prosjektleiar Lars Petter Taule**, gjekk gjennom innhaldet i prosjektet Norges Bondelag har sett i gang i samband med gjennomføring av tiltak både i forkant av jordbruksforhandlingane og storingsvalet 2009. Han oppfordra til innsamling av underskrifter frå ordførarar og andre til Mat-appellen.

Etter innlegget hans var det høve for spørsmål og kommentarar. Fleire nutta seg av det og det vart gitt uttrykk for at fleire sleit med å få til aktivitet den 21. april.

**Karl Brådli, Bjerkreim** fekk ordet for å takka for dugnadshjelpa lokallaga bidrog med under VM i saueklypping i Bjerkreim 2. – 5. oktober 2008. Han var svært godt nøgd med dugnadsinnsatsen og gav uttykk for at VM i saueklypping vart ein mykje større sukse enn det ein kunne drøyma om.

#### Uttale frå Rogaland Bondelag sitt årsmøte

Følgjande forslag frå resolusjonsnemnda vart einstemmig vedteken.

**Auka lønnsemd i mjølkeproduksjonen!**  
Årsmøtet i Rogaland Bondelag krev ei heving av inntektsnivået i norsk mjølkeproduksjon. Mjølkeproduksjonen er bærekraftig og framtidssrettet.

Næringa treng virkemidlar tilpassa dei ulike naturgitte bruksforholda vi har, slik at mjølkeproduksjonen vert bærekraftig og framtidssrettet.

Framforhandla málprisar har ikkje vore mogleg å ta ut i marknaden, bonden har difor ikkje fått kompensert for auka utgifter.

Staten må koma med meir friske budsjettmidlar i årets oppgjør, og det må gjennomførast kostnadsreduserande tiltak. Prisnedskrivning på norsk kraftfør er eit viktig tiltak, og fraktutjamning er eit av dei mest målretta virkemidla for å oppretthalde eit landbruk i heile landet.

Årsmøte til Rogaland Bondelag krev at inntektsnivået i mjølkeproduksjonen vert prioritert ved årets jordbruksavtale.

*Årsmøtet i Rogaland Bondelag vil påpeika det ansvaret Stortinget og regjeringa har for å sikra trygg og god norsk matproduksjon i heile landet, og årsmøtet vil visa til retten og plikta som kvart land har til eigen matproduksjon.*

### **Forslag om å endra valinstruksen**

Leiar i valnemnda Ragnhild Dyngeland la fram saka.

Etter gjeldande instruks for valnemnda skal nemnda ikkje koma med forslag på nye kandidatar til valnemnda. Det skal årsmøtet føresla direkte - også forslag til leiar og nestleiar av nemnda. For å få meir gjennomtenkte forslag til kandidatar, føreslo valnemnda å endra instruksen for nemnda slik at det er nemnda som skal koma med forslag på kandidatar til valnemnda for dei to påfølgjande åra samt føresla leiar og nestleiar til valnemnda.

Saksutredninga og styret sitt forslag til vedtak var sendt ut til årsmøtedeltakarane. Endringa er gjort i paragraf 3 med følgjande tillegg – **etter forslag frå valnemnda.**

Etter forslag frå styret gjorde årsmøtet følgjande vedtak i sak 5:

**Årsmøtet godkjenner framlagt endring av instruksen for valnemnda til Rogaland Bondelag datert 10. februar 2009.**

### **Val**

Leiaren i valnemnda Ragnhild Dyngeland, la fram valnemnda si innstilling. Alle forslaga frå valnemnda var einstemmige. Ho refererte at det ver kome inn ein feil i utsendt forslag frå valnemnde i det Ole Andreas Aarsland, Varhaug skulle gå inn som 5. vararepresentant som utsending til Norges Bondelag sitt årsmøte. Saman med valnemnda si innstilling låg det med informasjon om dei ulike kandidatane til styret og vararepresentantane.

Ordstyraren leia vala.

Ingen hadde merknadar til valnemnda si innstilling og det vart helles ikkje sett fram forslag på motkandidatar til nemnda sine forslag.

### **Leiar for 1 år**

Arna Høyland, Nærbo vart attvald

### **To styremedlemmer for 2 år**

Per Inge Egeland vart attvald for Ryfylke. Som ny representant for Haugalandet vart Ole Johan Vierdal, Vats vald. Tanja Thunheim Hamre, Lund hadde



*Alle deltagarane frå Rogaland under årsmøtet til Norges Bondelag 10. – 12. juni i Bodø.*

bedd om fritak for styrevervet etter eitt år. Som ny representant for Dalane for eit år vart Stein Pettersen, Bjerkreim vald.

### **Nestleiar for 1 år**

Arnstein Gilje, Stavanger vart vald som ny nestleiar.

### **Tre varamedlemmer til styret for 1 år**

1. varamann – Ingar Naustvik, Suldal – attval
2. varamann – Gette Eidesen, Haugesund - ny
3. varamann - Ola Andreas Byrkjedal Gjesdal - attval

### **5 utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for to år – 2009 og 2010**

Frå Nord-Rogaland:

Ole Johan Vierdal, Vats

Frå Ryfylke:

Per Inge Egeland, Hjelmeland.

Frå Jæren:

Arnstein Gilje, Stavanger

Ingvald Tjetland, Gjesdal

Ragnhild Dyngeland, Time

### **11 vararepresentantar i nummerorden for eitt år**

1. Stein Pettersen, Bjerkreim
2. Ole Andreas Byrkjedal, Gjesdal
3. Gaute Halleland, Finnøy
4. Sigbjørn Eikje, Tysvær
5. Ole Andreas Aarsland, Varhaug
6. Jofrid Torland Mjåteit, Nærbo
7. Kristin Hesby, Randaberg
8. Magne Økland, Sandeid
9. Siri T. Ursin, Strand
10. Roar L. Grødeland, Orre
11. Svein Helge Harbo, Nærbo

### **Ordstyrar til leiarmøtet i 2009**

### **og årsmøtet i 2010**

Elisabeth Kallevik Nesheim, Vats vart vald med Bjarne A. Undheim, Time som varamann.

### **Revisor for 2 år**

Bjørn Vistnes, Randaberg

### **Fire medlemmer med personlege vararepr. til valnemnda for årsmøtet 2010 og 2011**

For Nord-Rogaland:

Magne Økland, Skjold  
vararepr. Anita Øvregård, Imsland

For Ryfylke:

Per Bergøy, Finnøy

vararepr. Ann-Marie Lindanger, Ombo  
For Jæren:

Ragnhild Dyngeland, Time

vararepr. Abraham Aarsland, Søre Hå

For Dalane:

Tron Skjefrás, Sokndal

vararepr. Øivind Mikkelsen, Heskstad

### **Leiar og nestleiar i valnemnda**

Leiar: Ragnhild Dyngeland, Time  
Nestleiar: Svein Ståle Kolstø, Nord-Karmøy

# Styret og utval til Rogaland Bondelag – 2009

## Styret

Arna Høyland, Nærø, leiar  
Arnstein Gilje, Stavanger, nestleiar  
Per Inge Egeland, Hjelmeland  
Ole Johan Vierdal, Vats  
Stein Pettersen, Bjerkreim  
Rune Lode, Nærø, RBU  
Margunn Nedrebø, Gjesdal, RBK

1.v.m. Ingmar Naustvik, Jelsa  
2.v.m. Gette Eidesen, Haugesund  
3.v.m. Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

## Arbeidsutvalet

Arna Høyland  
Arnstein Gilje  
Sekretær: Svein Helge Harbo

## Utval direkte tilknyta fylkeslaget:

**Informasjonsutvalet**  
Arnstein Gilje, Stavanger - leiar  
Ole Johan Vierdal, Vats  
Atle Tjåland, Time  
Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund  
Børge Ness, Strand  
Sekretær: Målfrid Husebø

## Grøntutvalet

Ståle Runestad, Fogn - leiar  
Øystein T. Kleppa, Årdal  
Johannes Wiig, Orre  
Odd Sele, Bore  
Arne Vagle, Jæren Forsøksring  
Sekretær: Svein Helge Harbo

## Verveutvalet

Ragnhild Dyngeland, Time, leiar  
Kjell Høyvik, Tysvær  
May Ann M. Levik, Forsand  
Sekretær: Signe Henriksen

## Samarbeidande utval

**U-landsutvalet**  
RB - Elisabeth K. Nesheim, leiar  
RBK - Målfrid Stangeland, Sandnes  
Samarb.rådet - Terje Øen,  
TINE Meieriet Sør  
Rog. 4H - Åse Marit Hodnefjell  
Sekretær: Olav Sande

## Jordvernutvalet

Arnstein Gilje, Stavanger leiar  
Andreas Lundegård, Vats

Andreas Joa, Sola, Jordvernforeninga  
Erik Thoring, Naturvernforbundet i  
Rogaland  
Sekretær: Svein Helge Harbo

## BSF - avviklingsstyre

RB Elisabeth K. Nesheim, - leiar  
RBK Kari Skeie, Nord-Karmøy  
RB Karl Brådli, Bjerkreim  
RBU Marlen Hognestad  
Samarbeidsrådet Olav Sande  
Sekr. BSF-instruktør Målfrid Husebø

## Samarbeidsutval Rogaland Bondelag/ Gjensidige Forsikring, Rogaland

Arna Høyland, Nærø  
Per Inge Egeland, Hjelmeland  
Svein Helge Harbo

## Eingongsutval

**Tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga**  
Ingmar Naustvik, Suldal - leiar  
Arna Høyland, Nærø  
Ole Andreas Aarsland, Varhaug  
Margunn Nedrebø, Gjesdal - RBK  
Sekr. - Olav Sande

## Desse har representert Rogaland Bondelag i følgjande organ i 2009

**Styret i RBU**  
Per Inge Egeland, Hjelmeland

## Styret i RBK

Per Inge Egeland, Hjelmeland

## Utsendingar til RBU sitt årsmøte

Stein Pettersen, Bjerkreim  
Ingvald Tjetland, Gjesdal

## Utsendingar til RBK sitt årsmøte

Jofrid Torland Mjåtveit, Nærø  
Ole Andreas Aarsland, Varhaug

## Styret i Samarbeidsrådet for landbruksorg. i Rogaland

Arna Høyland, Nærø, nestleiar

## Medlem i Innovasjon Norge, styret i Rogaland

Arna Høyland, Nærø - nestleiar i styret

## Kontaktperson for Landbrukets HMS -tjeneste

Per Inge Egeland, Hjelmeland

## Forebygging av dyretragedier

**- opprett av Mattilsynet**  
Per Inge Egeland, Hjelmeland

## Prosjektgruppe for Fylkesdelplan for landbruket i Rogaland

Per Inge Egeland, Hjelmeland

## Agrovisjon

Hovudkomite: Arnstein Gilje, Stavanger

## Heimevernets distriktsråd

**- felles for Rogaland og Agder**  
Audun Meland, Hægebostad  
- fast medlem  
Vararepr Gunleif Risa, Nærø

## Regionalt miljøprogram

Styringsgruppa: Arna Høyland, Nærø  
Prosjektgruppa: Svein Helge Harbo

## EB-utvalet i Rogaland

Elisabeth K. Nesheim, Vats  
Olav Sande, kont.

## Aksjon Jærvassdrag

Arnstein Gilje, Stavanger

## Styringsgruppe for frivillede tiltak

Arnstein Gilje, Stavanger

## Referansegruppe for vannregionen

Olav Sande, kont.

## Vannområdegruppe

Gabriel Thrane Skasheim, Bore

## Prosjektet Frå Dal til Fjell

Svein Helge Harbo, kont.

## Verdiskapingsforum Mat

Arna Høyland, Nærø

## Fagforum for mat og drikke A/S

Arna Høyland, Nærø

## NCE- Culinology

Arna Høyland, Nærø



*Styret i Rogaland Bondelag 2009. Frå venstre: Per Inge Egeland, Hjelmeland, Stein Pettersen, Bjerkreim, Arnstein Gilje, Stavanger, nestleiar, Arna Høyland, Nærø, leiar, Margunn Nedrebø, Gjesdal RBK sin representant og Ole Johan Vierdal, Vats.*

*Rune Lode, Nærø - RBU sin representant - og 1 vararepr. til styret Ingvar Naustvik, Suldal som møter fast, deltok ikkje på styremøtet i januar 2010.*

**Jakten på smaken av Norge**  
Målfrid Husebø, kont.

**Styringsgr. - felles prosjekt for NBG, BM og Inn på tunet**  
Svein Helge Harbo, kont.

**Fagforumstyret Naturbruk – Rogaland**  
Svein Helge Harbo, kont.

**Arbeidsgruppe for handlingsplan for Åkerrikse**  
Olav Sande, kont.

**Prosjekt ang. kulturlandskap - Arvesølvet i Rogaland**  
Svein Helge Harbo, kont.

**Styringsgruppe for tursti langs Figgjo-vassdraget**  
Bjarne Brunes, Sandnes

**Rådgivande utval for Jærstrendene**  
Arild Ånestad, Bore

**Fylkesbondelaget sin repr. ang. rovdýrsaker**  
Ingvar Naustvik, Suldal

**Faste repr. i styret, representantskapet og utval i Norges Bondelag busett i Rogaland:**

**Styret i Norges Bondelag**  
Tor Inge Eidesen, Haugesund  
– fram til juni 2009  
**Representantskapet**  
Tor Inge Eidesen, Haugesund  
– fram til juni 2009  
Arna Høyland, Nærø

**Grøntutvalet**  
Jarle Wiig, Orre fram til august 2009  
Ståle Runestad, Fogn – frå august 2009

**Miljø- og kvalitetsutvalet**  
Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal

**Utval for dyrevernssaker**  
Abraham Aarsland, Søre Hå

**Utsendingane til Norges Bondelag sitt årsmøtet - 2009**  
Arna Høyland, Nærø  
Morten Malmin, Sandnes  
Trygve Høines, Nord-Karmøy  
Per Inge Egeland, Hjelmeland  
Stein Pettersen, Bjerkreim

Ragnhild Dyngeland, Time  
Sigbjørn Eikje, Tysvær  
Sonja Herikstad Skårland, Time  
Arnstein Gilje, Stavanger  
Abraham Aarsland, Søre Hå  
Ingvald Tjetland, Gjesdal  
Ingvar Naustvik, Suldal

Margunn Nedrebø, Gjesdal møtte for NBK

**Æresmedlem i fylkeslaget**  
Einar K. Time, Stavanger

# Arbeidsplan for 2009/2010

Arbeidsplanen vart vedteken på årsmøtet til RB 20. og 21. mars og byggjer på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen:

## ***Vi får Rogaland til å gro***

**Desse arbeidsområda vil styret i Rogaland Bondelag arbeida spesielt med:**

- Ramevilkåra for landbruket, styrke inntektsutviklinga og sikre rekrutteringa til næringa
  - Engasjera lokallaga, gje uttale på saker som påverkar bondens inntekt/kvardag
- Gjennomføra siste del av prosjektet Landbruket på dagsorden 09
- Praktisk HMS arbeid på garden
  - Mål om 15 studieringar i 2009 og 15 studieringar i 2010.
- Areal og ressursforvaltning
  - Vera tilhøyrar på fylkeslandbruksstyret sine møte.
  - Vera tilhøyrar på fylkesutvalsmøta, sakslista bør vurderast før oppmøte.
- Vera aktiv i utforminga av fylkesdelplanar for landbruket.
- Delta i samfunnsdebatten – fylgje opp infostrategien
  - Følgja opp kontakten med stortingsbenken og fylkespolitikarar og delta på møte der representantar frå leiande næringsorganisasjonar møtes og ha god kontakt med media.
  - Skaffe seg kunnskap og kunne delta aktivt på møte der ramevilkår for landbruket vart drøfta.
  - Delta aktivt i klima- og miljødebatten framover
  - Delta på møte i lokallaga
- Etablira "Tenkeloft" for rogalandsjordbruket saman med aktørar innan landbruket
- Styrka primærprodusenten sine mulegheiter som rávareprodusent og oppmuntra til nyskaping der det ligg til rette for slikt.
- Starta opplegget med utarbeiding av ny strategiplan for Rogaland Bondelag

**Andre tiltak knytte opp til måla i strategiplanen:**

### **Våre medlemmer**

- Ha fokus på verving av bønder med produksjon, marknadsføra unge bønder-pakken og følgja desse spesielt opp. Ta vare på medlemmer ein alt har.
- Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemmer og som tillitsvalde i organisasjonen
- Vere meir synlege overfor medlemmane gjennom heimesidene våre og bondebladet
- Hjelpa lokallag som ynskjer å oppretta heimesider
- Styrkja samhaldet og solidariteten i organisasjonen og innan næringa

### **Lokallaga**

- Følgja opp innhaldet i Tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga
- Hjelpa til med opplegg lokallaga kan nyttja i møte med lokale politikarar og andre i sitt nærmiljø
- Gå aktivt ut med kurstilbod til tillitsvalde og stimulera dei til å delta
- Motivera til å etablira fellesstyre mellom lokallag i ein kommune og stimulera til samarbeid mellom lokallag innan regionane i fylket
- Styret skal i løpet av arbeidsåret ha to kontaktrundar med leiarane i lokallaga og vera bevisste på lokallaga sine ynskjer og utfordringar
- Oppmoda lokallaga til å pleia kontakten med lokalpolitikarane og næringsavdelingane i kommunen, og søke medlemsskap i lokale næringsforeningar
- Be lokallaga støtta opp om bygdeungdomslaget
- Hjelpa lokallaga til å gjennomføra Open Gard og arbeida for at det vert Open Gard-arrangement fordelt over heile fylket
- Gjennomføra leiarmøtet hausten 2009 ved besøk til eit anna fylkeslag

### **Næringspolitikk**

- Følgja opp saker som kjem frå enkeltmedlemmer og lokallaga
- Gjennomføra tiltak som vert lagt opp frå Norges Bondelag si side
- Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag



Bonde Karstein Bergseth frå Rendalen i Hedmark hadde temaet "Dyrevelferd – menneske, kva skjer og kva gjer vi." under årsmøtet. Vidareføring av dette temaet har vore oppe i enkelte lokallag gjennom året.

- Rogaland Bondelag skal setja fokus på rekrutteringa av avløysarar.
- Følgja opp saker som kjem ang. WTO-forhandlingane
- Delta på ulike næringskonferansar i fylket

### **Nettverksbygging**

- Gjennomføra tiltak i samband med Den Grøne Skulen
- Oppretthalda kontakten med hjelpeprosjektet i Sambolabbo i Kamerun. (U-hjelpsutvalet),
- Delta aktivt i partnarskapet i NCE ( Norwegian Centres for Expertise) - Nasjonalt senter for utvikling og vekst innanfor matindustriell forsking - og gjera det betre kjent hjá medlemmane

### **Den politiske kontakten**

- Senda ut målretta informasjon til fylkes- og stortingspolitikarar til dømes med e-post
- Ta direkte kontakt med politikarar på alle nivå ved behov
- Støtta opp om Nei til EU ved behov

## Nye satsingsområde - landbruksbasert næringsutvikling

- Arbeida vidare med landbruksbasert næringsutvikling
- Gi tilbod om kurs gjennom BSF, Bygdekompasset eller gjennom prosjektet om felles sekretariat
- Følgja opp strategiplanen for Økologisk landbruksproduksjon i Rogaland
- Følgja opp samarbeidet med Turistforeninga ang. prosjektet Fra Dal til Fjell
- Delta i prosjekt nye næringar i landbruket - Inn på Tunet, Bondens Marked og Norsk Bygdeturisme og Gardsmat.

## Arealforvaltning

- Hjelpa til og oppfordra lokallaga til engasjement i plan- og reguleringsaker på kommunenivå
- Gå aktivt inn i ulike vernesaker som kjem opp til behandling

## Samarbeidet mellom styret og administrasjonen

- Foreta evaluering av arbeidsmåten og arbeidssituasjon i styret

- Gjennomføra gjennvisitt til Sør-Trøndelag Bondelag
- Gi tid under styremøta til næringspolitiske diskusjonar og innspel på saker det bør arbeidast vidare med
- Gjennomføra styresamling saman med dei tilsette

Under møtet i august gjekk styret gjennom arbeidsplanen og prioriterte følgjande arbeidsoppgåvane:

- Rekruttering av avløysarar: Eit notat vart utarbeidd frå administrasjonane ang. kva tilbud på avløysarkurs det er. Saka vart og teke opp på dei fleste årsmøta i lokallaga og ein utfordra lokallaga til å pysja på avløysarlaga i fylket.
- Ang. arealforvaltninga er ein særleg opptekne av saka i Sandnes ang. utbygging aust. Nestlearen og org.sjefen har hatt møte med Sandnes Bondelag og Jordvernutalet og konsulent Ole Nikolai Skulberg frå Norges Bondelag var med på informasjonsmøte og synfaring i Sandnes først i desember 2008. Under same turen fekk han og innføring i planarbeidet med vidare utbygging rundt Nærbø i Hå kommune.

- Arbeidet med kursa Praktisk HMS-arbeid på garden skal følgjast opp. Ein skal informera lokallaga nærare om kurset "Bonde i stress og krise" som LHMS-teneste tilbyr.
- Ang. spørsmål om miljø- og forureining inkludert spørsmål om Vassdirektivet, har adm. utarbeida eit notat med faktaopplysningar for styret til bruk under årsmøta i lokallaga.

Ut over dette ville styret følgja opp den vedtekne arbeidsplanen så langt ein makta, men og vera open for å ta opp nye saker som skulle dykka opp i løpet av vinteren.

**Sats på service!**  
Din løsning – hver dag

**Behold de gode forutsetningene**

Forebyggende vedlikehold er en forutsetning for effektiv, skånsom melking og produksjon av kvalitetsmelk.

**Avtal tid med din servicetekniker nå!**

Tlf.: 64 85 85 00  
[www.delaval.no](http://www.delaval.no)

# Styresaker

I meldingsåret – 1. januar til 31. desember 2009 – har styret hatt 10 møte og 3 møte i arbeidsutvalet. Til nokre av møta hadde ein invitert personar/organisasjonar utanom. Nærare omtale av dette lenger bak i årsmelding.

Styret har i meldingsåret behandla 84 førebudde saker. Ein del av desse har vorte drøfta på fleire møte og ut frå arkivsystemet får same sak nytt nummer kvar gong saka har vore opp til drøfting i styret. I tillegg har fleire saker frå året før vorte drøfta i meldingsåret. Styret har også hatt ei rekke referatsaker til orientering og delvis behandling.

I årsmeldinga vert dei viktigaste sakena omtala. For saker styret har gitt uttale til, har ein teke med heile uttalen i viktige næringspolitiske saker, medan berre hovudpunktene i andre.



Kua og mjølkeproduksjonen er den særdel viktigaste produksjonen i norsk landbruk.

## Næringspolitiske saker

Styresaker.....	10
Uttale til jordbruksforhandlingane 2009.....	11
Den grøne sektoren i Rogaland.....	18
Landbruket på dagsordenen 2009 .....	20
Tiltak for å hindra at økobønder gir opp .....	22
Overføring av arbeidsoppgåver frå Fylkesmannen til fylkeskommunen .....	22
Strategi for 2010 ang. bruken av BU-midlane i Rogaland .....	23
Tilskot til organisert beitebruk og prioritering av RMP-midlane.....	24
Varig vern av dyrka jord – høyring.....	25

# Uttale til jordbruksforhandlingane 2009

Med grunnlag i "Opplaeringsheftet landbrukspolitikk" og utsendt spørje- og prioriteringsskjema, har lokallaga gjennomført studieringar og medlemsmøte i forkant av utarbeidninga av uttalelane sine. Fylkeslaget fekk inn fråsegn frå 27 av 43 lokallag. I tillegg har ein fått uttalar frå fylkeslaget sitt Grøntutval og frå 13 ulike organisasjonar. Alle innkomne fråsegn er sende til styret og lagt med som vedlegg til uttalen styret sende Norges Bondelag. I tillegg har styret hatt samrådingsmøte med landbruksrelaterte organisasjonar i fylket for å få deira innspel.

## Hoyudprioriteringar

- **Inntektsutvikling** - er eintydig og klart prioritert som det viktigast av alt i fråseguna frå lokallaga. **Inntektsauken må først og fremst koma mjølkeproduksjonen til gode.**
  - **Prisnedskrivinga på norskprodusert korn** til kraftfor må hevjest vesentleg - 35 - 40 øre pr kg for å koma opp på det same nominelle øre-nivået som då ordninga vart innført i 1994.
  - **Fraktordningane må styrkjast vesentleg** – både innfrakt og mellomfrakt/stedfrakt for kraftfor.

Generelt

Avtalen landbruket fekk framforhandla i 2008 hadde mange positive element i seg. Men med utgangspunkt i den sterke hevinga av målprisane både i den ordinære avtalen og gjennom justeringsforhandlingane vinteren 2008/2009, må avtalen til våren verta ein like klar **budsjettavtale**. Avtalen i fjar hadde for lite budsjettmidlar til å styrkja struktur- og distriktstillegga og andre ordningar tilfredsstillande. Dette må klart endrast i årets avtale. **Målsetninga om eit aktivt landbruk over heile landet må stå fast.**

Rogaland Bondelag regis tra optimisme og tru på næringa i fylket, men denne optimismen er og ispedd med klare avventingar og usikkerhet om kva som vil skje framover. Det gjeld ikkje minst inntektsutviklinga totalt innan næringa, men og innan enkelte produksjonar – særleg for mjølk- og storfekjøtproduksjonen. Usikkerheten går og på om ein får tilgang på midlar til utbetring og fornying av driftsapparatet og kva omlegginga av marknadsordninga vil føra til. I fleire distrikt og område i Rogaland



*Landbruket er ei politisk næring. Difor er kontakt og informasjon mot Rogalandsbenken på Stortinget viktig. Her frå gardsbesøk hjå Kjetil Nilsen, Randaberg.  
Frå venstre: Arve Kambe, H, Ellen Solheim, KrF, Gunnar Kvassheim, V, Siri A. Meling H, Hallgeir Langeland, SV, Nina Galta, Ap, Tore Nordtun, Ap, Ingrid Fiskaa, SV og journalist frå Aftenbladet Margunn Ueland.*

og på Vestlandet elles, er det dramatisk nedgang i mjølkeproduksjonen. Denne produksjonen har vore og er det viktigaste grunnlaget for busetning og inn-tekts. Difor må det dette året setjast inn tiltak for å snu denne trenden.

Rogaland Bondelag vil og alt n  sterkt peika p  at rasjonaliseringseffekten n  reringa oppn r, m  n  reringa sj lv f  behalda - b de n r det gjeld det som skjer p  den enkelte garden, men og innan den landbruksbaserte industrien. I foredlingsindustrien er rasjonaliseringa kome fram til eit punkt der ein i denne omgangen ikkje kan rekna med eller leggja til grunn ytterleg rasjonalisering og  konomisk vinst av det.

Ut frá signal frá lokallaga er det og klare meldingar om at ein må prioritera bønder som hentar størstedelen av inntekta si frá næringa. Det må takast eit skikkeleg grep for å redusera inntektsgapet mellom bøndene og andre grupper. Bøndene må dette året difor få ei langt betre inntektsutvikling enn andre grupper var RB sitt klare utsagn

## **Endring av marknadsordninga**

Fylkeslaget ser på omlegginga av markedsordninga som nødvendig, men og svært krevjande. Det er vanskeleg å sjå alle utslaga ei slik omlegging vil kunna føra til. Styret støttar organisasjonen

sitt standpunkt om å gå på den såkalla volummodellen og legg det til grunn. Drøftinga framover må først og fremst dreia seg om kor mange produksjonar ein skal leggja inn i den nye ordninga.

Rogaland Bondelag er inneforstått med at det ein nå gjer ang. overføring av produksjonar inn i den nye markedsordninga, må vera i eit omfang slik at ein unngår og måtta ta opp at spørsmålet etter berre eit par år. Etter fylkeslaget si vurdering er det likevel mange argument for og i mot begge løysingane. Ein vil berre nemna nokre få hovudpunkt her:

## **Argument for å velja alle kjøttslaga pluss egg:**

- Ein har eit politisk system i dag der ein kan få brei politisk aksept for volummodellen. Med det vil ein ha størst sikkerhet med å leggja flest mogleg produksjonar inn i ordninga nå for å sleppa å ta saka opp om kort tid.
  - Legg ein kjøttproduksjonen og egg over i ordninga nå, kan ein få betre ro i opplegget og ein kan unngå at andre pressgrupper når fram med å gå vidare i liberaliseringa og krevja innføring av "kyllinggrepet" for fleire produksjonar.
  - Nortura som skal ha ansvaret for gjennomføringa, får berre eit system å forehalda seg til.

## **Argument mot å ta alle nemnde produksjonane inn og for ei avgrensa overføring:**

- Den nye ordninga er mindre sikker og vil truleg føra til lågare oppgjerdspris til bonden. Omlegginga er i seg sjølv ei liberalisering av norsk landbruk. Difor bør næringa ikkje gå lengre i denne lei enn høgst nødvendig for å få stort nok rom i gul boks og berre ta ut nokre få kjøttslag.
- Utan málpris får Nortura ikkje same drakrafta i forhandlingane med kjedane som ein framforhandla og godkjent málprisauke har.
- Tek ein ut alle fire nemnde produksjonar, vil det gi eit rom i gul boks ein ikkje vil kunna nyta seg av på lang tid.
- Ein overgang til nytt system vil føra til større variasjon i prisen til bonden. For å leggja eit best mogleg grunnlag må ein truleg redusera produksjonen til noko under full marknadsdekning. Landbruket vil med det samla sett, gi frå seg produksjonsvolum.

Fylkesstyret ser det som avgjerande å få ei breiast mogleg politisk oppslutning rundt ordninga då det vil gi best stabilitet. Dette må det arbeidast aktivt for å få til. Som nemnd ser styret i Rogaland Bondelag på omlegginga som svær vanskeleg, men ut frå ei grundig drøfting og brei vurdering går styret inn for at ein bør leggja alle tre kjøttslaga – storfe, sau og gris – og egg inn i den nye ordninga på dette tidspunktet. Styret har tru for at det vil gi mest ro og stabilitet rundt omlegginga. For dei andre produksjonane må opplegget med málpris halda fram som før.

Med utgangspunkt i Nortura sitt aukande ansvar som marknadsansvarleg ved omlegginga, må det vera eit krav at dei må utvikla eit fullgodt prognoserverktøy både når det gjeld produksjonen, men også for svingingar ang. forbruket. Dessutan må det reagerast raskt når ein ser trendar som vil påverka marknadssituasjonen.

## **Málpris**

Gjennom den ordinære avtalen i 2008 og justeringsforhandlingane vinteren 2008/09, vart málprisane i sum auka med vel 2 milliardar kroner. Med den sterke prisauken dette har ført til i marknaden og problemet med å ta ut heile málprisen for fleire av produksjonane, **må hevinga av málprisane i 2009 vera svært moderat** og konsentrerast til

produksjonar som har eit reelt grunnlag for å kunna ta ut auken i markedet. Vurdering av dette ber ein om at marknadsansvarlege saman med avtalepartane avgjer. Også andre element tilseier svært avgrensa auke i málprisane i årets avtale. Ein kan berre nemna generelt redusert kjøpekraft i Norge, auka arbeidsledighet, nedsetting av prisen på landbruksvarer i andre land. Mjølkeprisen til bønder i Sverige er redusert med 63 øre fram til mars i 2009 og signal om overproduksjon på fleire vareslag.

Generelt vert norske landbruksvarer meir og meir vurdert ut frå den internasjonale situasjonen og vi har eit aukande press mot norske varer. Ut frå denne situasjonen seg Rogaland Bondelag det som avgjerande viktig at ein fortsatt arbeider aktivt for å oppretthalda eit best mogleg importvern og evt. arbeida for å endra ting innan gjeldande WTO-avtale. Slik situasjonen er for ost i dag bør ein for denne produksjonen arbeida for å endra tollsatsane **frå kr-toll til %-toll** for å styrka importvernet.

Dersom egg fortsatt skal ha málpris må málprisen flyttast til egg frå frittgåande høns. Det må vera ein naturleg endring ut frå kravet om frittgåande høns.

For forkorn bør málprisen ikkje endrast. Betring av økonomien til kornbøndene må skje via auke i arealtillegget.

## **Korn- og kraftforprisen**

Med grunnlag i at omsetninga av forkorn skjer internt innan landbruket, får kornbonden oftast fullt uttak av málprisen, medan det er bonden som kjøper kraftforet, som sit att med rekninga. Dette gjeld særleg når kompensasjonen vert gitt gjennom auke i málprisen som ikkje let seg ta ut. Dette slo ekstra sterkt ut via forhandlingane i 2008 når kornprisen vart sett mykje opp i tillegg til at prisnedskrivninga av kornet vart redusert. Rogaland Bondelag ser det som urimeleg at kornprodusenten nærmast får garantert uttak av málprisen, medan husdyrbonden ikkje får kompensert for auken i kraftforprisen gjennom auke i oppgjerdspisen. Slik sit mjølkebonden att med rekninga sjølv. Kraftforprisen her i fylket har gått opp med 50 - 55 øre pr kg i løpet av siste året, men ein oppnår ikkje full uttak av málprisen verken på mjølk eller enkelte kjøttslag.

Dette er uheldig fordi ein lett sett bønder opp mot bønder og distrikt opp mot distrikt og ein fryktar ei todeling av

bøndene – kornprodusentar og husdyrbønder. Rogaland Bondelag vil be om at dette vert teke opp i forhandlingane for å prøva å koma fram til ei ordning der ein får ei meir rettferdig ordning og ei fordeling av risikoen. Med omlegging til ny marknadsordning for kjøtt og egg der marknadssituasjonen i større grad vil styra prisen til bonden, vil dette problemet slå ennå sterkare inn.

Dessutan vil Rogaland Bondelag peika på at det er ikkje berre kornprisen som påverkar kraftforprisen. Norsk korn utgjer i gjennomsnitt snautt 60 % av kraftforprisen. I tillegg til norsk korn vert det nyttå importert korn, norsk og importert proteinråvarer, fett og ulike tilsettingsstoff. Prisen på dette er uavhengig av jordbruksavtalen, men styrt av verdsmarkedet og avgifter. For 2008 hadde desse elementa minst like stor prisstigning som auken i kornprisen pluss prisnedskrivninga. Difor vert det galt nå kraftforprisen under forhandlingane berre vert justert etter same øre-endring som kornprisen pluss/minis endring av prisnedskrivninga. Dette må leggjast om for komande forhandlingar og reelle auke i kraftforprisen må leggjast inn i kalkylane der det går fram kor mykje som må til for å kompensera ein auke i kraftforprisen.

## **Ulike virkemiddel i avtalen**

Rogaland Bondelag er oppteken av at det vert ei ballansert utvikling av dei ulike virkemidla. I hovudsak må virkemidla vera med å hevja det generelle inntektsnivået og dekkjer opp meirkostnadane det er med å driva mindre og mellomstore bruk og med å driva i distrikta.

Rogaland Bondelag har peikt på det før, men vil ta opp att situasjonen ang. første utbetaling av tilskot til nye brukarar. Ved oppstart i febr./mars vil det gå omlag eitt år før vedkomande får ei krone i overføringer. Ut frå den vanskelege situasjonen desse er i og knapphet på likvide midlar, er dette heilt urimeleg. For å retta på dette må det kunna takast i bruk ei eller anna ordning – t.d. at desse får eit a-kontobeløp på forskot etter ei manuell behandling av søknadane eller at nyoppstarta bønder får eit ekstra tilskot direkte.

## **Struktur- og distriktstillegg**

Hovuddelen av dei friske budsjettmidlane ein får, må nyttast til struktur- og distriktsretta tiltak for å sikra økonomien på mindre og mellomstore bruk som



Ei lydhøyrd forsamling av serbiske rettleiarar

I tilknyting til Jæren Produktutvikling sitt engasjement for serbiske bønder, vart organisasjonssjefen spurt om å vera med til Serbia for å delta på eit seminar der 26. og 27. juni for orientera om norsk landbrukspolitikk og gjennomføringa av den for rettleiarar der nede.

ikkje får same effekt av auke i málprisane slik større bruk får det. På den andre sida må vi ikkje stilla store og små bruk og ulike distrikt opp mot kvarandre. Vi treng dei alle og alle typar bruk må ha ei anstendig inntektsutvikling.

Innrettinga av desse tilskota må stå fast, klart størst tilskot til dei første einingane. Distriktstillegget for dei første 35 purkene må aukast. Det gir effekt til alle, men forholdsvis mest til dei minste besetningane.

Rogaland Bondelag vil rá til ei geografisk utviding av distriktstillegget for gris. Med avgrensinga ordninga har i dag, virkar det urimeleg for bønder i sør og nord i fylket. Ut frå det vil ein rá til at ordninga vert innføra i enkelte av kommunane i Nord-Rogaland, Ryfylke og i Dalane.

### Produksjonstilskot husdyr

Dagens produksjonstilskot for sau over eit år må endrast slik at normalt påsett av lam vert teke med. Det vil fremja utskiftinga av avlsdyr og dermed avlframgangen innan besetningen. Det kan gjerast ved at det opnast for t.d. 30 % påsett ut over talet på sau over eit år, får tilskot.

Tilskotet for kjeslakt bør starta ved 3,5 kg i staden for 5 kg. Dette for å gjera det meir attraktivt for geitemjølkprodusentane til å fora opp kjea til slakt i sta-

den for avliva dei rett etter fødsel. Då mottakarapparatet og gir signal om at dei helst vil ha dei rundt 3,5 kg og ikkje for store, er det ingen grunn til å ha innslagspunktet for slaktetilskotet på kje så høgt som i dag.

Maks produksjonstilskot pr bruk bør aukast minst tilsvarende det endringane i enkelte ordningar tilseier.

### Driftstillegg

Driftstillegga må aukast og målet med desse ordningane saman med dei andre tilskota, må vera at ein opprettheld eit aktivt landbruk over heile landet og at ein prioriterer bruk som har gardsdrifta som hovudyrke.

Rogaland Bondelag er positiv til at det vart opna for fleire driftstillegg pr bruk. I frå ulikt hald er det ytra ønske om å lempa på kravet om minst 50 % kjøttfeinnslag for å ha rett til eige driftstilskot. Etter fylkeslaget si vurdering må ein halda på dette kravet. Fylkeslaget er redd for at ei lemping her lett kan føra til misbruk og triksing noko landbruket ikkje vil vera tent med.

### AK-tillegget

Med grunnlag i sterkt behov for å bruka friske budsjettmidlar til styrking av mindre bruk og distrikta, går Rogaland Bondelag inn for at AK-tillegget vert ståande på det same som i dag. I frå ymse hald vert det ytra ønske om ei strukturdifferensiering av tilskotet. Aktuelle midlar til det bør heller brukast i andre ordningar som vil gi tilsvarende effekt på strukturen.

For fleire år sidan vart omrekningsfaktoren for kulturbete sett ned frå 0,7 til 0,6. For heile Vestlandet som er typiske beiteområde med mykje kul-

turbete, var dette svært urimeleg og det vart reagert sterkt då det vart gjort. Med utgangspunkt i ønske om å oppretthalda eit vakkert kulturlandskap og for å byggja opp under satsinga for ulike beitetiltak, vil vi be om at faktoren vert sett opp att til 0,7.

### Beiteretta tillegg

Rogaland Bondelag er positiv til den auka vektlegginga av tilskot til dyr på beite. Desse ordningane bør styrkast ut frå ønske om å oppretthalde eit velpleidd og vakkert kulturlandskap.

### RMP og SMIL-ordninga

Hovudelementa i desse ordningane er etter kvart vel aksepterte hjå bøndene. Styret ser det som viktig at ein gjennom desse ordningane kan leggja inn regionale element ein ser som viktige å ta vare på eller stimulera til lokalt. Ordningane må difor oppretthaldast, men styret går ikkje inn for å auka beløpet som skal nyttast til desse to tiltaka. Eventuell styrking av tiltaka må i tilfelle koma frå Miljøverndepartementet og særleg nå det gjeld offentleg pålagde tiltak som fører til kostnad og ulempe for bonden.

### Frakttilstoksordningane

Rogaland Bondelag ser positivt på auken i frakttilstokta ein fekk gjennom avtalen i 2008, men det var ikkje nok. **Tiltaka må få eit skikkeleg løft i år.** Dette gjeld først og fremst innfrakt- og mellomfraktordningane, stedsfraktordninga for kraftfor og frakttilstokta av for til pelsdyrnaeringa. Ved overgang til ny marknadsordning der samvirke fortsatt skal ha mottaksplikt, er det heilt påkrevd og avgjerande at innfraktstilskotet vert auka slik at det dekkjer dei

samla fraktkostnadane. Dette gjeld og for den grøne sektoren. Slik ordninga er i dag må bonden sjølv eller mottakaren dekka ein vesentleg del av meirkostnadane med å frakter varer frå distrikta og inn til anlegg for vidare behandling. Også for stedsfraktordninga for kraftfor er det store skeivheter ute og går. Dette må det rettast opp i.

Med grunnlag i ovannemnde signal, den generelt store kostnadsauken ein har hatt i transportsektoren og at fraktkostordningane vil få utvida verdi ved innføring av ny marknadsordning for enkelte produksjonar, bør avtalepartane gå grundig gjennom dei ulike ordningane for å få ei meir rettferdig ordning. Gjennomgangen må gjennomførast ut frå målsettinga om å ha eit landbruk over heile landet.

## Kvoteordninga for mjølkeproduksjonen

Kvoteordningane må oppretthaldast som i dag. Kvotetak for mjølk pr enkeltbruk og for samdrifter, må stå fast.

Sal og kjøp av mjølkekvote tappar næringa for mykje kapital. Ein kapital den som kjøper sårt treng sjølv til nyinvesteringar i bruket sitt. Denne kapitalen pluss leigeavgift for mjølk, går i stor grad ut av næringa. I ei tid med eit generelt stort kapitalbehov i næringa og spesielt hjá dei som vil tileigna seg ny kvote eller leigar kvote, er dette opplegget noko motstridande. Det bør jobbast med å sjå om ein kan endra dette.

Ang. kvoteleige krev styret at avtalepartane gjennom årets forhandlingsrunde, rettar opp det som vart gjort i fjar og opnar opp for at enkeltbruk tilknytta samdrifter, også får høve til å leiga kvote opp til taket på 400.000 liter.

Ved kjøp og sal av geitemjølkkvotar bør partane sjá på soneinndelinga på nytt slik at ein sikrar anlegg som behandler geitemjølk, får nok råstoff og kan oppretthalda eit fagmiljø.

Kjøp av mjølkekvote må kunna utføystast.

## Samdrifter

Rogaland Bondelag vil sterkt rá til at rammevilkåra for samdrifter vert haldne stabile for å gi samdriftene og enkeltbøndene i samdriftene, forutsigbare rammevilkår. Etablering av samdrifter har stagnert noko etter at ordninga med kvoteleige vart innført.

Opplegg med samdrift har mange positive element i seg og må fortsatt kunna vera ein aktuell og akseptert driftsform.

Etablering av samdrifter er for enkelte også ein måte til å oppretthalda mjølkeproduksjonen i distrikta og for å få meir ordna ferie og fritid.

Erfaringar mange har gjort seg er at det fort kan oppstå uventa og vanskelege problem mellom partane i ei samdrift. Ut frå desse elementa og etter ei totalvurdering, vil Rogaland Bondelag halda på at **sjølveigarbonden** med eit driftsopplegg der bonden sjølv er eigar og drivar, fortsatt må vera **hovudforma innan norsk landbruket**. Økonomien i dei einskilde produksjonane må difor utvikla seg slik at det let seg gjera.

Skal det opnast for samdriftsformer for andre produksjonar, må vi ta lærdom av erfaringane vi har gjort innan mjølkeproduksjonen. Fylkesstyret er avventande til ei generell opning for samdriftsløysingar i andre produksjonar.

## Mjølkeproduksjonen

Mjølkeproduksjonen er den tyngste og viktigaste produksjonen innan norsk landbruket. Difor er det svært viktig å oppretthalda ein god økonomi i denne produksjonen skal ein oppretthalda målsetninga om eit landbruk over heile landet. Sauehaldet er og viktig for bygdene, men produksjonen er ikkje stor nok for å oppretthalda landbruket i bygdene. Difor er det viktig og avgjerande for heile næringa, men spesielt for distriktsjordbruks, at ein opprettheld eit inntektsnivå i mjølkeproduksjonen som fortsatt gjer det interessant å driva med mjølk over heile landet. Den dramatiske nedgangen ein har sett i enkelte bygder i fylket og andre distrikt, fortel at ein er inne i ei uheldig og faretruande utvikling med for svak lønnsemid i mjølkeproduksjonen. Denne utvikling må vi snu i årets avtale.

## Kjøttproduksjon

Både gjennom prisløypa for produksjonen og via tilskotsordningane må ein stimulera til kvalitetsproduksjon.

## Storfekkjøtt

Rogaland Bondelag vil ut frå dei gode erfaringane ein har med tillegget på lammekjøtt, føreslå innføring av eit slaktedyrtillegg på kr 500,- til slaktegruppa ung okse, kastrat og kvige og innafor gitte kvalitetskriteria.

## Sauenhald

Satsinga av sauenhaldet dei par siste jordbruksforhandlingane, har slått posi-

tivt ut og ein får positive tilbakemeldingar frå sauebøndene. Det har stimulert til auka fokus på kvalitet som gir betre økonomi til bonden. Etter Rogaland Bondelag si vurdering har opprettinga av lammekjøtt-tillegget og meir vektlegging på sauens som kulturlandskapsplateiar vore positivt. Desse ordningane må oppretthalda og satsast meir på.

## Gris og fjørfekjøtt

Det viktigaste tiltaket for desse produksjonane i år er å redusera kraftforprisen med ein klar auke i prisnedskrivninga av norsk korn til kraftfor. Dette vil redusera ekstrakostnadane desse produksjonane har vorte belasta med siste året. Konsesjonsgrensa for begge produksjonane må stå fast.

## Egg

Også her må konsesjonsgrensa stå fast. Problemet næringa står overfor med utgangspunkt i kravet om nye holdreglar frå 2012 må tas på alvor og næringa må få hjelp til å gjennomføra desse offentleg pålagde krava. Tida fram til dette kravet trer i kraft er kort og produksjonen må koma i ei særstilling og få tildelt ein omstillingsspakke og då med utgangspunkt i at landbruket får si eiga "krisepakke" og med det tildelt ekstra investeringsmidlar som også må gjelda for Rogaland. Dette må til for å unngå overproduksjon før 2012 og manko på egg etter 1.1.2012.

## Korn/kraftforpolitikken

Denne delen av norsk landbrukspolitikk vert etterkvart meir og meir viktig for framtida for norsk landbruk og er i stor grad med og styrer kostnadsutviklinga for norsk landbruk – ved sida av gjødselprisane. Difor ser Rogaland Bondelag det som heilt avgjerande at det i årets jordbruksavtale vert ein vesentleg auke i prisnedskrivninga av norsk korn til kraftfor.

**Rogaland Bondelag vil elles sterkt presisera at det må vera kornproduksjonen som tilpasser seg husdyrhaldet sine behov og ikkje slik det er i dag at det er husdyrhaldet som må tilpassa seg det kornprodusentane produserer.** Ut frå denne vurderinga er det og viktig at oppgjerdet til kornprodusenten må basera seg på kvaliteten på kornet har leverer slik det og er for andre varer. Proteininnhaldet må vektleggjast sterkt, likeeins må ein ta utgangspunkt i innhaldet av mykotoksiner og det samla energiinnhaldet i kornet. Har mottaka-

ranlegga for korn ikkje utstyr for slik gradering må det verta eit krav til ei slik installering. Det bør og vurderast å innføra ein eigen klasse - energikorn – korn som har så dåleg kvalitet at det ikkje bør nyttast til mat eller for, men til produksjon av energi.

Ein bør og stimulera til dyrking av proteinrike vekstar.

### Marknadsordninga for korn

Rogaland Bondelag vil sterkt beklaga at marknadsordninga for korn ikkje fungerer slik den skal. Her må den ansvarlege for gjennomføringa av marknadsordninga – Norske Felleskjøp – få klare retningslinjer frå avtalepartane som fastset ordninga. Dessutan er det nødvendig behov for justering av ordninga slik at den tek høgde for at den og skal fungera i periodar der korn frå utlandet er dyrare enn norskprodusert korn. Om det neppe vil oppstå særleg ofte, må ordninga vera tilpassa ein slik situasjon. Næringa er ikkje tent med slik ordninga har fungert dei par siste åre og det må vera viktig at det er næringa sjølv som har hand om marknadsordningane.

### Prisnedskriving av korn til norsk kraftfôr

Ut frå ulike vurderingar som er nemnde elles i uttalen, vil Rogaland Bondelag sterkt rå til at prisnedskrivinga vert auka med 35 - 40 øre pr kg. Det vil redusera kostnadane innan husdyrhaldet vesentleg og det vil i klart omfang vera med å oppretthalda den vedtekne kanaliseringspolitikken. Ut frå det reduserte omfanget prisnedskrivinga har i dag, ligg det nær at heimemaling av korn er lønnsamt. Skjer det slik vi alt ser tendensar til, rokerer det både fort og sterkt med grunnleggjande vedtekne element i norsk landbrukspolitikk. Tilskotet sikrar og likeverdige vilkår for husdyrproduksjonen i og utafor kornområda.

Prisnedskrivingstilskotet reduserer engrosprisen på norsk korn og reduserer med det også behovet for toll på andre råvarer til kraftforproduksjonen. Tollsatsane vert fastsett med utgangspunkt i målprisen på norsk korn. Målprisen vert tillagt omsetningskostnadane og fråtrekt prisnedskrivingstilskotet for å koma fram til norsk engrospris. Differansen mellom engrosprisen og verdsmarknadsprisen vert i prinsippet tollsatsen. Ut frå dette har auke i prisnedskrivinga og effekt gjennom re-



Utsendingane frå Rogaland under Norges Bondelag sitt årsmøte 10. – 12. juni i Bodø.

dusert toll. Rundt rekna vil 1 krone til prisnedskrivinga gi landbruket 1 kr og 50 øre tilbake.

### Grøntproduksjonen

Styret viser til utvalet sin uttale og støtar opp om den. Styret vil understreka kor viktig det er at næringa får ei betre løysing på tilgangen av godkjende plantevernmiddel. Forbruket av slike middel er svært liten, men ei fjerning av lovlege middel set næringa i ein svært vanskeleg situasjon. Eit godt og sikkert tollvern er og viktig for grøntsektoren så vel for dei flest andre produksjonane innan landbruket.

### Økologisk produksjon

Styret viser her til Bondelaget si eiga utredning som er ute til høyring i organisasjonen. For meir utfyllande svar viser ein til uttalen i den saka lenger bak i årsmelding, men hovudpunktta i Rogaland Bondelag sine konklusjonar ved drøfting av den er:

- Ved omlegging må det leggjast større vekt på heile gardens ressursar og høve til økologisk drift slik som agro-nomiske og driftmessige forhold og motivasjonen hjå bonden for omlegging.
- Ein del av tilskota som i dag går til økologisk produksjon, bør tildelast ut frå levert mengde varer og ikkje berre ut frå areal.
- Meirkostnadane ved økologisk drift vert i dag kompensert med tilskot og auka pris i markedet. Styret er skeptisk til å auke tilskotssatsane ennå meir i forhold til konvensjonell drift.

Ein større del av inntekta bør kunna tas ut av markedet.

- Prisnedskrivingstilskotet på korn til økologisk kraftfôr må og aukast.

### Pelsdyrnæring

Pelsdyrnæringa i fylket har hatt ei positiv utvikling dei siste åra. Næringa har fleire odds mot seg, men likevel har ho mange positive element i seg slik at næringa fortsatt må vera ein del av landbruket. Det må vera ein felles jobb for heile næringa. Det vil vera eit klart tap for Norge om pelsdyrnæringa vert avvikla.

Rundt 80 % av pelsdyrnæringa ligg i næringssvake område. Difor er det viktig at fraktttilskotet på pelsdyrfor vert oppretthalden minst på dagens nivå slik at næringa også framover kan vera ein distriktsrettet produksjon. Pelsdyrnæringa må vidare få sin rettmessige del av BU-midlane. Næringa står overfor store utfordringar knytta til krav ang. dyrevelferd. Det må vidare arbeidast aktivt for at næringa får ha burforskrifter som er å leva med.

### Birøkt og honningproduksjon

I frå fleire lokallag, men og frå Rogaland Birøkterlag er det kome innspel med sterkt oppmoding om å bruka midlar over jordbruksavtalen til å styrka næringa. Rogaland Bondelag støtar oppmodinga og ber om at det vert brukt midlar over avtalen til å styrka den profesjonelle og næringsmessige honningproduksjonen i landet gjennom eit tilskot pr bikube eller eit tilskot pr kr produsert honning.

## Velferdsordningane

For unge bønder er gode og stabile velferdsordningar viktige faktorar for at dei vil velja å gå inn i næringa. Samtidig er mangel på ferie og fritid ein faktor som gjer at mange vel å gå ut av næringa.

Maks beløp til avløsing ved ferie og fritid må hevjest til 65.000 kr pr føretak og avløsing ved sjukdom til kr 1250 kr pr dag. Bøndene må vidare få refundert avløysarutgiftene raskare enn opplegget er i dag. Det bør m.a. kunna utbetalast eit a-konto beløp på t.d. 50 % av maks beløp for året ca 1. august. Resten av tilskotet bruket har rett på, må betalast ut etter søknad 20. januar året etterpå. Ei raskare refusjonsordning av midlane ved sjukeavløsing må og gjennomførast. Samdriftspartnarar må kunna nytast ved sjukeavløsing og få refusjon for det.

Veksthusproduksjonen er i dag ein heilårsproduksjon og må difor koma med i avløysarordninga for ferie og fritid.

Ved sjukeavløsing er det stor usikkerhet ute hjá bøndene om kva som gjeld og det er vanskeleg å få tilfredsstillande svar både frå landbrukssetaten i fylket, men også hjá NAV når deira regelverk trer inn. Ut frå dette vil vi oppmoda Norges Bondelag og/eller avtalepartane om å gå gjennom opplegget og få klart fram korleis ordninga skal fungera i praksis. I samråd med avtalepartane må SLF fastsetja retningslinjer for praktiseringa av ordninga og nødvendig samordning med NAV. Rett til avløsing når barn i brukarfamilien vert sjuke, må og vurderast i denne samanhengen. Generelt ser ein det og slik at ordningar til NAV må fungera likt overfor bønder som for andre grupper.

Tilskotet over jordbruksavtalen til Landbruks HMs-teneste må oppretthaldast.

## Førtidspensjonsordninga

Tidlegpensjonsordninga må oppretthaldast som i dag. Ein bør vurdera om pensjonsbeløpet bør G-regulerast slik at dei som nyttar seg av ordninga får den same inntektsutviklinga som stort sett elles er i samfunnet.

Eit av krava i regelverket for ordninga er at vedkomande må selja garden og ikkje ha anna næringseigedom. Det er rett, men når denne regelen og vert knytta opp mot små egedommar som er eit resultat av eit arveoppgjerd, slår det utheldig ut. Her i fylket har vi til-



Frå leiarmøtet i Østfold. Arna Høyland, leiar i Rogaland Bondelag, Per Gunnar Skorge, generalsekretær i Norges Bondelag og Bjørn Gimming, leiar i Østfold Bondelag.

**felle** der gardbrukaren har fått avslag på ordninga fordi eit av ektefellene har ein mindre del i ein mindre gard/ferieplass som er eit resultat av eit arveoppgjerd. Bruket dei eig ein del av har ikkje betydd noko ting for næringsdrifta på bruket dei har drive og selt til neste generasjon. Dette er og føles klart urimeleg og Rogaland Bondelag kan ikkje forstå at dette kan vera etter intensjonen med ordninga. Styret vil ber om at dette vert endra.

## Investeringstiltak

### BU-ordninga

Med aukande kapitalslit i landbrukssetaten og behov for nye store investeringar i heile landbrukssetaten delvis og på grunn av offentlege pålegg, må tilgangen på investeringsvirkemiddel aukast vesentleg. Den totale ramma til tradisjonelt landbruk i BU-ordninga må aukast kraftig og gjennom det må Rogaland få auka si ramme vesentleg for at ein skal koma opp mot det behovet vi har ut frå produksjonsomfanget i fylket.

Primært må landbrukssetaten arbeida for at næringa gjennom desse forhandlingane, får til ei eiga "krisepakke" slik andre næringar fekk del i gjennom krisepakka regjeringa la fram i slutten av januar 2009. Rogaland Bondelag støttar opp om brevet Norges Bondelag sende regjeringa før jul 2008. Det må arbeidast aktivt for å få til ei omfattande investeringsramme og utafor avtaleplanen.

Ved vurdering og tildeling av investeringsstøtte må heile bruket vurderast som ei eining og ikkje berre prosjektet det er søkt om midlar til. Også framover

må det vera dei mellomstore brukarar som skal vera grunnstammen i det landbrukssetaten vi vil ha. For mjølkeproduksjonen må difor praksisen ved tildelinga av midlar endrast kraftig. Bankane og andre finansieringskjelder krev at det ved nybygg skal vera sikra lønnsam drift på bruket etterpå. Det er forstääleg, men det viser seg at ein då oftast må opp i 50 – 60 kyr og helst fleire, skal dei finna det økonomisk interessant å gå inn med lån. Rogaland Bondelag er svært bekymra for denne utviklinga. Ein driftsstorleik tilpassa eit bruk med 25 – 35 kyr må vera eit produksjonsomfang ein bør kunna satsa på ved einsidig mjølkeproduksjon. Lønnsomma i mjølkeproduksjonen må vera så god at den tillet investeringar for ein slik moderat storleik. Strukturutviklinga går fort noko innan næringa. Stor interesse for prosjektet Folkefjøset viser at det er mange enkeltbønder som ønskjer å satsa på utbetring av fjøset sitt til rundt 30 kyr. Dette er positivt og ein må ikkje undergrave dette engasjementet.

Grøfting av jordbruksareal er eit forsømt område og bør stimulerast til. Difor bør det innan BU-ordninga opnast for å kunna gi tilskot og lån ut frå godkjente grøfteplanar.

## Rentestøtta

Ordninga med rentestøtte ved lån må endrast slik at lånetakarane får hjelpe til å dekka ein større del av rentene ved investeringane dei første åra - t.d. 5 første åra – i staden for nå at dei får det delt ut over 15 år. Dette vil hjelpe lånetakarane ved oppstarta og i dei vanskelegaste åra etterpå.

## **Skatt og avgifter**

Rogaland Bondelag er positiv til jordbruksfrådraget, men stiller spørsmål ved om ordninga treff målgruppa tilfredsstilande. Ein stor del av bøndene - særleg dei unge - har for lita inntekt til at dei får full utteling for landbruksfrådraget. Dette er beklageleg og det vert ofte påpeika at det har ein langt mindre effekt enn det berekningane viser og då særleg for dei som burde fått full effekt av det. Rogaland Bondelag har ikkje noko løysing på det, men ein vil likevel peika på problemstillinga og utfordra kompetansen innan Norges Bondelag til å sjá nærmare på om dette kan gjerast på ein annan måte. Ei omlegging må likevel ikkje svekka grunnlaget for sjukelønnsordninga og utrekninga av pensjonspoenga.

## **Andre skatte- og avgiftsordningar ein bør sjå på:**

- Auka avskriving på driftsapparat – særleg bygningar
- Avgift på plantevernmiddel må i sin heilhet førast tilbake til næringa i form av forsking og anna utprøving.
- Høve til fondsavsetninger til seinare investeringar. Bankane krev større eigenkapital ved større investeringar.
- Kostnadane med kjøttskontrollen og andre oppdrag Mattilsynet utfører, må i sin heilhet verta dekka over statsbudsjettet.
- Lågare avgift på rein urea brukt i kraftforblandingane
- Det bør opnast for ei BSU-ordning for personar som planlegg å overta eit gardsbruk .

## **Næringsutvikling**

Landbruksbasert næringsutvikling er viktig. Samtidig som ein bør ta utgangspunkt i alle ressursane på garden, må ein også vera seg for å "gapa" for vidt. Det er signal frå lokallaga om at organisasjonen ikkje bør engasjera seg for sterkt innan denne sektoren og engasjementet må ikkje gå på bekostning av tiltak retta mot det tradisjonelle landbruket. Tiltak som går mot fritidssysler/hobbyverksamhet bør ein vera varsam å gi økonomisk støtte til.

## **Klima og energi/miljø**

Landbruket må vera ei offensiv kraft og ressurs til å finna gode løysingar overfor dei klimautfordringane ein har. Ut frå det er Rogaland Bondelag klart innstilt på at næringa i fellesskap og det enkelte bruket, bør gjera sitt for å redusera ut-

slepp av klimagassar og CO<sub>2</sub>. Ein ser svært positiv på initiativet til Norges Bondelag om å få ein betre oversikt og innblikk i desse utfordringane. Klima er eit nasjonalt ansvar og difor må det og for tiltak retta mot landbruket, ytast midlar også frå andre departement.

## **Morsa-prosjektet og Aksjon Jærvassdrag**

Dette er to prosjekt som ofte vert sett i samanheng, men når det gjeld bevilgning av midlar til gjennomføring av nødvendige og viktige tiltak innafor områda, føler ein klart ei urettferdig behandling sett frå Aksjon Jærvassdrag si

side. Morsaprojektet har fått klart meir midlar. Dei har og 1 mill. kr av avsett til Informasjon og utviklingstiltak medan Jærvassdraget ikkje fekk noko. Vi har og merka oss at Morsa-prosjektet under jordbruksavtalen i 2008 fekk mykje øyremerka midlar via utvida RMP-rammer både for Akershus og Østfold. Aksjon Jærvassdrag er viktig for Jæren og Rogaland. Mykje er alt oppnådd, men det trengst meir midlar for å nå målsetninga om reine vassdrag på Jæren. Ut frå dette vil Rogaland Bondelag på det sterkeste be om at desse to prosjekta vert likestilte ved tildeling av midlar.

**TERRA**

**“Dæ va edane, dette”**

[Jærsk uttrykk, spekfullt brukt av kunder når vi har gitt dem et gunstig tilbud]

Telefon 51 78 96 00.  
[www.klepp-sparebank.no](http://www.klepp-sparebank.no)

**KLEPP SPAREBANK**  
Enkelt og greitt

# Den grøne sektoren i Rogaland

Som grunnlag for utforminga av utvalet sin uttale til jordbruksforhandlinga førelåg:

- Norges Bondelag sitt grunnlagsmateriale for grøntsektoren – 2009
- Innkomne fråsegn frå Rogaland Fruktdyrkarlag og Gartnerhallen Rogaland
- Innspel og diskusjon under møtet utvalet inviterte til.

## Utvalets sin uttale

Til liks med heile landbruksnæringa treng også den grøne sektoren eit løft ved årets jordbruksoppgjerd. Kostnadsauken siste året har i stor grad spist opp tillegga ein fekk i fjor og det er viktig at sektoren ikkje vert liggjande etter i den økonomiske utviklinga. Utvalet peika og på at ein gjennom utforminga og styrkinga av ulike tiltak må ein prioritera gartnarar/bruk som hentar hovuddelen av inntekta si frå produksjonen.

Utvalets prioriterte følgjande tema:

- Eit fortsatt sterkt tollvern
- Fraktordningar og særleg innfrakt
- Velferdsordningane generelt og at veksthusnæringa må koma inn under avløysarordninga

## Tollvernet

For heile den grøne sektoren og særleg for veksthusnæringa, er tollvernet det klart viktigaste virkemiddelet. Norges Bondelag må fortsatt arbeida hardt for å oppretthalda eit best mogleg tollvern for alle produksjonar innan sektoren. Tolla er alt låg for desse produkta og det er lite å gå på før ein tapar i konkurransen med utanlandske varer. Det er og eit stort press for å opna for import av dei fleste vareslagene innan sektoren. Tollvernet er på mange måtar ein kompensasjon for meirkostnadane vi har med mindre driftseininger og eit kaldare klima. Eit redusert tollvern for den grøne sektoren vil såleis få katastrofale verknadar for heile næringa her til lands. Verdien av at grøntsektoren har eit godt tollvern betyr klart meir enn dei andre næringsspolitiske elementa som er nemnde nedafor.

Utvalets peika særleg på problemet for tomatproduksjonen ang. tidspunktet når tolltillegget slår inn 10. mai. Enkelte grossistar har gjennom fleire år føreteke

for stor import av tomat rett i forkant av at tollperioden trer i kraft. Det må vera eit klart mål å fjerna dette høve til spekulasjonselementet. Dette har ført til for stor import som pressar prisene på den norske tomaten i fleire veker etterpå. Utvalet ber Norges Bondelag om å gjera noko med dette. Aktuelt tiltak er å flytta tida for den norske perioden fram eit par veker slik at tolla trer i kraft nokre veker tidlegare på våren. Med ei forskyving av tidspunktet for tollinnslaget, vil det vera lettare å få ein grei pris i mai og sikra betre pris på norsk tomat gjennom heile mai. Nye sortar som vert tekne i bruk nå har lengre lagringstid slik at problemet vil kunna verta større framover. Den første produksjonen er kostbar – store fyringskostnadar. Difor er det svært uheldig når stor import først i mai presser prisane gjennom heile mai månad. Tidlegare hadde ein ein glidande overgang. Det bør vurderast på nytt.

## Målprisen

Utvalets ser det som viktig at det vert teke mest mogleg inntekt ut av markedet, men det må ikkje forhindra at det vert brukt meir friske budsjettmidlar til struktur- og distriktsretta tiltak ut i frå eit klart ønske om å oppretthalda distriktsproduksjonen innan den grøne sektoren. Ein må unngå ei utvikling der ein får nokre få store industrigartneri som dekker størstedelen av produksjonen, konsentrert nær dei store byane.

Utvalets går inn for at målprisane får ein moderat auke i år, men at det økonomiske løftet næringa treng kjem via ulike tiltak for å dekka opp den generelle kostnadsstiginga. For enkelte produksjonar er det vilje hjå forbrukarane til å betala meir for norske varer. Det bør ein nyta. Det er vidare viktig at ein tek ut maks pris i periodar då markedet gir opning for det. Fordelinga av auken mellom dei ulike produksjonane vil ein overlata til SLF. Varer som toler auke i målprisen må prioriterast.

Utvalets er dessutan oppteken av at produsenten får mest mogleg jamne prisar gjennom lagringsperioden av varene – unnatak for tidlegproduksjonar. Ei viss godtgjersle for lagring og svinn bør liggja inne i priskurva. Ut over det vil ei stabil priskurve vera meir forutsig-

bart for bonden og vera stabiliserande for produksjonen.

Ein vil og sterkt oppmoda til at det frå ulikt hald - også frå Norges Bondelag si side - vert arbeidd aktivt for å byggja opp eit felles merkevarer for norskproduserte grønsaker.

## Areal- og kulturlandskapstillegget

Utvalets går inn for at det generelle kulturlandskapstillegget vert oppretthalde. For potet bør AK-tillegget for sone 1 – 5 aukast frå 50 kr til 100 kr og over tid koma opp på det same nivået som for korn i dei ulike sonene. For frukt og bær må dekarsatsen aukast og arealintervallet bør aukast til 50 dekar. For grønsaker bør arealgrensa aukast til 100 dekar. Kronesatsen pr dekar bør aukast med ca 20 % for alle produksjonane.

## Distrikts- og kvalitetstilskot

Maks produksjon det vert gitt tilskot til pr bruk av dei ulike produksjonane, har stått heller stilt i lengre tid. Då dei vart fastsette anga det produksjonsomfanget på gjennomsnittsbruket. Ut frå utviklinga dei siste 10 – 15 åra bør difor produksjonen pr bruk som får tilskot, aukast for å treffa nokolunde produksjonen til middels/mellomstore bruk i dag.

Utvalets ser positivt på dei justeringane som vart gjort innan denne ordninga under forhandlingane våren 2008, men vil rá til at produksjonsvolum og areal innafor ordninga vert auka noko også i åra framover for å treffa gjennomsnittsproduksjonen betre for dei ulike produksjonane.

For 2009 vil utvalet rá til at ein justerer opp kronesatsane pr kg/stk med ca 20 % og endrar maks-beløpa for di ulike sonene i forhold til det.

Ein rår vidare til at det er berre varer som vert omsett gjennom godkjende grossistar eller anna organisert og kontrollerbart varesal, som skal leggjast til grunn for utbetaling av tilskotet.

## Fraktutjamningsordningar

Utvalets ser det som svært viktig å oppretthalda den distriktsvise produksjonen innan grøntsektoren. Difor ser utvalet det som svært viktig at det også for denne sektoren er gode fraktutjamningsordningar – særleg for frakt frå

produsent til pakkeri/grossist. Det er urimeleg at det er produsentane sjølv som må dekkja transportkostnadane ved busetnad og drift ute i distriktet. Desse ordningane må difor prioriterast.

### Økologisk landbruk

Utalet ser det som rett at norsk landbruk inkludert grøntsektoren, dekker opp etterspørseren av økologisk produserte varer. På sikt må størstedelen av meirkostnadene med produksjon av økologisk varer – m.a. mindre avling og behov for større areal - verta dekka opp med høgare priser i markedet.

### Tilskot til kvalitets- og salsfremjande tiltak

Dei ulike tiltaka under ordninga er alle viktige og bør få ein generell auke.

### Utvikling av friske plantemateriale

Generelt vert det etterlyst ei større satsing på utvikling av friskt plantemateriell. Utalet ser det difor som viktig at posten vert ståande og at den gjerne vert styrka. Med presset ein har innan produksjonen og kravet til friskt plantematerial, er det viktig at ein har ein aktiv forsking på området.

### Midlar til investeringstiltak

Landbruket har generelt stort behov for midlar til investeringar og utvikling av driftsapparatet sitt. Den grøne sektoren må få tildelt sin rettmessige del av desse midlane både i dei einskilde fylka, men og av dei sentralt fordelte midlane.

### Skadefondet for landbruksproduksjon

Utalet meiner det er viktig at ordninga vert oppretthalde. Maksimal eigendel bør vera like for ulike produksjonar og bør ikkje overstiga 100.000 kr. Går det galt på større bruk er maksbeløpet for erstatning pr bruk klart forliten. Totalt må potten vera stor nok til at alle som er beretta tilskot, får den erstatninga dei skal ha etter regelverket, sjølv om det totale skadeomfanget eit år skulle verta stort. Då må ein kunna føreta tilleggsbevilgningar.

I tilfella skaden skuldast nye sjukdommar/skadedyr som ikkje er nemnd i regelverket, bør det vera opning i ordninga slik at ho og gjeld i slike tilfelle.



Tomatproduksjonen er viktig for Rogaland. Ståle Runestad, Fogn i veksthuset sitt. Han er leiar i Rogaland Bondelag sitt Grøntutval og medlem i Norges Bondelag sitt Grøntutvalg.

### Opplysningsarbeidet om frukt og grønsaker

Denne ordninga må oppretthaldast og gjerne aukast frå 7,5 mill kr i dag til ca 10 mill kr. Utalet ser på desse midlane som vel anvende midlar.

### Energi i veksthussektoren

Utalet er oppteken av desse kostnadane og det må arbeidast aktivt for å halda dei nede. Viktig er det og at fritaket for el-avgift vert oppretthalde.

### Tilskot til forsøksringane

Forsking og rettleiing er viktig for ein sterk fagleg krevjande produksjon med små marginar. Skal produksjonen lukkast er det viktig at det er fagleg dyktige rettleiarar i nærmiljøet som kan følgja opp overfor kvar einskild produsent. Fleire forsøksringar slit med økonomien og må bruka ein for stor del av tida si til å skaffa seg økonomisk grunnlag utanom å driva rettleiing. Ramma til forsøksringane bør difor aukast vesentleg og då særleg til fagringer knytta opp mot forsøk og rettleiing innan spesialproduksjonar der det er få produsent spreidd over store deler av landet. Døme her er forsøksringen for veksthus og pyntegrønt.

### Utgang av plantevernmiddele (Sjá uttale lenger bak i årsmeldinga.)

### Velferdsordningane

Dei må oppretthaldast. Utalet vil på nytt føreslå at veksthusnæringa kjem

inn under ordninga for avløysing til ferie og fritid. Vekstsesongen innan veksthusnæringa omfattar jamt over heile året. Det er såleis ikkje noko pause i drifta og særleg ikkje for dei som i tillegg til vanleg produksjon også har småplanteoppal. Utalet ser ikkje noko grunn for at veksthusnæringa skal haldest utafor ordninga og vil difor sterkt rá til at veksthusnæringa vert teke med i ordninga heile året.

At veksthusnæringa kjem inn under avløysarordninga er og svært viktig for rekrutteringa til næringa. Veksthusnæringa er krevjande og må ha kontinuerleg tilsyn i like stor grad som i husdyrhaldet.

Det er akseptert at det vert nytta ein del utalandsk arbeidskraft innan grøntsektoren. I frå gartnarane si side vert det lagt vekt på at ein skal halda seg innafor regelverk for innleidd arbeidskraft. Ut frå dei særprega arbeidstoppane enkelte produksjonar har, burde det vere opning i regelverket for at innleidd arbeidskraft kunne utføra ein større samla arbeidsinnsats innan kortare periodar på 2 – 3 veker.

# Landbruk på dagsordenen 2009

## Aktivitetar føre jordbruksforhandlingane og stortingsvalet

Norges Bondelag oppretta eit prosjekt **Landbruk på dagsordenen** som skulle planleggja og setja i verk tiltak framføre jordbruksforhandlingane og stortingsvalet i 2009. Årsaka for å oppretta eit eige prosjekt var å få eit dagleg trykk i organisasjonen på dei to viktige landbrukspolitiske hendingane i løpet av året. Organisasjonssjefen i Hordaland Lars Petter Taule, vart utpeika til prosjektleiar, og fylkeskontoret arbeidde etter måla som prosjektet la opp til.

Motto for arbeidet som og skulle gå igjen som ein rød tråd i alle aktivitetar var **"Kjærleik til norsk mat"**.

### Aktivitetar som var planlagt sentralt, men gjennomført lokalt:

- Det vart utarbeida eit opprop med tittelen "Kjærleik til norsk mat" som skulle underteiknast av flest mogleg, i første runde profilerte personar som ville gi medieomtale. I Rogaland vart oppropet underteikna av 20 personar - ordførarar, personar frå næringssliv og andre. Det var gode oppslag i lokalavisene når ordføraren tok imot det lokale bondelaget for å skriva under appellen.
- 21. april var den store landsomfattande aksjonsdag i Bondelaget. Avisa "Mat-Nyttig" vart delt ut, og det vart god mediedekking på aktivitetten. Tilbake-



Frå utdelinga av avis MatNyttig i Stavanger 21. april

meldingane frå dei som delte ut avis, var at dei vart stort sett godt mottekte og at det var eit godt tiltak. 15 lokallag organiserte utdeling av avis.

### Aktivitetar som vart planlagt av fylkeslaget og lokallaga føre jordbruksforhandlingane:

- 28. januar hadde leiaren i Rogaland Bondelag møte med Regional- og kulturutvalet i fylkeskommunen.

- 20. april arrangerte fylkeslaget i samarbeid med oldermann Hans Dahl Ørstad i Kokkemesterlauget Rogaland fagdag for kokkeelevar frå dei vidaregåande skulane i Rogaland som har kokkelinje. Alle skulane i fylket med dette fagtilbodet deltok. Elevane vart vist rundt og fekk god orientering av bønder som leverer gode råstoff, og fekk sjå inne i fjøs, drivhus og hønehus. Dei som vart besøkt var: Jofrid Torland Mjåteit, Nærø som produserer storfekkjøt og mjølk, Kåre Wiig, Orre som produserer tomat og andre grønsaker og Oddmund Wiig, Orre som har eggproduksjon. Om ettermiddagen var det opplegg på Jåttå vidaregåande skule der elevar og lærarar lage ein flott tirettars buffé middag med lokale råvarer til inviterte gjester. VM kokk Charles Tjessem deltok heile dagen som inspirator og med fagleg innputt. Gode tilbakemeldingar generelt, men media var ikkje interesserte. Bondevennen var derimot med på heile opplegget.

- Stortingsrepresentant Hallgeir Langeland var bonde for ein dag hjå medlem i fylkesstyret Per Inge Egelund. Ordføraren i Hjelmeland kom og på besøkte. Godt medieoppslag.
- Lokallaga i Klepp, Time og Hå inviterte ordførarane kommunane og



Nokre av stortingskandidatane i fjøset til Kjetil Nilsen, Randaberg. Frå høgre: Tore Nordtun, Siri A. Meling, Gunnar Kvassheim, Hallgeir Langeland (noko gøynd) og bonden sjølv Kjetil Nilsen.

andre til middagslag i lag med kokken Heine Grov. Det vart også fokusert på verdiskapinga som landbruket bidreg til i kommunane på Jæren. Heine Grov vart heidra for sitt arbeid med å profilera lokale råstoff og det jærske kjøkken av fylkesleiaren. God mediedekking.

#### Aktivitetar som vart planlagt av fylkeslag og lokallag før Stortingsvalet:

- Alle fylkesutsendingane til landsmøta i dei politiske partia fekk brosjyren "Ti landbrukspolitiske utfordringar for Stortingsperioden 2009 – 2013".
- Det vart arrangert politiske debattmøte med stortingskandidatar:
  - Måndag 16. mars arrangerte Randaberg og Stavanger Bondelag landbrukspolitisk møte på Randaberg. Alle politiske parti deltok. Godt oppmøte. Leiar i Norges Bondelag Pål Haugstad deltok. Jostein Frøyland var møteleiar
  - Fredag 28. august arrangerte bondelaga på Jæren landbrukspolitisk møte i samband med Jærmesså. Ordstyrar var sjefredaktør i Stavanger Aftenblad, Tom Hetland.
  - Måndag 31. august arrangerte bondelaga på Haugalandet og Rogaland Bondelag landbrukspolitisk valmøte på Tysværtunet i Aksdal. Leiar i Norges Bondelag Nils T. Bjørke, deltok. Ordstyrar var journalist i Haugesunds Avis Sigmund Hansen



Logoen som vart nytta i samband med appellen og oppropet om kjærleik til norsk mat.

Tysdag 25. august var det gardsbesøk hjå Hege og Kjetil Nilsen på Randaberg med god tilslutting av stortingskandidatane. Alle inviterte parti kom med minst ein kandidat. Hege og Kjetil har både mjølkeproduksjon og kombinert smågris- og slaktegrisproduksjon. Dei la fram tal for tidsforbruk og økonomi på desse to produksjonane.

Johannes Hustveit, tidligare lokallagsleiar i Skjold Bondelag vert også med. Han driv i dag med ammekuproduksjon og fortalde stortingskandidatane kvifor han var på jakt etter

jobb utanom bruket. Det var god medieoppslag frå gardsbesøket. Etter besøket hjå Hege og Kjetil Nilsen var vi invitert til TINE Meieri Sør, Grannes. Styreleiar i TINE Sør Ole Magnar Undheim, orientere om TINE si drift og utfordringar

• Org. sjefen har skrevet lesarbrev om Frp sin landbrukspolitikk. Lesarbrevet fekk god dekking i Stavanger Aftenblad. Same lesarbrev vart også sendt til Haugesunds Avis. Innlegga var på bakgrunn av uttalar frå lokale Frp-toppar om partiet sin landbrukspolitikk i desse to avisene.



#### - langsiktigkeit, sikkerheit og best økonomi

Om du er storleiproducent med 2-års produksjonsmyklu eller høyllerprodusent med 50 dager oppbevaringstid, så ligg det ein langsiktig perspektiv bak investeringane i kjøtproduksjonen

Da er det trygt å ha ein samarbeidspartner som har same langsiktighet som grunnlaget for verksamda si. Ein samarbeidspartner som også

garantierer avsetnad for det du produserer, varsett kvar du bur inni kor stor produksjon du har. Men kanskje viktigast alt: Ein samarbeidspartner med eit overordna mål om å gje bonden best økonomi - både på kort og lang sikt.



# Tiltak for å hindra at økobønder gir opp

Økologiske produkt vert etterspurt i aukande grad. Det er eit mål for Norges Bondelag at mest mogleg av forbruket av økologiske produkt skal verta dekka av norsk produksjon og det er behov for fleire produsentar som driv økologisk. I tillegg til å få fleire økologiske produsentar er det sett i gang eit arbeid for å sjå på kvifor så mange sluttar å驱va økologisk. I ei årrekke har det vore like mange som har gått ut av økologisk produksjon som dei som har søkt omlegging. Siste året har det vore ein pluss på om lag 100 produsentar, 270 produsentar inn og 160 har meldt seg ut. Norsk Institutt for Landbruksforskning (NILF) og Bioforsk har gjennomført ei undersøking kvifor det er så mange som sluttar med denne produksjonsforma. I undersøking vert følgjande tilbakemelding gitt:

- For mykje byråkrati med Debio - sertifiseringa og kontroll
  - For små tilskot til økologisk landbruk
  - Uforutsigbare politiske ramevilkår for økologisk landbruk
  - For låg meirpris på økovarer.
- På bakgrunn av denne undersøkinga vart det sett ned ei intern arbeidsgruppe i Norges Bondelag for å koma med forslag som kan bidra til at fleire som har lagt om, fortsett som økologiske produsentar. Denne rapporten vart sendt fylkeslaga til høyring.

I uttalen sin peika styret på følgjande punkt:

- Det må verta naturleg at forskrift og reglar vert endra etter kvart som ein får erfaring med dei. Ang. internasjonale reglar (EU reglar) må sentrale styresmakter vera aktive med å påverka slik at dei vert tilpassa norske forhold.
- Tilskotsordningane må ha ei slik utforming at agronomiske forhold blir ivaretatt. Det kan til dømes vera innan vekstskifte, grøngjødsling og tilgang på husdyrgjødsel.
- Det må vera meir langsiktige ramevilkår frå styresmaktene si side.
- I rapporten er det er forslag på auke i tilskotssatsane på dei fleste produksjonar. Det blir hevd at inntektsnivået er for lågt i økologisk produksjon, og at ein difor må hevja tilskotssatsane. Dette er ikkje spesielt for økologisk produksjon. Det må eit løft til for heila landbruket. Det er marknaden som i størst mogleg grad må belastast den auka kostnaden det er å驱va økologisk landbruk i forhold til konvensjonelt landbruk.
- Det er viktig med god og rett rettleiding til bønder som ønskjer å leggja om til økologisk drift. Det er ikkje alle gardsbruk som egnar seg til økologisk produksjon. Det kan vera forhold ang. kvaliteten på jorda, driftsforma, type produksjon og kompetanse/motivasjon hjå brukaren.
- Økologisk produsert korn er ein viktig innsatsfaktor for husdyrproduksjonen. I dag er det relativt store til-



Foto Bondevennen.

- skot som er gitt på areal. Ein må vri deler av dette over på levert korn. I dag kan det i visse høve svara seg økonomisk å bare hausta tilskot og ikkje korn. Prisnedskrivinga på korn må ikkje svekkast i forhold til konvensjonell kornproduksjon.
- Ved omlegging må det leggjast større vekt på heile garden sitt høve til økologisk drift - både agronomiske, driftsmessige forhold og motiv for omlegging.
- Ein del av tilskota som i dag er innan økologisk produksjon bør tildelast ut frå levert mengde og ikkje ut frå areal.

## Overføring av arbeidsoppgåver frå Fylkesmannen til Fylkeskommunen

Etter innstillinga fra Kommunalkomiteen til Odelstinget (nr. 30 - 2008-09) ang ny oppgåvefordeling innafor offentleg forvaltning, har Regjeringa gått inn for å overføra enkelte oppgåver til fylkeskommunen. Dei viktigaste er:

- Nedlegging av Fylkeslandbruksstyret frå 01.01.2010 og fordeling av dette organet sine oppgåver mellom Fylkesmannen (ankesakene) og Fylkeskommunen (m.a. å gi innspel til Staten framfor jordbruksforhandlingane).

- Eigardelen i Innovasjon Norge – Fylkeskommunen vil framover ha 49 % av andelene.
- Fordeling av kompetansemidlar over jordbruksavtala (i inneverande avtale 20 mill. på landsbasis)

Med grunnlag i desse endringane har styret i Rogaland Bondelag bedd om eit møte med Fylkeskommunen for å kome i dialog med dei og drøfta korleis dette kan gjerast framover.

Fylkeskommunen er og eit viktig "planorgan" med ansvar for mange fyl-

kesomfattande regionplanar – tidlegare fylkesplan og fylkesdelplanar. Med utgangspunkt i dette har styret og bedd om ein gjennomgang av planstruktur og -prosessar i Fylkeskommunen.

Andre tema ein og ville drøfta under møtet er:

- Bruk av kompetansehevingsmidlane
- Ungdoms- og rekrutteringstiltak - bruk av Øksnevad vgd skule
- Innovasjon Norge – fylkeskommunen si rolle framover

Møtet vart halde på nyåret 2010.

# Strategi for bruken av BU-midlane i Rogaland

Med grunnlag i at **Strategi for Landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland 2007 – 2009** skulle reviderast, tok fylkesbondelaget initiativ til å koma med innspel til Fylkesmannen i forkant av dette arbeidet.

På grunn av fleire usikre faktorar som:

- ny regjeringserklæring etter stortingsvalet hausten 2009
- ny regionplan for landbruket i Rogaland – 2010/2011
- endring av omsetningslova – trått i kraft frå 1. juli 2009
- sterke engasjement ang. klima og forureining
- eit sterkare jordvern

meinte fylkesstyret at revideringa burde vera moderat og heller leggja opp til ei meir grundig gjennomgang ved utforminga av strategien for 2011 og framover.

## Utviklinga av landbruket og landbruksbaserte næringer i fylket

Ved gjennomgangen av strategien såg Rogaland Bondelag det som viktig at ein tok eit tilbakeblikk og såg på utviklinga dei siste åra, både for primærproduksjonen, men også for tilslutta næringer. Med grunnlag i tal frå Fylkesmannen Landbruksavdelinga hadde administrasjonen sett på utviklinga av landbruket i fylket i perioden frå 2002 til 2007. For denne 5-års perioden har det vore ei klart styrking av landbruket på Jæren i forhold til dei andre regionane i fylket. Vidare er det særleg dei to store jordbrukskommunane Klepp og Hå som har styrka sin posisjon. Størst nedgang finn ein i Nord-Rogaland.

Det kan knytast mange merknadar til denne utviklinga. Ein kan sjå på det som ei positiv utvikling med det sterke **fagmiljøet** ein finn i fylket og særleg på Jæren. Jær-jordbruket er på mange måtar motoren som driv landbruket framover i dei andre regionane i fylket. Difor må ein byggja vidare på dette. Utfordringa derimot er kva ein kan gjera for å styrkja næringa i dei andre regionane og då særleg i Nord-Rogaland der ein ser at fagmiljøet vert raskast svekka.

## Viktige element i samband med ny strategiplan

Styret peika på følgjande element:

### Langsiktige trendar

- **Distriktsjordbruket må oppretthalda – mjølkeproduksjonen må fortsatt vera grunnlaget**

Ei av hovudmålsettinga for norsk landbrukspolitikk er å oppretthalda eit landbruk over heile landet. Det er og avgjerande for busetnaden i distrikta. SauehalDET vil fortsatt vera ein viktig faktor for denne målsetninga, men den vil ikkje vera tung nok for dette. Det store målet må vera at **ein maktar å styrkja økonomien i mjølkeproduksjonen slik at den fortsatt vert den viktigaste distriktsretta produksjonen i norsk landbruk?**

Både gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane, men også ved hjelp av ulike virkemiddel som ligg i BU-ordninga, må ein sikra seg at økonomien for mjølkeproduksjonen er så god at ein produksjon med 20 – 30 kyr må vera lønnsamt. Maktar ein ikkje det frykta styret at ein fort vil feila med heile den distriktsretta landbrukspolitikk-en.

- **Meir BU-midlar og større del til primærlandbruket**

Med stort behov for utbetring og fornying av driftsbygningar bygde i 70/80-åra og krav ut frå dyrevelferd, er det opparbeidd eit stort behov for kapitaltilgang for næringa. Ein større del av BU-midlane bør nyttast til primærproduksjonen.

- **Investeringar på mjølkeproduksjonsbruk** i bygder der investeringar er nødvendig for å oppretthalda busetnaden og produksjonen, må prioriterast.

**Samla produksjon på garden må leggjast til grunn ved vurdering av den økonomiske situasjonen.** Både ut frå naturgitte forhold og ut frå tradisjon har dei fleste brukar i fylket fleire produksjonar for å utnytta dei totale ressursane på garden. Ved vurdering av den økonomiske situasjonen på bruket ved t.d. nyinvesteringar, må heile drifta på bruket vurderast samla og ikkje berre den produksjonen bonden har planar om å investeringa i.

- **Bruk der bonden hentar hovuddelen av inntekta si frå, må prioriterast**
- **Dei multifunksjonelle elementa ved landbruket** slik som kulturlandskaps-

pleie, unngå gjenngroing, grunnlag for busetnad i distrikta m.m. må koma meir i fokus

### Enkeltståande og kortsiktige element

Styret peika også på element som er av mindre omfang, men likevel viktige

- **Erfaringar med Folkefjøs-prosjektet** må trekkest inn ved vurderingar av dei bygningstekniske sidene ved utbetringar.
- **BU-midlane bør kunna brukast til investeringar i gjødsel- og grovforlager**
- **Rentenedskrivingsordninga** må endrast slik at det vert konsentrert til dei første 4 – 5 åra etter investeringane er gjort.
- **Estetikken** ved oppsett av bygningar bør vektleggjast ved godkjenning.
- **Kompetansoppbygging** hjå bøndene må vektleggjast.
- **Ekstra prioritering av fjørfenæringa ut frå kravet om frittgående høns.**
- **Produksjonen av økologisk matvarer** må tilpassast etterspørsele til ei kvar tid.
- **Støtte til personar som starta med nye næringar tilknytta landbruket.** Desse står ofte alleine ved oppstart av produksjonen sin. Dei er sårbar og har behov for å kunna dra nytte av eit kontaktnett av personar som driv nokolunde med det same og der ein kan henta idear og ny inspirasjon. Opplegg for dette må støttast
- **Etablerartilskotet ved generasjons-skifte** må oppretthalda og styrkast.
- **Byggeleiing eller anna hjelpe ved oppføring av større bygg** må det leggjast betre til rette for og prioriterast.

Desse punkta vart spelt inn til Fylkesmannen Landbruksavdelinga og til Innovasjon Norge, Rogaland og i løpet av meldingsåret vart det halde eit par møte der strategien for 2010 var temaet.

Gjennom innspelet vårt og møta har fylkeslaget hatt betre høve til å vera med å forma strategien, men på grunn av sentrale føringar for BU-midlane og små rammer til eit fylke med stort behov, er det vanskeleg å gjera alle til lags. I denne samanhengen har fylkeslaget

også motteke brev frå m.a. Bondelaga på Jæren om at regionen må prioritere rast sterkare innan BU-ordninga. I eit anna brev frå Suldal Bondelag vert fylkeslaget sterkt oppmoda til å gå inn for å gi støtte til nyetablering av kraftforekjende produksjonar i indre Ryfylke. På grunn av svært avgrensa tilgang på midlar har ein dessverre ikkje kunna innfridd noko av desse ønskja.

Under jordbruksforhandlingane våren 2008 vart det avsett ein ekstra pott på 10 mill kr til investeringar innan eggsektoren for utskifting av burtypar. Rogaland fekk 3 mill kr. Fylkesbondelag har vore aktiv med i drøftinga av bruken av desse midlane.

Under jordbruksforhandlingane våren 2009 vart det ytterligare 200 mill kr som ei "krisepakke" for landbruket. Rogaland

fekk 12 mill kr av desse og dei vart nytta saman med dei ordinære BU-midlane i fylket. Meldinga frå Innovasjon Norge Rogaland går på at alle midlane vil vera nytta i løpet av året 2009.

## Tilskot til organisert beitebruk og prioritering av RMP-midlane

I frå Jæren Smalalag fekk styret brev ang. tilskotet til organisert beitebruk av heia. I Rogaland vert det frå dei regionale miljømidlane – RMP - betalt ut kr 6 pr dyr til drift av beitelag – sau. Det utgjer ca 570.000 kr for Rogaland. Grunnlaget for støtta til organisert beiing er 95.000 sauer.

Smalalag hevdar at beløpet på kr 6 pr dyr er for lite og det bør aukast vesentleg og viste til at satsen i Hordaland er kr 15 pr dyr, i Buskerud kr 8.

Opplegget og satsane for 2009 i RMP-ordninga var fastlagt før fylkes-

laget mottok brevet. Endringa kunne først gjerast for regelverket og satsane for 2010.

Ved første behandling av saka i styret bad styret Jæren Smalalag om å senda over ein oversikt over den økonomiske situasjonen til laget og ei fyldigare argumentasjon for å hevja satsen. Det mottok styret seinare og på grunnlag av det drøfta styret saka på nytt og gjekk inn for å auka tilskotet med kr 5 pr sau for 2010 slik at satsen vert kr 11 pr sau.

Forslaget vart sendt over til Fylkesmannen Landbruksavdelinga og under

eit møte der fylkesbondelaget var med og drøfta regelverket for RMP-ordninga for 2010, fekk bondelag gjennomslag for auken på 5 kr pr dyr. Midlane skulle takst av ledige midlar i posten om Tilskot til avfallsbehandling og ugraskontroll. Statens landbruksforvaltning (SLF) hadde bedd om at denne posten vart fjerna då den ikkje var målretta nok etter deira vurdering.

### Din advokatkонтакт i Nord-Rogaland

ADVOKATENE

VIKSE, HAUGLAND, BERGE, BACHMANN OG MANNES

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESSKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

**Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov, tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.), arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett, gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.**

Advokat Bjørn O. Vikse

Tlf.: 52 70 87 50  
Mobil: 950 42 999  
bjorn.o.vikse@adv-vhbl.no

Advokat Jens Otto Haugland  
Møterett for Høyesterett

Tlf.: 52 70 87 55  
Mobil: 901 24 723  
jens.otto.haugland@adv-vhbl.no

Advokat Ole Johan Berge

Tlf.: 52 70 87 60  
Mobil: 917 96 357  
ole.johan.berge@adv-vhbl.no

Advokat Trond Jarle Bachmann

Tlf.: 52 70 87 57  
Mobil: 916 77 877  
trond.jarle.bachmann@adv-vhbl.no

Advokat May Britt Mannes

Tlf.: 52 70 87 65  
may.britt.mannes@adv-vhbl.no

# Varig vern av dyrka jord - høyring

Uttale til lovforslag – nytt avsnitt i jordlova om vern av dyrka jord.

Det er i dag fleire forhold som regulerer arealbruken: jordlova, bygningslova, forskrifter, stortingsmeldingar, rikspolitiske retningsliner og andre etatsmeldingar frå styresmaktene. Fellest for alle desse forordningane er at det ikkje er eit lovheimla vern av jord som vert brukt innan jord- og hagebruksproduksjon. Det er i dag lovverk som kan gje eit overordna vern av areal i utmark, fjell og kystareal, men for dyrka jord er det i dag ikkje mogleg å gje eit liknande overordna vern.

Statens Landbruksforvalting har på oppdrag av Landbruks- og matdept. arbeida forslag til nytt avsnitt i jordlova som omhandlar eit lovmessig vern av dyrka jord, jord nytt til jord- og hagebruksproduksjon.

Rogaland Bondelag er glad for at det nå ligg føre eit forslag til lov om vern av dyrka jord.

Dersom dette lovverket vert vedtatt i tråd med forslaget og i lag med alle andre retningsliner for omdisponering av jord- og hagebruksjord, vil ein få til ei mykke sterkare vern av dyrka jord.

I høyningsforslaget er det ikkje automatikk i at all dyrka jord skal vernast med lov, det er dei mest verdifulle areala for framtidig matproduksjon som skal vurderast. Konsekvensen av lovverket vil ein merka best i pressområda i landet, rundt Oslofjorden, Jæren/Stavangerområdet og deler av Trøndelagsfylka. Sjølv verneprosessen er det fylkesmannen som skal ha ansvar for, endeleg vedtak om vernestatus er det kongen i statsråd som gjør.

I nær alt lovverk er det utarbeida forskrifter som regulerer. Det vil alltid vera rom for dispensasjoner som til dømes andre viktige samfunnsinteresser. Det er truleg jord til infrastruktur som vil vera den største konkurrenten til verneformålet. I dagens jordlov er driftsbygningar og jordbruksvegar ein del av jordbruksarealet. I forslaget som ligg føre må også bygging av driftsbygningar i landbruket og jordbruksvegar ha dispensasjon frå lova.

Dersom denne lova vert vedtatt slik som forslaget, vil ein få minst tre klassifiseringar på status på dyrka jord. Dei areala som fell inn under jordlova med spesielt vern, og den dyrka jorda som er plassert i vanleg LNF område. Den



Alle som har kjørt Vatne-sletta har sett avlessarvogna med denne bodskapen.  
Foto Bondevennen.

tredje klassifiseringa vert jord innanfor langsiktig grense for landbruk, ein definisjon som er nytt i fylkesdelplan for areal og byutvikling på Jæren og med det ført vidare inn i kommuneplanane i området. Det ligg ikkje føre signal om at dyrka jord som ikkje vert spiselt vernt, vil få ein svakare status enn dagens regelverk.

I høyningsforslaget er det staten v/fylkesmannen som skal forvalta lovverket. Dette vil nok falle tungt for brystet for fleire kommunar. I dag er det kommunane som har ansvar for forvaltinga av jordlova. (Staten kan overprøva).

Det vert ikkje gitt erstatning for jord som fell inn under lovverket/vernereglane. Jord som vert verna innanfor dette lovverket er for at den skal nyttast aktivt innan jord- og hageproduksjon.

I uttalen som fylkeslaget gav til Norges Bondelag vart følgjande forhold kommentert:

- Dette lovverket saman med gjeldande lovverk og forskrifter m. m. vil styrka jordvernet, og redusera omdisponering av jord som i dag vert nytt til matproduksjon.
- Dyrka jord som skal vurderast inn i lovverket, må ha ein viss størrelse og må visast i eit samanhengande planområde som LNF område med langsiktig grense for landbruk. Det må utarbeidast retningsliner for dispensasjoner m. m.
- Dyrka jord utan varig vern må oppretthalda minst same vern som i dag.

- Prioriterete område
  - Viktige område for matproduksjon, god bonitet for matkorn, fôr og hagebruk.
  - Rundt bykjerne og pressområde i tilknyting til byutvikling
  - Område som ein plannmessig ser i samanheng (større område)
- Bygg til landbruksføremål
  - Må gje rom for ei tidsmessig og dynamisk utvikling av gardsdrifta
  - Nye landbruksbygg må vera i tråd med ein framtidsrettet bebyggelsesplan for garden.
- Anlegg av nye landbruksvegar
  - Nye vegar for transport kan vera nødvendig for å få ei rasjonell drift av jorda, mindre køyreskadar og betre tilgang til jorda.
  - Må gå inn i ein transportplan for garden.
- Verneprosess
  - Er samd i at det er fylkesmannen som skal drive verneprosessen
  - Innspel på område frå fylkeskommunen, kommunen, grunneigar og organisasjonar.
- Forvaltning av område med varig vern
  - Det må vera staten v/fylkesmannen som har det ansvaret.

# Organisasjonssaker

Nytt prinsippsprogram for Norges Bondelag.....	26
Tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga.....	27
Retningslinjer for økonomisk støtte til større arrangement i lokallaga.....	28
Landbrukets HMS-teneste.....	28
Aktive lokallagsmidlar 2009 .....	28
Prosjektet – Felles sekretariat for NBG, IPT og BM i Rogaland.....	29
Tidspunkt for årsmøtet i NB – uttale .....	30

## Nytt prinsippsprogram for Norges Bondelag

Prinsippsprogrammet til Bondelaget gjeld for 4 år og fylkeslaget vart bedd om å koma med merknadar til forslaget til nytt prinsippsprogram for perioden 2009 – 2013. Forslaget vart og sendt lokallaga. Under distriktsmøta hausten 08 vart det orientert om at prinsippsprogrammet ville koma på høyring og dei vart oppmoda til engasjement for å vera med å staka ut kurset til Norges Bondelag. I e-post frå fylkeskontoret 27. januar vart lokallaga minna om høyringa og det var sett uttalefrist til 30. mars. Under årsmøtet oppmoda styremedlem frå Norges Bondelag Steinar Klev, lokallaga til å ta opp saka. Det kome ikkje noko uttale på saka frå lokallaga.

Med grunnlag i forslag til uttale frå administrasjonen, vedtok styret å senda følgjande uttale:

### **Programmet er for prinsipielt og generelt**

Styret er klar over at eit prinsippsprogram skal vera generelt og i hovudsak ta opp saker på prinsipielt basis, men etter gjennomgangen av utsendt forslag, sit styret at med eit klart inntrykk av at høyringsutkastet er for generelt på mange området. Skal programmet fanga interesse hjá medlemmene, må det i større grad staka ut kurset Norges Bondelag vil gå meir konkret enn det gjer i dag. Ei rekke formuleringar er slik at ein kan næraast leggja alt og ingenting i dei. Styret peika på at dette er ting ein bør ta med seg ved neste revidering av prinsippsprogrammet.

At fylkeslaget ikkje har fått inn eit einaste innspel/uttale frå lokallaga på



*Ein aktiv organisasjon er heilt avhengig av aktive lokallag. Her frå distriktsmøtet på Sandnes i oktober. Framme frå venstre: Nils Kristian Frafjord, Helge Edland og Geir Oluf Hareland – alle frå Gjesdal.*

saka, er på mange måtar ei stadfesting på dette.

### **Skattar og avgifter – rammevilkår**

Ulike trygdeordningar er nemnde og då relatert opp mot sjølvstendig næringsdrivande. Styret er einig i det som står. Etter styret si vurdering er det viktig at det vert arbeidd med å få betre avklaringar på regelverket. Situasjonen for mange innan landbruket er at dei har ein kombinasjon mellom å vera sjølvstendig næringsdrivande og lønnsmotaktar. For ulike ordningane vil kombinasjon gjera det endå vanskelegare og det er uklart kva reglar som gjeld og

korleis det slår ut for den aktuelle personen og hans familie. Styret føreslo at ein tok med eit eige punkt om at Norges Bondelag meiner at regelverket må utbetrast/avklaraast meir for personar som er i ein dobbelrolle i tillegg til det som står.

### **Verdiskaping – næringsutvikling**

Etter sterk utfordring gjennom landbrukspolitikken og via ulike tilskotsordningar, har mange innan landbruket satsa på tilleggsnæringer tilknytta landbruket. Som nye næringar treng personar som har gått inn på slike tiltak, eit klart behov for ein møteplass der desse

kan utveksla idear og ta opp felles saker. Etter forslaget til prinsipprogram skal NB skal framstå som ein attraktiv organisasjon for desse utøvarane. Med bakgrunn i eige prosjekt i fylket der fylkeslaget har vore med å gitt eit tilbod til å utvikla ein slik møteplass, trur styret det er viktig at Norges Bondelag avklearer meir konkret korleis ein kan tenkja seg å gjera det på.

Fylkesstyret ser det som rett å ikkje etablira nye lag og organisasjoner for kvar einskild grein innan dette systemet, men at det vert utvikla og etablert eit forum som kan vera ein møteplass for personar innan nye landbruksbaserte næringar. I eit slikt fora kan dei ta opp felles problemstillingar og vera eit talerør via fylkeslaget inn mot Norges Bondelag.

## Eigendomsrett og ressursforvaltning

Styret peika på at landbrukspolitikken og eigedomsretten må utformast slik at **sjølveigarbonden med eit driftsopplegg der bonden sjølv er eigar og drivar, fortsatt må vera hovudforma innan norsk landbruk.** Økonomien i dei ein-skilde produksjonane må utvikla seg slik at det let seg gjera.

## Jordvern

Rapporteringssystemet for nedbygging av jordbruksareal må forbetrastrast.

## Utdanning, kompetanseheving og forsking

Styret føreslo følgjande formulering: Det må arbeidast aktivt for å finna fag-

leg gode og fleksible etterutdanningstil-bod.

Styret peika og på at det bør vera med eit punkt om å arbeid for å få fag-brev innan næringa og gjennom det byggja yrkesstoltheten og kompetansen innan landbruket.

Etter styret si vurdering er det viktig at rådgivingstenesta må betrast og sam-ordnast meir. Både samvirkeorganisa-sjonane, rekneskapskontora og Norsk Landbruksrådgiving (tidlegare forsøks-ringane) må trekkjast aktivt inn i denne samanhengen. Styret er klar over at ein kan ikkje kopiera dansk landbruk sitt opplegg ang. rådgivingstenestad, men det bør vera ein del av lærdom av i det opplegget.

# Tiltaksplan for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga

Lokallaget er grunnstamma i Norges Bondelag. Det er viktig at vi i Rogaland har sterke og aktive lokallag. Det er den beste måten å få gjennomslag for rogalandsbonden sine synspunkt i organisa-sjonen. Lokallaget skal vera ein positiv medspelar i bygdemiljøet både innan fagleg arbeid og auka trivsel i bygda for våre medlemmar.

For å hjelpe lokallaga i dette arbeidet oppretta styret i Rogaland Bondelag ei arbeidsgruppe for å koma med forslag på tiltak for å styrkja organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokal-laga. Arbeidsgruppa hadde følgjande samansetting: Ingar Naustvik – leiar, Arna Høyland, begge frå fylkesstyret, Ole Andreas Aarsland, leiar i Varhaug Bondelag, Sigmund Eikje, leiar i Tysvær Bondelag og Margunn Nedrebø frå Rogaland Bygdekvinne-lag.

### Følgjande mandat vart gitt:

"Styret ser aktiviteten i lokallaga som svært viktig og sette ut frå det sette styret ned eit utval som får i oppgåve å vurdera kva som kan gjerast for å hjelpe lokallaga med å styrka og auka aktiviteten og betra deltakinga under arrangement lokallaga har." I etterkant er arbeidsgruppa beden om å vurdera honorarsatsar til tillitsvalde i lokallaga, og innspel på bruken av aktive lokal-lagsmidlar.

*Grundig drøfting om Bondelaget sine viktige oppgåver mellom Ole Andreas Aarsland, Varhaug og Sigmund Wiig, Orre.*



Som bakgrunnsmateriale for sitt arbeid gjekk utvalet gjennom gruppear-beida som var på distriktsmøta hausten 2008, Organisasjonshandboka og ved-tektene for Norges Bondelag.

Rapporten som arbeidsgruppa laga vart vedteken i styret januar 09.

I rapporten er det nedfelt nokre forventingar til organisasjonsarbeidet i lokallaga, tips på arrangement og tiltak, samfunnkontakt og medlemspleie. Fylkeslaget skal arrangera kurs innan organisasjonsarbeid, landbrukspolitikk og andre aktuelle tema som lokallaga etterspør. God kompetanse i lokallaga gjer medverking.

Lokallaga skal forventa eit aktivt fylkesstyre, som tek initiativ, er syn-

lege i media, deltar på lokallagsmøte, inspirerer og motiverer. Fylkeskontoret ønskjer å vera eit servicekontor for lokallaga. Dei viktigaste møteplassen mellom lokallaga og fylkeslaget er dis-triktsmøta, eit i månadsskifte januar/februar og eit i slutten av oktober, leiar-møtet som vert arrangert i november og årsmøtet som er i mars.

Tiltaksplanen er sendt til lokallaga i Rogaland, Norges Bondelag og er å finna på bondelaget si heimeside, adressa er: bondelaget.no/rogaland

# Retningslinjer for økonomisk støtte til større arrangement i lokallaga

I samband med drøftinga av søknad om økonomisk støtte til politiske møte vinteren 2008/09 bad styret administrasjonen om å leggja fram ei sak om retningslinjer for økonomisk støtte til større arrangement lokallaga gjennomfører.

Med grunnlag i drøfting i styret vedtok fylkesstyret våren 2009 følgjande retningslinjer for tildeling av midlar til arrangement lokallaga står overfor:

- For møte lokallag tek initiativ til og gjennomfører, vert det ikkje gitt direkte støtte til frå Rogaland Bondelag sitt budsjett. Det gjeld og i tilfelle der fylkesstyremedlemmer eller administrasjonen hjelper til med planlegginga og gjennomføringa av møtet.
- Lokallaga kan søkja om aktive lokallagsmidlar til slike møte.
- Dersom lokallaga ønsker å få betre

økonomisk truffleik for om dei får slik støtte eller ikkje, kan dei før møtet vert arrangert, søkja fylkeslaget om å få tilslagn om støtte frå aktive lokallagsmidlar og kor mykje dei evt. vil kunna få.

- Ved søknad om midlar frå potten Aktive lokallag vil maks støtte vera 40 % av kostnader til lokalleige, annonser og utgifter lokallaget har med å knytta til seg eksterne innleiarar.
- Rogaland Bondelag gjennomfører som regel to rundar med regionmøte og dekkjer kostnadane med dei. Ønskjer lokallaga i ein region fleire samlingar for lokallagsleiarane eller fleire frå lokallagsstyret, må lokallaga dekkja kostnadane med desse. Deltek eit styremedlem på slike møte dekker fylkeslaget reisekostnadar og daggodtgjersle til desse el. ein frå fylkeskontoret.

- Styret vil generelt prioritera støtte til møteaktivitet i lokallaga ved tildeling av aktive lokallagsmidlar.
- For møte fylkesbondelaget tek initiativ til og der ein ønsker å ha samarbeid med lokallaga om planlegging og gjennomføring, skal fylkeslaget bera kostnadane med desse møta. Slike møte må vera eit ledd i ein plan Norges Bondelag ønsker å gjennomføra eller at møtet er ein del av arbeidsplanen til Rogaland Bondelag.
- Ønskjer eit styremedlem møte med lokallagsleiarane i regionen må det avklarast før møtet, dersom fylkeslaget skal bera noko av kostnadane med møtet.

Retningslinjene vert sett i vert straks og dei vart sendt ut til lokallaga 14. april 2009.

## Landbrukets HMS- teneste

Landbrukets HMS-teneste er eigmद av Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Landbrukets HMS-teneste er ei førebyggjande helse-, miljø- og sikkerhetstjeneste. Alle som har arbeid i landbruket kan bli medlem i landbrukets HMS-tenesta. Det er tilsett HMS rådgjevarar landbruk som arbeider i ein samarbeidende regional HMS-teneste (bedriftshelseteneste). I samarbeid med fagpersonar frå HMS-tenesta vert det gitt behovstilpassa råd og rettleiing innan HMS på garden til alle medlemmar.

I 2007 vart det vedtatt ”Felles plan for HMS-arbeidet i norsk landbruk”. Denne planen har dei aller fleste organisasjonane i landbruket gitt si tilslutting til.

Visjonen er:

- Ingen dødsulukker i norsk landbruk.
- Alle bønder skal ha ”Ingen ulukker på min gard” som eit mål for HMS arbeidet på sitt bruk.

Landbrukets HMS-teneste har utarbeida kurset ”Praktisk HMS-arbeid” som er skreddarsydd for landbruket. Dette kurset dekke krava i Arbeids-

miljøloven §3-5 om HMS-kompetanse for føretakets leiari. Det er dette kurset som er den beste motivasjonskjelda til eit betre HMS-arbeid på garden.

I Rogaland er det i løpet av 2009 starta 28 praktisk HMS kurs. Av desse er 22 avslutta i år, resterande 6 vert avslutta på nyåret 2010. I tillegg vart 8 kurs som starta i 08 avslutta i januar 2009.

På kursa som starta i 2008, og avslutta i 2009 deltok 76 personar. Kursa som starta og vart avslutta i 2009 deltok i alt 218 personar.

## Aktive lokallagsmidlar 2009

Aktiviteten i lokallaga er stor. Det ville merkast godt rundt omkring i bygdene i Rogaland dersom dette arbeidet vart lagt ned. Fylkeslaga får midlar frå Norges Bondelag for å stimulera til aktivitet i lokallaga.

Opplegget med å honorera aktive lokallag økonomisk har ein hatt ein del år nå. Det vert også sett av ein pott som kan nyttast på spesielle tiltak i aktuelle lokallag. Tiltaka som det vert søkt midlar på i den ordinere søknadsomgangen er rimeleg målbare og forutsigbare. For å motivera til medlemsverving i lokal-

laga vert det gitt kr 200,- pr ny medlem frå Norges Bondelag, i tillegg vert det utbetalt frå aktive lokallagsmidlar kr 200,- for kvar ny produksjonsmedlem og kr 100,- for andre nye medlemmar.

Styret ønskte å prioritera aktive lokallagsmidlar ut frå desse tiltaka:

- Medlemsmøte
- Møte med politikakar / kommuneadministrasjon
- HMS tiltak i lokallaget
- Landbruksspelet
- Barnehage- og skuleaktivitetar

- Open Gard - arrangement
- Delteke på kurs i valkomitéarbeid og påverking/arbeid med kommuneplan
- Større møte i samband med stortingsvalet, del av underskot.

Ut frå desse prioriteringane er det utbetalt kr 55 000,- til dei 20 laga som søkte om midlar.

Leiarmøte som vi hadde i lag med Østfold Bondelag vart delfinansiert med kr 30 000,- frå desse midlane. Det er sett av kr 35 000,- som vervepremier til lokallaga.

# Prosjektet - Felles sekretariat for NBG, IPT og BM i Rogaland

## Bakgrunn, mål, økonomi og organisering

Etter initiativ fra Rogaland Bondelag og i samarbeid med Fylkesmannen ble det tatt initiativ til et opplegg for å gi hjelp og støtte de tre organisasjonene. Det resulterte i et 3-årig prosjekt med en prosjektleader i 60 % stilling lokalisert hos Rogaland Bondelag. Prosjektsstillingen ble besatt i mai 2006 av Kirsten Meyer-Knudsen. Prosjektet ble avsluttet i juli 2009.

Styringsgruppen for prosjektet har bestått av lederne for de tre organisasjonene, representant fra Fylkesmannen ved Eli M. Serigstad og Svein Helge Harbo, org. sjef i Rogaland Bondelag. Han har vært leder av gruppa. Prosjektleader Kirsten Meyer-Knutsen har vært sekretær for styringsgruppen og møtt fast på møtene i gruppa.

### Hovedmål med prosjektet:

- Skape nye næringer og styrke landbruksrelaterte næringer
- Styrke de tre organisasjonene, min. 50 % økning i medlemsantallet
- Drive utadrettet informasjon og markedsføring
- Legge til rette for fagsamlinger og kurs
- Prosjektleader skulle være sekretær for de tre organisasjoners styre for å avlaste styremedlemmene og særlig styrelederne
- Være inspirator og et naturlig samlingspunkt for medlemmene

Prosjektet ble finansiert med en egenandel fra Norsk Bygdeturisme og Gardmat (NBG), Rogaland, (nå Haugen) Inn på tunet (IPT), Rogaland, Bondens Marked (BM), Rogaland og Rogaland Bondelag. Fylkesmannen i Rogaland og Innovasjon Norge Rogaland har ved bruk av BU-midler, vært hovedbidragsytere til prosjektet.

### Gjennomføring

Den første tiden i prosjektet gikk med på å strukturere og oppdatere medlemslister og e-postadresser. Det ble innført skriftlig møteinnkallinger til alle styremøtene og referater fra hvert møte ble sendt ut. Medlemsbetalingsrutinene ble også gjennomgått. Prosjektleader har vært særlig opptatt av nettverksbygging

innad i organisasjonene og mot offentlige organer.

Det er gitt offentlig støtte til flere kurs, studieturer og et etablererkurs. Dette har medført rimelige arrangement for deltakerne.

Et svært viktig tema styringsgruppen har vært opptatt av er samarbeidet mellom de tre organisasjonene og hvordan dette kunne gjøres til felles beste for alle organisasjonene – også etter at prosjektperioden var over. Foruten inngående diskusjoner i arbeidsgruppen har styringsgruppen tatt initiativ til to samlinger der temaet om videre samarbeid og felles tiltak etter at prosjektet er over, er tatt opp. Styringsgruppen har også utfordra styrene i de tre organisasjonene til å komme med innspill om hvordan de kunne tenke seg en videre fremdrift av arbeidet.

Under drøfting av spørsmålet fikk også Eli M. Serigstad og Svein Helge Harbo ansvar for å vurdere aktuelle tiltak. I denne sammenhengen ble spørsmålet drøftet med sentrale personer innen systemet. Ut fra ei totalvurdering fant en ikke noen akseptabel løsning. En samla styringsgruppe har likevel stortro på at arbeidet som er nedlagt og erfaringene fra prosjektet, vil på sikt være grunnlag for en videreføring av ideen.

I forkant av dette arbeidet hadde styringsgruppen sett på om det var realistisk å øke medlemstallet så mye at organisasjonene i fellesskap kunne drive et eget sekretariat finansiert av medlemskontingent, slik en viktig forutsetning i prosjektet var. Beregningene viser at selv med en 30 % sekretærstilling ville det være urealistisk rent økonomisk å forsvare en slik stilling gjennom en realistisk økning i medlemstallet. Med en så liten stillingsbrøk ville det dessuten være svært begrenset hva man kan få gjennomført. En 60 % stilling ville være enda mindre realistisk økonomisk sett.

### Måloppnåelse

De tre organisasjonene er gode ambassadører for landbruket. Det har vært viktig å sette fokus på kvalitet og å øke produsentenes stolthet.

Prosjektet har klart å nå målene om:

- Frigjøre ressurser for styrene til organisasjonene og hos Fylkesmannen



## Bondens marked

- Økt medlemkontakten betydelig
- Gitt bønder hjelp til å se nye mulighet på gården ut fra gårdenes totale ressurser
- Vært med å utforme muligheter for nye arbeidsplasser
- Økt nettverksbygging mellom de som har satset på ulike tilleggsnæringer

Prosjektet har samlet sett ikke oppnådd ønsket medlemsøkning i alle organisasjonene. Årsakene til dette er sammensatte, men noe kan tilskrives uro i organisasjonene, organisasjonsprofil og konkurrerende nettverk/prosjekt. IPT har siden 2006 økt fra 43 til 80 medlemmer. IPT er i vekst også ellers i landet. Rogaland er det største fylket. Hos NBG og BM har medlemstallet vært heller stabilt.

### Erfaringer fra prosjektet

Prosjektleader har hatt et godt og nært samarbeid med bl.a. Rogaland Bondelag, Fylkesmannen Landbruksavdeling,

Kompetansenavet og Gladmat. Dette gode samarbeidet har kommet alle de tre organisasjonene til gode.

De nye næringer i landbruksnæringen trenge en organisasjon å henvende seg til for å få hjelp og oppmuntring til å se nye muligheter. Særdeles viktig er det å treffen andre som er eller har vært i samme situasjon.

Det var god erfaring med etablererkurs for landbruksrelaterte næringer. Etableringssenteret for Rogaland - Skape.no - arrangerer fortløpende etablererkurs. Erfaringen fikk fra et slikt tilrettelagt kurs som prosjektet arrangerte i 2007 med 19 deltakere, var at det var meget nyttig slik at flere av deltagerne i etterkant var interessert i å starte med sine prosjekter.

Alle medlemmene i de tre organisasjonene har fått tilbud om kurs og studieturer som er arrangerte i regi av prosjektet. Tilbakemeldinger viser at medlemmene er fornøyd med høyt aktivitetsnivå, et variert tilbud og gode medlemsfordeler. Deltakeravgiften på kursene og studieturene har vært svært fordelaktige for medlemmene. Det har gjort at vi har klart å skaffe en del nye medlemmer.

NBG, BM og IPT ser at de er meget nyttig med et godt samarbeid, både internt og utad. Det vil være med å styrke små, men gode og svært synlige representanter for nye næringer i landbruksnæringen. Organisasjonene trenger hverandre, nettverksbygging og godt samspill er meget verdifullt. Hvert medlem må kjenne at det er en stor fordel å være med i et felles nettverk.

## Vurderinger og anbefalinger

For prosjektlederen har det klart vært en utfordring å arbeide med tre organisasjoner i en 60 % stilling. Det er heller ikke enkelt "å bare" slå sammen de tre organisasjonene. BM og NBG har flere nettverk å samarbeide med. Mat og turisme henger i hop, særlig om den nye organisasjonen "Hanen" lykkes i å få med flere organisasjoner som for eksempel Norsk Gardsost, Utmarksbasert reiseliv, Norsk Seterkultur osv.

Videre er det naturlig og fornuftig å vurdere mer samarbeid mellom fylkene. Samarbeidsformer som skal være over tid, må være konkrete og ha avklarte fellesområder og gode relasjoner.

IPT har ikke en nasjonal organisasjon. IPT sine samarbeidspartnere er fra kjøpersiden kommunene, helse- og sosialestaten, NAV og barnevern. Her trenger vi personer som har kunnskaper fra helse og sosialsektor for å veilede nyetablerte og å markedsføre deres tilbud.

Selv om en ikke har oppnådd alle målsetningene med prosjektet – mindre medlemsøkning – er styringsgruppa likevel godt fornøgd med det som har blitt gjennomført og som en har oppnådd og da i hovedsak via prosjektlederen sin omfattende innsats gjennom prosjektperioden. Noe av det viktigste som er oppnådd, er etableringen av nettverket mellom medlemmene i de ulike organisasjonene, men også kontakten på tvers av organisasjonene og ut mot andre samarbeidspartnere - et nettverk det er viktig å ta vare på.

Om en ikke innen prosjektperioden har lyktes i å finne noen måte å føre ar-



Prosjektlediar Kirsten Meyer-Knutsen.

beidet til prosjektet videre på, er en her inne på nye måter å arbeide på og trolig er det behov for en viss modningsfase før neste trinn kommer. Styringsgruppa er klar over at Fylkeskommunen i nært samarbeid med Fylkesmannen, er i ferd med å utarbeide en ny Regionplan for landbruksnæringen i Rogaland. Styringsgruppa vil med bakgrunn i erfaringene fra arbeidet i dette prosjektet, oppfordre til at en arbeider videre med å få etablert et **kontaktforum**. Der kan bønder og andre som har startet opp med nye landbruksstilknyttede næringer, ha en arena for erfaringsutveksling og samhandling. Utfordringen er å finne en måte å driftet slikt forum på.

## Tidspunkt for årsmøtet til NB - uttale

Med jamne mellomrom vert det stilt spørsmål om tidspunktet for Norges Bondelag sitt årsmøte. I lengre tid har det vorte gjennomført rundt midten av juni. Under årsmøtet sommaren 2009 vart spørsmålet reist på nytt. På grunnlag av det utarbeidde administrasjonen i Norges Bondelag eit notat der det vart skissert tre ulike alternative til vidare diskusjon:

- **Alternativ I:** Årsmøtet vert flytta til oktober/november, og "årshjulet" vert endra på fleire ulike punkt, dvs tidspunkt for årsmøte og andre i lokal- og fylkeslag, samt sentrale møter

- **Alternativ II:** Årsmøtet vert flytta til oktober/november, men "årshjulet" for øvrig vert grovt sett som i dag
- **Alternativ III:** Årsmøtet vert arrangert fortsatt som i dag og "årshjulet" vert uendra.

Dette vart sendt fylkeslaga på høyring og styret hadde følgjande merknadar:

Med grunnlag i rytme og opplegget for arbeidet til organisasjonen og særlig for fylkeslaget og lokallaga, ser styret det er mange positivt argument for å ha årsmøtet til Norges Bondelag på forsommaren. Vert det lagt til hausten - okt./nov. - vil det fort rokera ein del

med opplegget vi har i Rogaland med ein tidleg årsmøterunde i lokallaga. Det har i seg sjølv sine klare fordelar då det legg grunnlag for tidleg oppstart av aktivitetane i lokallaga om hausten.

Dagens rytme er såleis svært godt tilpassa eit aktivt og godt arbeid i lokallaga. Vert Norges Bondelag sitt årsmøte lagt til hausten, er styret redd for at oppstarta av aktivitetane i lokallaga vil li av det.

Med grunnlag i det gjekk styret samla inn for å behalda ordninga som i dag med årsmøte i juni - dvs **alternativ III** i notatet frå Norges Bondelag.

# Nett og samlingsbasert DELTIDSSTUDIUM

## • Økonomi og leiing

Rekneskapsforståing • Bedriftsøkonomi •  
Rettslære • Internasjonal økonomi • Leiing

- auka innsikt i økonomiske og politiske prosesser
- kunnskap til bruk som bedriftseigar, tillitsvald eller tilsett

## • Husdyrproduksjon

Dyrevelferd • Produksjon • Produktkvalitet

- Marknadsstening
- forståing av ulike ledd i verdikjeda
- fordjuping innan ein produksjon
- aktuelt for produsentar, rådgivarar og andre med tilknyting til landbruket

## • Handlingskompetanse

Samarbeid • Roller • Gruppeprosessar

- Kommunikasjon
- å vera gode samarbeidspartnarar
- bevisstgjering av eigne ressursar og handlingsval
- kompetanse til bruk i jobb og privatliv

## • Nyskapning

Kreativitet • Produktutvikling og -merking

Ressursidentifikasjon og ressursutvikling

Natur- og kulturbasert næringsutvikling

Entreprenørskap • Samskapning og nettverksskapning

- korleis brukar lokale ressursar på nye måtar.
- korleis utvikla nye produkt, næringer og bedrifter.
- eit studium om sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping.

## Fagkunnskap for framtidia

Kvart studium gir 60 studiepoeng og går over 2 år med 6-10 samlinger frå september-april/mai. Studia er godkjende for lån/stipend i Lånekassen. Studieavgift.

### Søknadsfrist 15. mai

Opplik til studiestart, dersom ledige plasser.

[www.hlb.no](http://www.hlb.no)

Særlheim, Postvegen 213,  
4353 Klepp stasjon  
Tlf. 51 79 94 00  
Fax 51 79 94 01  
post@hlb.no - [www.hlb.no](http://www.hlb.no)



# Agronomkurs

Kompetanse, inspirasjon og tru på framtida

Ta dei faga som passer deg  
– når det passer deg.

Skuleåret 2010-2011 tilbyr vi desse faga:

### Felles programfag

- Plante- og husdyrproduksjon
- Gardsdrift
- Utmark og kulturlandskap

### Valfrie programfag

- Økonomi og driftsleiing
- Traktor og maskin
- Økologisk landbruk 1.

Krav til inntak:

Minst 19 år, minst ½ år praksis i landbruket

Ingen elevbetaling.

Undervisninga startar omkring 20. august og skuleåret sluttar med eksamenar i mai/juni året etter.

Søknadsskjema finn du på [www.vlj.no](http://www.vlj.no)

For meir informasjon, ta kontakt.

Vinterlandbrukskulen  
på Jæren  
Særlheim  
Postvegen 213, 4353 KLEPP ST  
Tlf. 51 79 94 00  
E-post: [post@vlj.no](mailto:post@vlj.no)



**VIERDAL ADVOKATFIRMA AS**



**TELEFON 51 91 75 00**

BERGELANDSGATA 13, POSTBOKS 719, 4003 STAVANGER, TELEFAKS 51 91 75 01

e-post: [kontoret@vierdal.no](mailto:kontoret@vierdal.no) [www.vierdal.no](http://www.vierdal.no)

## VI KAN LANDBRUK!

- FAST EIENDOM • ODELSRETT • SKATTERETT • ARV/GENERASJONSSKIFTE
  - SKIFTEOPPGJØR • EKSPROPRIASJON/SKJØNN • ERSTATNINGER
  - GJELDSFORHANDLING
- ALMINNELIG PRAKSIS.

ADV. KÅRE VIERDAL, ADV. PAUL AAKRE, ADV. FREDRIK BIE, ADV. FLEMMING M. KARLSEN

ADV. HEGE OFTEDAL, ADV. RAGNHILD PEDERSEN, ADV. EIVIND SVERDRUP

ADV. LIV SHELBY, ADV. FLM. DAG JOSEF FOSS ALSVIK.

I KONTORFELLESKAP: ADV. KRISTIAN MONSEN

# Andre saker

Regionplan for landbruket i Rogaland .....	32
Kjøring med breie landbruksmaskinar på offentleg veg – uttale .....	34
Vassdirektivet .....	35
Utbrot av svineinfluensa.....	36
Regionplan for byggeråstoff i Ryfylke .....	37
Setesdal Vesthei Ryfylkesheiane og Setesdal Austhei – høyring av planprogram.....	38
Prosjektet Fra Dal til Fjell – 2009.....	38
Regionplan for energi og klima – Rogaland .....	39
Sprengingssertifikat klasseC - høyring på endring av forskriftene .....	40
St.melding nr.39 – Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen.....	41
Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidler .....	42
Folkefjøset i Rogaland.....	43
Forvaltning av kongeørn .....	43
Bomavgift for traktorar i Finnfast.....	44

## Regionplan for landbruket i Rogaland

Etter initiativ frå Fylkesmannen Landbruksavdelinga har Fylkeskommunen teke initiativ til å utarbeide ein Regionplan for landbruket i Rogaland. Målet med planen er at den skal vera ein strategisk plan for kva som kan gjerast for å styrkja og utvikla landbruket i fylket. Den skal medverka til å styrkja konkurransesettva til landbruket i alle delar av fylket og vera eit verktøy til å meisla ut ein regional landbrukspolitikk som skal enda opp i ein konkret handlingsplan.

Det er Rogaland Fylkeskommune som har den politiske styringa av arbeidet gjennom ei styringsgruppe sett saman av fylkespolitikarar. I tillegg er det oppnemnd ei prosjektgruppe med representantar frå fleire organisasjonar innan landbruket i fylket. Rogaland Bondelag sin representant der er styremedlem Per Inge Egeland, Hjemeland.

Sekretariatet for arbeidet med Regionplanen er lagt til Fylkesmannen Landbruksavdelinga og ut frå det er det oppretta fleire arbeidsgrupper som tek for seg ulike tema. Rogaland Bondelag er representert i fleire av desse.

Arbeidet i gruppene er kome godt i gang og innan utgangen av året 2009 skal dei ha levert sine innspel. Målet er at forslaget til plan skal sendast ut på høyring tidleg haust 2010 og at den skal opp til poltisk behandling i fylkestinget i løpet av vinteren 2010/2011.

### Planprogrammet

Som det første ledet i arbeidet med planen vart det utarbeidd ein planprogram som skal peika på kva tema som skal takast opp i endeleg plan og framdriftsplanen for arbeidet. Utkastet til planprogram vart sendt ut på høyring hausten 2009. Ved behandling av den peika styret på følgjande punkt:

Planprogrammet er omfattande og tek sikte på ”analysera og vurdera” mange ulike tema. Det er bra, men ein vil rá til at ein konsentrerer seg om dei viktigaste tema og gjer ein grundig jobb der ein går inn og heller tek noko enklare på andre område. Om det er sett opp ei stram tidsplan for arbeidet bør ein heller bruka den tida ein må ha, om det skulle gå ut over tidsskjemaet for

arbeidet. Målet med arbeidet må vera å utarbeida ein plan som er lesevenleg. Ein må unngå at det vert ein stort dokument som berre nokre få tek fatt på.

**Bonden og forhold rundt han og hans familie** må vera hovudfokuset i planprogrammet og dermed i den endelege planen. Rogaland Bondelag er svært positiv til at landbruket er omtalt på ein positiv og god måte i mange andre planar – t.d. Fylkesplanen. Men der er det ofte føredlingsindustrien og andre næringa som er avhengige av primærproduksjonen, som vert omtalt. Primærlandbruket – bonden – vert det derimot fokusert mindre på. Difor har Rogaland Bondelag ei klar forventning om at denne planen må ha hovudfokuset på den aktive bonden og rammevilkåra hans.

### Merknadar til enkelte punkt i planprogrammet

#### Formål

Etter opplegget skal det utarbeidast ein handlingsplan som skal rulleraast kvart år. Også andre planar og strategiar vert utarbeidde. Viktig i denne samanhen-

gen er at ein får til ei god samordning av ulike planar og strateginotat slik at ein både politisk og administrativt har dei same hovudmåla for næringa å arbeida etter. I denne planen må det vurderast og fastsetjast kva plan som skal vera overordna andre planar.

## Organisering

Etter planprogrammet skal "Framtidsverkstedet" for landbruket i Rogaland vera ei referansegruppe. Næringa har i lengre tid arbeidd med å utforma og etablera dette fora, men har ikkje lukkast å koma fram til eit opplegg. Målet må vera å få til eit nokolunde tilsvarende opplegg som Trøndelag har gjennom sitt Tenkeloft – Trøndersk Landbruk. Når ein ikkje har kome lenger med saka til nå, føreslo Rogaland Bondelag at dette vert tatt ut av planprogrammet. Det bør heller vera eit av måla i planarbeidet at ein skal få etablert eit slikt organ til nytte for roglandslandbruket, ikkje minst i samband med den strategiske tenkinga ang. framtida for landbruket i fylket.

## Lokalt

Tidlegare var det eit krav til kommunane at det ved kontoret som hadde ansvar for landbruksrelaterte saker, skulle ha eit klart landbruksretta kompetansenivå. Dette vart fjerna for nokre år sidan, noko som fleire har beklaga og landbruksrelaterte saker i kommunen taper på dette. Rogaland Bondelag vil be om at element rundt dette vert vurdert og at ein får fram verdien av å ha god kompetanse innan landbruket i kommuneadministrasjonen. Utviklinga går og mot stadig større overføring av ansvar til kommunane også av landbruksrelaterte saker. Verdien av landbruksfagleg kompetanse vert også ut frå det tilsvarande stor. I frå lokallaga og andre i ulike kommunar får fylkesbondelaget klare signal om at landbruket vert nedprioriter. Verdien av eit godt landbruksorientert kontor i kommunane må framhevast i planen.

## Kompetanse

Rogaland Bondelag er samd i bekymringa i plandokumentet ang. det låge talet på ungdommar som tek agronomutdanning. Som ansvarleg for denne utdanninga må fylkeskommunen arbeida for å gi tilbod om ei utdanning som er



*Mjølkeproduksjonen vil vera viktig også framover i Rogaland, men kor viktige vert vi undrast nok desse kyrne på.*

attraktiv for ungdommar. Opplegg som gir fagbrev for landbruket må det og arbeidast vidare med.

## Lokale matprodusentar

Trendar i den generelle samfunnsutviklinga viser større interesse for spesielle produksjonar. Næringa må leggja opp til å dekka også denne etterspørselen. I denne samanhengen, men også i samband med tenesteytande produksjonar er det enkelte personar som startar opp. For desse er det viktig at det vert bygd opp **eit forum** som kan samla utøvarane i dei ulike produksjonane der dei kan utveksla erfaringar og danna kontaktpunkt seg i mellom og overfor andre organ/instansar.

## Reiseliv

Sjølvé **fundamentet** for reiselivnæringa må vera produktet som vert tilbudd og ikkje service, skilting, tilrettelegging m.m. Desse elementa er også viktig, men det ein tilbyr er det viktigaste. Desse elementa må det arbeidast aktivt med og bør verta ein del av planen.

## Landskapsressursar og produksjon av fellesgodar

Kva område som skal og bør vernast i fylket er dekka opp i mange andre dokument og bør ikkje framstå som noko hovudpunkt her, men meir henvisning. Utmarksressursane er viktige for landbruket og bør koma med. I planen bør

det peikast på kva mulegheter det ligg i desse områda og då må og den såkalla Fjellteksten som går på bruk av verna område, takast med. Generelt vil Bondelaget peika på at aktiv bruk av området ofte er det beste vernet. Dette bør vektleggjast i større grad enn det ein opplever i dag.

Rogaland Bondelag ser positiv til at rovdyrproblematikken vert teke med, men vil klart peika på at etter den nasjonalt vedtekne rovdypolitikken, skal det ikkje vera **fast** tilhald av rovdyr i Rogaland. Tiltak må byggja vidare på denne situasjonen. Om Rogaland til nå har hatt små problem jamfört med andre fylke, er det trendar som tilseier større tilgang av dei fire store rovdyrna pluss kongeørn i fylket. Dette må ein vera oppmerksam på og ha strategien klar for å unngå problem.

# Kjøring med breie landbruksmaskinar på offentleg veg - uttale

Rogaland Bondelag har ved fleire høve arbeidd med denne saka. Ho er også omtalt i årsmeldinga for 2008. Samferdselsdepartementet tok etter oppmoding frå m.a. Norges Bondelag, initiativ til å oppnemnd ei brei samansett arbeidsgruppe for å sjå nærmare på saka ut frå problema som hadde oppstått.

Tidleg sommar 2009 førelag rapporten **Kjøring med brede landbruksmaskiner på offentlig veg**. Den vart sendt på høyring og i samband med fylkeslaget sitt arbeid med uttalen hadde ein møte med Maskinstasjonsforeininga i Rogaland.

Hovudpunktta i fylkeslaget sine uttale:

## Generelt

Innleiingsvis vil Rogaland Bondelag presisera at dei som driv leigekjøring primært ikkje har noko ønske om å kjøra på offentleg veg, men er avhengig av å gjera det for å koma frå gard til gard og utføra oppdragene sine for bøndene. I praksis er trafikken såleis alt minimal og det vert alt i dag teke omsyn til trafikken når dei må ut på offentleg veg.

Ut frå ulukkesstatistikken på offentleg veg er det ikkje noko som viser at årsakene til ulykker med traktorar er breie landbruksmaskinar eller kjøring for landbruket. Ulykkene er derimot ofte knytta til vegarbeid i tettstader eller at traktorar vert nytta til privat bruk av ungdommar. Evt. tiltak bør primært rettast mot desse gruppene og ikkje få ei slik utforming at det sterkt hemmar dei som driv dette som ei seriøs næring. I vårt område er det mange døme på at foreldre i byggefelt, hjelpe ungdomane sine til å kjøpa traktor for å ha den som framkomstmiddel i staden for mindre kjøretøy.

Ein del av denne saka er knytta opp mot fare for konkurransevriding og -fordelar. I det foretak som driv leigekjøring innan landbruket, i svært liten grad også driv på reint entreprenørbasis, kan ein ikkje sjå at dette er noko problem slik. Det bør difor ikkje trekkjast inn i denne samanhengen. I dei tilfella at landbruksbaserte maskinstasjonar eller andre innan landbruket, tek oppdrag for entreprenørar eller driv sjølv innan



*Regelverket for kjøring med breie landbruksreiskap og traktorar på offentleg veg har vore ei viktig sak både for mange lokallag og fylkeslaget. Foto Bondevennen.*

den bransjen, må evt. regelverket som gjeld for desse, tre i kraft. Ut frå den praksisen som er her i området, er det svært lita overlapping.

## Merknadar til dei ulike punkta i innstillinga

### Oppheving av avstandsavgrensinga –

Avstandsavgrensinga på 5 km som ikkje har gått fram i noko regelverk, men berre vilkårleg sett på eit tidlegare tidspunkt, var ein håplaus sak fordi det harmonerte ikkje på noko måte med andre forhold og reglar ang. avstandar. Kravet til rasjonell drifta innan landbruket tilseier også at dette var ei urimeleg avgrensing. Det var difor heilt nødvendig at dette vart fjerna og ein ser svært positivt på at det vart gjort.

### Fartsbegrensing på 30 km/t.

Rogaland Bondelag fryktar ei avgrensing på 30 km/t vil kunna føra til auka irritasjon hjå andre trafikantar og med det risikofulle forbikjøringar. Ei slik avgrensing vil difor vera å gå baklengs inn i framtida.

Ei evt. avgrensing her bør vera ved 40 km/t eller primært det reiskapet er konstruert for. Nye traktorar er i stor grad konstruerte og godkjende for ein fart på 50 km/timen. For reiskap som går på hjul gir CE-godkjenninga retnings-

linjer for farten. Denne godkjenninga bør leggjast til grunn også i Norge. I andre land er det og ei klar utvikling mot at fartsgrensa vert lagt på 40 km/timer eller meir. Også her bør det vera ei samordning med andre land. For reiskap som heng på traktoren og ikkje har eigne hjul, er det farten traktoren har lov å kjøra, som er grensa.

### Krav til merking

Rogaland Bondelag er samd i at det må vera krav om god og klar merking av traktor og reiskap. Det gjeld både lys, refleks og roterande blink. Krava slik det går fram av innstillinga, er etter Rogaland Bondelag si vurdering for rigid og lite praktisk. For fleire maskinar som har ting som stikk noko ut, er det og praktisk vanskeleg å få til ei merking i samsvar med gjeldande og foreslått merking. Ein vil difor sterkt rá til at ein må samordna krava til merking her i landet med krava som gjeld i EU. Det er også viktig at desse kravet vert forstått av andre som er ute i trafikken. Fylkesbondelaget er redd for at dagens krav for ofte er forvirrande for andre trafikantar.

### Krav om følgjebil for maskinar over 3,0 m

Dette kravet vert svært fordyrande for næringa. Landbruksmaskinane har i

dag ein kapasiteten frå 20 - 80 dekar pr time. Gjennomsnittet som vert nytta på kvart skifte vert ut frå dette ca 2 timer. Dette fører til at den som kjører følgjebilen må vera med heile tida og kostnadane vert opp mot 60 % høgare med grunnlag i konkrete tilfelle og tal frå rekneskap til maskinkjørarar. Både ut frå kostnadselementet, men og fordi det vil vera svært vanskeleg å praktisera, vil ein sterkt rá til at kravet for følgjebil vert sett til 3,5 m.

Krav til effektivitet og rasjonell drift innan landbruket er stor. Breie reiskap er ein del av tilpassinga av dette og det går mot den generelle utviklinga og setja kravet til følgjebil ved 3,0 m breie reiskap.

I staden for følgjebil må ein nytta begrepet **følgjekjøretøy** slik at ein ikkje er

bunden til at det plent må vera ein bil. Maskinstasjonane praktiserer ein del at to traktorar kjører ut på eit oppdrag samtidig. Då kan den eine traktoren vera følgjekjøretøy for den andre traktoren som krev følgjekjøretøy.

### Rushtidsavgrensing

er eit heilt håplaust krav. Ein vil presise- ra at maskinstasjonskjørarane i praksis i stor grad prøver å unngå kjøring i rush-tida. I ulike vinner/sesongar då arbeidet ut frå klimatiske og agronomiske vur- deringar, må gjerast på rett tidspunkt, er rushtidsavgrensinga håplaust så lenge ein ikkje er herre over veret. Klimaet her i innhaustingstida gir oss ofte 25 nedbørsdøgn pr månad. Ein er klar over at dette er spesielle tilfelle, men det kan fort oppstå situasjonar der ei rigid rush-

tidavgrensing vil føra til klare økono-miske tap for enkeltbønder som ikkje får utført arbeidet på rett tidspunkt ut frå krav til kvalitet på produktet og fare for forureining og øydelegging av jords-truktur. I rushtrafikken vil heller neppe traktorar vera stor hinder i trafikken då farten oftast ikkje er større enn at trak-torane kan kjøra like fort.

### Støttar Norges Bondelag og TLIF sine forslag

Ut frå det som er nemnd ovafor gjekk Rogaland Bondelag med støtte frå Maskinstasjonsforeininga i Rogaland, inn for Norges Bondelag og TLIF sine forslag i innstillinga. Ein oppmoda og Norges Bondelag om fortsatt å stå på desse forslaga.

# Vassdirektivet

### Bakgrunn for direktivet

EU sitt vassdirektiv vart vedtatt i 2000/01 og lagt inn i EØS avtalen i 2008. Hovudmålsettinga med vassdirektivet er å sikra god miljøstandard (tilnærma naturtilstand) i ferskvatn, grunnvatn og nære kystvatn. Her i landet vart det vedtatt ei forskrift i 2007 som beskriv korleis arbeidet skal gjerast og som sett ramar for miljømåla som skal sikra ei best mogleg sikring og eit bærekraftig bruk av vassressursane.

I første omgang er det Figgjo-vass-draget som vert omfatta av direktivet, Gjesdal i fylket. Sandnes, Sola, Klepp og Time og litt av Bjerkreim er ned-slagsfeltet for dette vassdraget. Tiltaks-plan for arbeidet for betre vassstilstand skal vedtast av fylkestinget og få status som regionplan og godkjennast i stats-råd. Alle andre aktuelle vassdrag skal ha godkjende tiltaksplanar innan 2015.

Fylkesmannen i Vest Agder har vore Vassregionmyndighet for Agder-fylka og Rogaland . Rogaland fylkeskommunen overtar dette ansvaret frå 2010, avgrensa til Rogaland fylke.

Følgjande mål er sett opp for vass-kvaliteten:

- Svært god
- God
- Moderat
- Dårleg
- Svært dårleg

Under dei to første punkta er vat-net tilfredstillande, men på dei neste punkta må det setjast inn tiltak, og det



*Reine vassdrag og vakert landskap er viktige element for landbruket.*

er først og fremst avrenning av fosfor og erosjon som må avgrensast.

Det er dei øvste vassdraga i Figgjo-vassdraget som fell inn under god eller betre vasskvalitet.

I store delar av Rogaland vil vassdi-rektivet krevja tiltak for å redusera av-renning til vassdrag.

Fylkeslaget har følgt denne maka heilt frå starten av og delteke aktivt på sam-lingar som har vorte arrangert og kome med innspel i prosessen i samband med utarbeiding av forslag til tiltaksplanar. RB arrangerte eit avklaringsmøte/sig-

nalmøte med fylkesmannen sine avde-llinger og vassregionmyndighet.

### Kompetanse og fagleg innhald på tiltak

Rogaland Bondelag har i dette arbeidet peika på at dei tiltaka som vert innført må vera fagleg vurdert og at det må kunna påvisast effekt. Tiltak av større omfang må også ha ein samfunnsøko-nomisk vurdering og ei konsekvensvur-dering for landbruksnæringa og den enkelte bonden.

## **Merknadar til foreslegne landbruksretta tiltaka**

- **Ingen fosfortilførsel gjennom mineralgjødsel ved P-AL >10**
  - Uproblematiske i gras og korn. Effektivt tiltak
- **Ingen fosforgjødsling (heller ikkje husdyrgjødsel) ved P-AL tal >15**
  - Dette punktet er tatt ut i det endelige forslaget, men dersom ikkje P-talet på sikt går ned vil nok dette forslaget kome opp igjen. Skal konsekvensutgreiast. Store konsekvensar for landbruket dersom noko slikt vert vedtatt.
- **Forbod mot gjødsling utanom plantenes vekstssesong. Ingen gjødsling etter 1. august.**
  - Krev forskriftsendring. Kan tas med i frivillig miljøavtale, effektivt
- **Gjødsling i tråd med plantenes behov. (redusert P gjødsling)**

- Uproblematiske, effektivt
- **Motivering til miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel.**
  - Tilskot til miljøvenleg gjødsling av husdyrgjødsel må gis på vilkår av at lager for husdyrgjødsel er tømt innan 1. August. SLF bør vurdera om vilkåra skal utvidast til at det ikkje skal speiast husdyrgjødsel etter 1. august. (restgjødsel lagrast til spreiling om våren)
  - Rimeleg upproblematiske, dyrt utstyr
  - Utstyret kan ikkje nyttast på beite
- **Ugjødsla randsoner mot vassdrag. 5 m ved grasproduksjon og 10 m ved grønsak- og kornproduksjon.**
  - Effektivt tiltak
  - Arealknapphet i Rogalandsjordbruket
  - Kun vassdrag med heilárvassføring?
  - For dei fleste upproblematiske
- **Naturleg vegetasjon mot vann og vassdrag**
  - Effektivt tiltak
  - Arealknapphet i Rogalandsjordbruket
  - Problematiske på dyrka mark
- **Kunstig våtmark og renseparkar**
  - Dyrt tiltak, større effekt med ugjødsla kantsoner
  - Uproblematiske, dagens praksis
- **Prøvetaking mhp rester av plantervernmidlar**
  - Uproblematiske
- **Grunneigaravtalar som er tilpassa kvart enkelt bruk. Frivillige miljøavtalar som gjer ekstra tilskot gjennom RMP.**
  - Dette tiltaket går RB sterkt inn for. Dersom ikkje landbruket ryddar opp sjølv, vil det koma forskrifter som er krevjande i forhold til den dyretetheta ein har i fleire område i Rogaland.

# Utbrot av svineinfluensa

Midt i oktober 2009 vart det første tilfelte av svineinfluensa i ein grisebesetning konstatert i Nord-Trøndelag. Berre nokre dagar seinare rundt 20. oktober vart det første tilfellet konstatert her i fylket og då på Jæren.

Svineinfluensa er ein virussjukdom og varianten som vart registrert her til lands var ein heil ny variant som ikkje var den same som i fleire tiår har gitt sjukdom på svin i dei fleste andre landa i Europa. Norge og Island hadde til då gatt fri sjukdommen.

Då det første utbrotet vart registrert her i fylket hadde Nord-Trøndelag som nemnd alt fått registrert fleire tilfeller og fleire kom til. Ut frå dette vart det straks teke kontakt med Nord-Trøndelag Bondelag for å få innsikt i deira engasjement i saka. Norges Bondelag var og sterkt engasjet i saka.

Ut frå erfaringar frå Trøndelag vart det frå Rogaland Bondelag straks teke kontakt med Regionkontoret til Mattilsynet på Sandnes der fylkeslaget bad om å få verta trekt inn i det vidare arbeidet og tiltak som skulle gjennomførast. Ut frå dette vart Rogaland Bondelag med i ei gruppe Mattilsynet organiserte der også Norsvin Rogaland og slakteria i fylket var med. Denne gruppa hadde fleire telefonomøte og ein fekk oriente-



Friske griser er viktig også framover

ring om utbrot i Rogaland, noko fylkeslaget og vart fortlopande orientert om frå Norges Bondelag.

Eit mål med arbeidet til gruppa var å verna dei som hadde fått utbrot så langt dei sjølv ikkje ville stå fram i media. Ved dei første utbrota vart det teke direkte kontakt frå Bondelaget si side, då første og fremst ved fylkesleiaren for å drøfta situasjonen og få innspel frå dei

som kom oppi situasjonen. Denne kontakten vart og delvis følgd opp for å få tilbakemelding om korleis dei følte situasjonen hadde vore. Fylkeslaget deltok og på eit møte på Mattilsynet sitt regionkontor der alle som på det tidspunktet hadde fått konstatert svineinfluensa, var inviterte. Frå sentralt hald vart det og utarbeidd retningslinjer for handtering av svineinfluensa – retningslinjer

# Regionalplan for byggeråstoff i Ryfylke

som i stor grad vart vel aksepterte hjå svineprodusentar som vart ramma.

Nord-Trøndelag var det fylket det vart registrert flest tilfelle av svineinfluenta med nær 30 tilfellet ved månads-skiftet nov/des. Rogaland hadde på det tidspunktet rundt 10 tilfelle, medan det var frå 1 til 3 tilfelle i fleire andre fylke. Viktig ledd i organisasjonen sitt arbeid var og å spre informasjon om tiltak svineprodusentar og andre kunne føreta seg for å hindra speiing. Eit viktig punkt i det var å halda god hygiene hjå alle og særleg hjå dei som var i grishus. For Bondelaget og andre var målet heile tida at ein skulle fortsatt ha ein svinepopulasjon i Norge som var fri svineinfluenta. Om ein maktar det er det fortidleg til å seia noko om.

Sjukdomssituasjonen vart svært mykje drøfta og på nasjonalt plan vart det tidleg hausten 2009 planlagt ein lands-omfattande vaksinasjon av alle innbyggjarar i frykt for at det skulle verta ei stor utbrotsbølgje med svineinfluenta – ein pandemi vart det mykje snakk om. Vaksinasjonen vart i stor grad gjennomført i løpet av november og desember med bra oppslutning. Etter initiativ frå Bondelaget vart svineprodusentar prioriterte under vaksinasjonen etter helse-personalet og sjuke folk.

Svineinfluenta var eit heftig tema i mange fora utover hausten til uti desember, men konstatering av nye tilfelle stoppa opp og heile saka roa seg svært mot årsskiftet 2009/2010. Ennå er det likevel rett å halda eit ope auga på saka. I ettertid kan ein greitt seia at problema gjekk over i likaste laget. Få av dei som fekk konstatert influensa i sin besetning lei noko særleg tap og "sjuke" besetningar vart frigjort etter sju dagar utan kliniske symptom av sjukdommen i besetningen. Noko strengare for foreldingsbesetningar.

Mattilsynet vil framover prøva å danna seg eit bilet av situasjonen ang. i kor stor grad ein har sjukdommen i den norske svinebesetninga eller ikkje.

Rogaland fylkeskommune skal utarbeida regionplan (tidligare fylkesdelplan) for byggeråstoff i Ryfylke. Ein slik plan kartlegg førekomstar av sand m.m. og ser på konsekvensane ved uttak. Det var planprogrammet som var ute på høyring. Ein planprogram legg føringer på kva problemstillingar som skal belysast i plandokumentet.

I uttalen som Rogaland Bondelag gav var hovudtema:

- I planen sitt geografiske område er det i dag fleire som driv med uttak av byggeråstoff. Det er i samband med uttak lagt ned store investeringar i

infrastruktur som kaiar og vegar m.m som må kunna nyttast så lenge som drivaren finn det tenleg å halda fram med uttak.

- Korleis område for uttak av byggeråstoff skal forlatast ved avvikling av tiltaket, må vera eit tema i planprogrammet.
- Alle påviste område for byggeråstoff i planområdet, sjølv om området er urealistisk eller kjem i konflikt med regionale eller nasjonale verneinteresser, bør kartleggjast og vurderast.
- Grunneigarane bør vera representert i prosjektgruppa.

TINE Nøkkelrådgiving

## Dine behov i sentrum

Som bonde må du beherske ulike roller; alt fra røkter og fördyrker til å være eier og daglig leder av en virksomhet. Både daglig drift og større, langsigte avgjørelser skal håndteres. Mange oppgaver skal utføres, mange behov skal dekkas. Alt konkurrerer om tiden din. Å kjenne behovene hos seg selv og bruket, er avgjørende for å prioritere riktig. Hva er det jeg virkelig vil? Hva skal til her på bruket? Ved å sette dine og brukets behov i sentrum for rådgivingen, blir det lettere å komme dit du vil!

TINE Nøkkelrådgiving

Bondens behov og målsetninger er grunnlaget for rådgivingen. Helhetlig drift står i fokus. TINE Nøkkelrådgiver kan bistå med å sette mål, planlegge, koordinere TINE Rådgivere og andre, inspirere og følge opp.

strategisk rådgiving  
økonomi  
bygningsteknikk  
ku- og geitekontrollert  
Fagkompetanse  
avl  
KSL  
melkekvalitet  
off. forvaltning  
helse  
plantedyrking  
föring

TINE Rådgiving

Ta kontakt med TINE Rådgiveren for mer informasjon

# Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei - høyring av planprogram

På vegne av alle berørde fylka i regionen sende Rogaland Fylkeskommune ut forslag til planprogram til høyring. Fylkeslaget sende forslaget til dei berørde lokallaga og fylkeslaget mottok uttalen frå Gjesdal Bondelag. Styret støtta denne uttalen og den følgde med som vedlegg til fylkeslaget sin uttale.

Fylkeslaget peika i sin uttale på følgjande hovudpunkt:

Det geografiske området Planprogrammet dekker, er stort og mange kommunar og fylkeskommunar er involverte. Ein har forståelse for behovet for ei meir einsarta forvaltning for heile området, men nærhet til forvaltningsstyresmaktene er viktig for grunneigarane. Fylkesbondelaget ba om at dette vart ivaretake og organisert på ein slik måte at grunneigarane får ei enkel og rask behandling av spørsmål ang. forvaltninga av området.

Rogaland Bondelag sa seg einig i at det er viktig å gjennomføra ei forvaltning av området som ivaretak reinsdyrstammen.

## Avgrensing av området

For planområdet er det teikna grove kart, men når endelige grenser skal setjast, må det gå klart fram kor grensene skal gå og dei må trekkjast slik at aktivt

brukt jordbruksareal, skogbruksareal, bustadområde eller anna aktiv næringsdrift generelt, ikkje må verta pålagt avgrensingar gjennom dei nye forvaltningsreglane.

Etter den såkalla Fjellteksten er det i større grad opna for næringsdrift innafor verneområde. Dette må det og takast omsyn til. Rogaland Bondelag ser det som svært positivt at det i Planprogrammet står at *Planarbeidet skal ha fokus på utmarksressursane i landbruket*. Bondelaget tek det som gitt at dette vert fullt opp i det konkrete arbeidet og då med utgangspunkt i kva grunneigarane signaliserer. Landbruket er i ei stadig utvikling og særleg ang. bruk av utmarksområda. Nye forvaltningsreglar må vera tilpassa ei dynamisk utvikling innan landbruket generelt, og spesielt innan dette området.

Randsoner opp mot planeområdet må ikkje verta pålagt avgrensingar ang. disponeringar slik ein ofte har sett i praksis tidlegare for verneområde. Planområdet må gå ned til fastsett grense og området utafor det må ikkje ha avgrensingar ang. disponeringa av området.

## Rovdyrpolutikken

Store deler av området planen omfattar er viktige beiteområde for sau. Denne

bruksmåten er svært viktig for at vi også framover skal ha heiområde som er interessant for friluftslivet m.m. Framtidig forvaltningsreglar må sikra denne bruken. Fylkeslaget ber om at dette også gjenspeglar seg i vektlegginga av ulike brukarinteresser i regionplanen.

Ein er kjent med at problema med rovdyr i dette området er heller avgrensa pr i dag, men dei store rovdyra er på vandring og ein kan fort få større problem. Forvaltningsreglane må difor ta høgde for rovdyrproblematikken og gi opning for effektiv uttak av skadegjerrrar. Det er og viktig ut frå hovudelementet i forvaltninga – å ivareta reinsdyrstammen i området.

## Grunneigarrepresentasjon i utredningsarbeidet

Bøndene er i stor grad grunneigarar av dette området. Ut frå kravde Rogaland Bondelag at dei må verta direkte representert også i Styringsgruppa. Landbruket er teke med i Referansegruppa. Det er bra, men her bør det vera med meir enn ein person, minst ein frå kvart fylke.

# Prosjektet Fra Dal til Fjell - 2009

Etter den sentrale prosjektplanen skulle Rogaland ta del i prosjektet Fra Dal til Fjell siste året av prosjektperioden – dvs i 2009. Det hadde tidligere vært kontakt fra prosjektledelsen sentralt til både Stavanger Turistforening og Rogaland Bondelag. Begge hadde gitt positiv tilbakemelding om at de var interesserete i å gå inn i prosjektet og gjennomføre turoppligg sommeren 2009. Disse to organisasjonene hadde også tidlig hatt kontakt med hverandre og var innstilte på å planlegge og gjennomføre turer sammen sommeren 2009 som et ledd i prosjektet.

Begge organisasjonene har vært på felles møte i regi av prosjektet for å få informasjon om prosjektet og senere oppfølging av det:

- Rogaland Bondelag deltok på møte i Bergen våren 2008
- Begge organisasjonene deltok på samling 21. – 22. august 2008 på Sem Gjestegård i Asker
- Begge organisasjonene deltok på møte på kontorene til Den Norske Turistforeningen 10. mars 2009

I tillegg til disse samlingene har en hatt flere møter der bare Stavanger Turistforening og Rogaland Bondelag har møttes for å planlegge opplegg for sommeren 2009.

For å komme fram til aktuelle gårder og/eller setrer det kunne være aktuelt å legge turer til, gjennomførde Rogaland Bondelag tidlig høsten 2008 en forespørsel til lokallagene sine for å høre om det var aktuelle steder i lokal-

miljøet en kunne ta kontakt med i den videre planleggingen. Så mange innspill ble det ikke av det, men gjennom denne runden og ved at Stavanger Turistforening og fylkesbondelaget hver for seg hadde visse direkte kontaktrunder, satt en igjen med flere potensielle plasser en kunne gå videre på.

Under planleggingsarbeidet ble en fort enig om at en ville konsentrere seg om å planlegge få turer og gjennomføre di, framfor å legge opp til flere turer der noen gjerne måtte avlyses på grunn av forlitne deltakelse. Ut frå dette la vi opp til to turer der Turistforeningen sin hytte i Stranddalen, Suldal var målet for begge. Begge turene ble gjennomførte.

## Tur nr 1 - Fra gardsbesøk til Stranddalen

Turen ble gjennomført mandag 6. – onsdag 8. juli med 21 deltagere derav 12 barn.

Turen ble lagt opp som en sommerferie for barnefamilier som ønsket en helt spesiell fjelltur. Den startet med besøk på Vårvik gard på Gullingen i Suldal der deltakerne kunne stifte betre kjennskap til flere dyreslag som mohairgeiter, lama, minigriser og sauер av ulike slag. Etter overnatting i lavvo gikk turen neste dag med bil til Øvre Moen for så å gå en ca tre timers tur opp til turistforeningens sin hytte i Stranddalen for overnatting og hjemreis derfra på onsdagen. Været var bra mens en oppholdt seg ute, men det var tunge regnbygjer som for over områda om nettene.



Bjørn Vik med kløvhesten på veg til Turistforeninga si hytte i Stranddalen.  
I sesongen går kløvhesten to ganger i veka med rundt 100 kg proviant med seg inn til hytta.

## Tur nr 2 - Kløvhest til Stranddalen

Denne turen ble gjennomført lørdag 11. og søndag 12. juli med 20 deltagere.

Turen startet med besøk i nordens største kraftstasjon i Kvildal i Suldal. I løpet av en times tid fikk gruppen god innføring i kraftproduksjonen og hvordan vatnet ble utnyttet flere ganger før det rant ut i fjorden.

Etter dette kjørte en videre opp til Saurdalens for å gå i heia og fram til Stranddalhytten – en tur på vel 4 timer. Under veis innover i heia tok Bjørn Vik med kløvhesten sin oss igjen. I løpet av turistsesongen for Stranddalhytten gikk hesten to ganger i uken med 80 – 100 kg proviant på ryggen. Godt midtveis fram til hytta møtte folk fra Stranddalen oss med nystekte vafler, syltetøy og kaffe. En

ekstra spiss på turen langt inne i heia.

Etter en god middag og en god prat om kvelden gikk turen tilbake til Saurdal på søndagen. Om sola uteble så hindra regnet oss heller ikke.

**Under begge turene** ble det orientert både om floraen en såg og om geologien i området. Under måltidene særlig til middagene om kvelden, ble det nytet lokal mat som smakte fortreffelig.

På begge turene var det med turlede fra både Stavanger Turistforening og fra Rogaland Bondelag. Anne Katrine Lycke representerte Stavanger Turistforening under begge turene, mens Mai-frid Husebø var Rogaland Bondelag sin representant under familieturten og Svein Helge Harbo var Bondelaget sin representant på den andre turen.

## Signal fra deltakerne

Under begge turene var det svært positive signal å registrere når turen var gjennomført. Grupper på rundt 20 personer er passelig store for fjellturer og alle følte seg som en passe stor gruppe der alle hadde god kontakt med alle. Tilbakemeldingene fra deltakerne var også at det var av interesse å følge dette opp og arrangørene fikk klare oppmodning om å fortsette samarbeidet og gjennomføre tilsvarende turer også framover, noe begge organisasjonene også har signalisert at de er interesserte i.

Rogaland Bondelag er også innstilt på å fortsette samarbeidet med Stavanger Turistforening og gjennomføre tilsvarende turer også seinere år.

# Regionalplan for energi og klima - Rogaland

Rogaland Fylkeskommune sende ut Regionalplan for energi og klima i Rogaland på høyring. Planen legg fram forslag på tiltak ein kan gjera lokalt for å møta klimautfordringane. Fylkesbondelaget hadde følgjande merknadar til planen:

- Hausten 2008 vart Rogaland Bondelag bedd om å koma med merknadar til Planprogrammet for fylkesplanen. Fylkesstyret bad då om at næringa v/ Bondelaget burde vert direkte representert i gruppa som skulle arbeida med Primærnæringa og i arbeids-

gruppa for Areal og transport. Styret er skuffa over at Fylkeskommunen ikkje fann å kunna ta med representantar direkte frå næringa i desse gruppene.

- I planen som vart sendt ut sakna styret meir konkrete vurdering av konsekvensane dersom ein ikkje gjer noko nå og kva konkrete tiltak som må til for å nå dei ulike måla som er sett opp i planen. Bondelaget ser at dette kan vera vanskeleg, men det burde likevel vere konkretisert meir enn det som er gjort i den framlagde planen.

- Rogaland Bondelag ba om at det vert lagt til rette for og stimulert til bygging av biogassanlegg i ulik størrelse – både store fellesanlegg, men og mindre anlegg der nokre få bønder går saman.
- Bondelaget støtter ei sterkare satsing på bygging av klimavennlig energi – vindkraft og småkraftverk. Staten må gå inn med meir midlar og ulike vernevedtak som Samla plan, må i mindre grad stoppa utbygging av slike tiltak. El-nettet må og utbetrastr slik at det heller ikkje er til hinder for ut-

bygging av mindre anlegg.

- Rogaland Bondelag er innstilt på å vera med å bidra til at målsettinga for primærnæringa vert realisert:
  - Energibruken i landbruket skal reduseres med 10 % pr produsert enhet innen 2020.
  - Utsippet av klimagasser fra landbruket skal reduseres med 15 % innen 2020, tilsvarende ca 100.000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter.
  - Øke bindingen av CO<sub>2</sub> i skog med 100.000 tonn pr år innen 2020 slik at samlet CO<sub>2</sub>-binding da skal være på ca 650.000 tonn
- Ein føresetnad for å kunna gå aktivt inn for å nå desse måla er at ein får ein betre oversikt over kva praktiske konsekvensar det vil ha for næringa og enkeltbønder. Forsлага til tiltak må vera konkrete og oppnæalege.
- Eit meir rasjonelt opplegg for transport innan landbruket vil kunna redusera ulike utslepp. Det vil krevja

ein godt utbygd og vedlikehalde vegnett også ute i distrikta.

- Krav om nedmolding av husdyrgjødsel må ikkje vera absolutt. Det er ei svært kostbar løysing reint teknisk og sjølv på dyrka mark let det seg ikkje gjennomföra alle stader på grunn av jordforholda og arronderinga. Bruk av slikt utstyr krev og store maskinar som i neste område vil føra til jordpakkning og därlegare vekstforhold for plantene.
- Nedmolding av gjødsel let seg heller ikkje gjennomførast på kulturbeite. Ca 300.000 dekar av jordbruksarealet i Rogaland er slikt areal og utgjer såleis ein vesentleg del av ressursgrunnlaget for næringa. Det vil vera heilt urimeleg dersom framtidige krav tilseier at ein ikkje kan nytta deler av dette arealet til spreiing av husdyrgjødsel.
- Krav og pålegg må ikkje vera dei einaste faktorane ved gjennomføring

av ulike tiltak. Det må og føreliggja økonomiske tiltak for å stimulera til nødvendig omlegging. Ordninga over jordbruksavtalen ang. støtte til miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel har berre etter kort virketid, hatt positiv effekt. Ordninga må styrkast med "friske pengar".

- Energi og klimaproblem kan ikkje berre vera landbruket sitt ansvar slik ein av og til får inntrykk av. Det må vera eit felles løft for alle næringsgreiner og at vi alle har eit personleg ansvar. Holdningsendring må vera eit viktig punkt i denne samanhenget.
- Landbruket skal vera med å ta ansvar, men ein må ikkje gløyma at behovet for matproduksjon både nasjonal og globalt, vil auka vesentleg framover. Næringa må ikkje via ulike tiltak vera hindra i å vera med å dekka opp dette behovet.

## Sprengingssertifikat klasse C

### - høyring på endring av forskrift

Rogaland Bondelag ga uttale til revidering av forskrift på handtering av eksplosjonsfarleg stoff. Det er i denne forskriftena blant anna sprengingssertifikat klasse A, B og C er heimla. Kort fortalt er sertifikat A for profesjonelle stein- og bergsprengarar, klasse B er for konkrete oppdrag og C-sertifikatet for mindre sprenging på eigen jord- og skogeigedom.

For landbruket er forslaget om opphøyr av sprengingssertifikat klasse C som får størst konsekvensar. I dagens regelverk heiter det at dersom ein skal utføra små, rutineprega sprengingsarbeid og det vert brukt heilt avgrensa mengder med sprengstoff pr år på eigen eigedom innan jordbruksområdet, skal ein ha sprengingssertifikat klasse C. Det er utarbeida regelverk om kjøp og lagring av dynamitt i regelverket for sertifikat C ordninga. Dagens grense for kjøp er 25 kg dynamitt og 100 knall.

Dei viktigaste endringar i forslag til ny forskrift som påverkar sprengingssertifikat klasse C:

- Det er direktoratet som skal administrera den nye sertifikatordninga.
- Godkjent lager med alarm, uansett mengde dynamitt



Fra demonstrasjonen med bruk av kruttbasert steinsprekking på garden til Livar Nedrebø i Time i mars 2009. Effekten var brukbar påstein som låg oppå jorda, men det fungerte dårlig ved sprenging av fast fjell. Effekten av sprenginga vart grundig vurdert og diskutert under demonstrasjonen.

- Det vert innført ID merking og sporingssystem på dynamitt og tennarar/knall
- Det skal førast sprengingslogg
- Nye sertifikat vert gitt dei som har relevant fagbrev eller relevant ingeniørutdanning med min 1 års praksis. (kompetansekrav)

- Det vert innført ein ny paragraf som omhandlar bergsprekking: det er bruk av krut eller pyroteknisk lading som sprekker eller deler berg eller anna materiale.

På garden til leiar i Time Bondelag, Livar Nedrebø, arrangerte Rogaland Bondelag demonstrasjon av krutbasert steinsprekking i mars 2009. For sprekking av frittliggjande stein var krutbasert stoff brukbart, stein vart kløyvd slik at ein kan handtera steinen med gravemaskin. Det var også demonstrasjon på sprekking av fast fjell, resultatet var ikkje brukbart. Krutbasert stoff er ein del dyrare i forhold til dynamitt.

I uttale til nytt regelverk krevde Rogaland Bondelag at det vart ei form for C sertifikat som gjer det mogleg for bønder å utføra mindre sprengingsarbeid på eigen eigedom. For mange som driv skjøtsel i skog og mark er denne sertifikatordninga nærmest heilt nødvendig, både av økonomiske, praktiske og arbeidsmessige grunnar. Utan C-sertifikat må bonden nyta entreprenør for å gjera dei mest enkle sprengingsoprasjonar. Skal ein nå fram med å ha ei ordning som klasse C-sertifikat i tida framover, må ein godta ei innstraming av bruk og lagring av sprengstoff. Det må i forskrifta innførast eit regelverk som er målbart og betre målretta for målgruppa – mindre sprengingsarbeid på eigen landbruks- og skogeigedom.

Forslag som kan gjera bruk og handtering av sprengstoff meir i tråd med intensjonane i forslag til forskriftsendring:

- Målgruppa må definerast til bønder som driv eigen jord- og skogeigedom
- Redusera dagens maks grense på rekvisisjon for kjøp av sprengstoff.
- Innføra kompetansebevis for bruk av eksplosiv på eigen eigedom.
- Krav om sikker oppbevaring av sprengstoff og lager etter "KSL standard"
- Godta krav til merking av dei forskjelle typene eksplosive for sporring.
- Krav om sprengingslogg og sporingssystemet må vera ein del av dokumentasjonen.

Ved endeleg behandling av saka vart C-sertifikatet tatt vekk.

# St. meld nr. 39

## – Klimautfordringene

### – landbruket en del av løsningen

Landbruks- og matdepartementet la sommaren 2009 fram innstillinga

**St.meld nr.39 – Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen.** Den vart via Norges Bondelag sendt ut til fylkeslaga til høyring og nedafor har ein referert hovudpunkt i Rogaland Bondelag sin uttale:

#### Generelt

Matproduksjonen er primærøppgåva til landbruket i Norge så vel som i resten av verda. Med sterkt aukande behov for matproduksjon på verdsbasis – både ut frå auke i folketalet og auke gjennomsnittleg forbruk pr person – må klima tiltaka overfor næringa balanserast slik at det ikkje set mattforsyninga i fare for framtida. Samtidig må aktuelle tiltak retta mot landbruket vera effektive for å redusera utslepp der dei vert sett inn og næringa må og gjera sitt til at produksjonen vert mest mogleg klimanøytral.

Vidare reika fylkeslaget på at ein ikkje må snevrar debatten om miljøet berre til klima. Ein må ha eit vidt perspektiv og vurdera tiltak innan forureining, ressursknapphet angående energi og tilgang på ferskvatn og jordbruksvarer i global samanheng. I tillegg må også forhold kring dyrevelferd og biologisk mangfold trekkjast inn.

Fotosyntesen er den viktigaste verdiskapande elementet i naturen. Forholda for den må ein leggja til rette for slik at den kan føregå optimalt på størst mogleg areal.

#### Klima:

Viktig framover er å få fram ein meir forståeleg og konkret informasjon om kva utfordringane eigentleg gjeld og kva vi som einskilde personar kan gjera og kva landbruket kan gjera ut frå sin produksjon. Auka kompetanseheving hjå bøndene både generelt og spesielt innan dette temaet, er difor viktig. Likeins er større innsats på forsking avgjeraande for å oppnå dei mest effektive og optimale løysingane. Dette må og klart visast att i bevilgninga til dette formålet i Statsbudsjettet. Jordbruksavtalemlar må berre i heilt spesielle høve nyttast til tiltak i denne samanhengen,

men dette må vera eit felles løft ut frå friske midlar over statsbudsjettet.

#### Aktuelle andre tiltak

- Ut frå omsynet til at det er viktig at dei mest produktive jordareala vert reservert til kornproduksjon, må ein oppretthalda kanaliseringsspolitiken.
- Omsynet til klimautfordringane må og trekkjast aktivt inn i jordvernde batten då det er viktig å oppretthalda matproduksjonen på dei mest produktive areala.

#### Energi - produksjon av fornybar energi

Det er fortsatt stor interesse for utbygging av **mindre vasskraft**. Dette må prioriterast og verneelementa må ikkje vera til hinder for slik utbygging i den grad mange bønder og grunneigarar har møtt fram til i dag. Kraftnettet må og utbetraast for å ta i mot elkrafta frå ei slik utbygging.

Det må og leggjast til rette for bygging av biogassanlegg og då først og fremst for mindre einingar der ein del bønder går saman om oppføringa. Slike tiltak må få økonomiske rammevilkår som gjer det interessant for dei å starta opp. Ved etablering av større biogassanlegg der bøndene i hovudsak er leverandørar av råstoff, må rávarene bøndene leverer frå seg, verta verdsett og dei må få sin del av verdiskapinga som skjer i slike anlegg.

#### Matproduksjon/ tilpassing til endra klima

Sauhaldet vert i samband med utslepp av klimagassar ofte vurdert som verstin gar når ein tek utgangspunkt i produktiviteten. Det vert og ofte nemnd at denne produksjonen må "fredast" i denne samanhengen. Rogaland Bondelag er einig i det. Ut frå nytten sauhaldet har som pleiar av kulturlandskapet, vil det vera urimeleg å avgrensa denne produksjonen. Element ein vinn med det, vil fort verta sterkt redusert ved tapet av andre ting ved redusert sauheiting.

Det vert hevda at norsk landbruk innan 2020 ikkje lenger skal nytta forsilt brensel til oppvarming. For fleire produksjonar vil det kunna gå, men det vil

vera heilt urimeleg å stilla eit slikt krav overfor veksthusnæringa. Gjennom eit godt utbygd distribusjonsnett og installering av store gasstankar hjå gartnarane, er gass truleg den viktigaste og mest konkurransedyktige energikjelda for veksthusnæringa her i fylket i dag. I denne samanhengen må ein heller ikkje gløyma at næringa nyttar CO<sub>2</sub>-gassen ved brenninga direkte inn i veksthuset og bind såleis CO<sub>2</sub>-gassen i produksjonen. Veksthusnæringa sin situasjon må ein ta sterkt omsyn til i det vidare arbeidet med klimasaka.

Auka kompetanse hjá bøndene og med det større forståelse for klimautfordringane er viktige element skal ein kunna nå målsetningen om redusert klimautslepp.

#### Eit felles ansvar

Ei samla næring og bøndene enkeltvis må ta sitt ansvar som er lagt inn i meldinga, men ein kan ikkje forventa at bøndene skal ta ansvar berre ut frå eit ideelt grunnlag. Inntektsnivået i næringa er alt så lågt at næringa ikkje har noko å gå på og må få økonomiske ram-

mer som kompenserer for avlingsredusjon eller auka kostnadar ved tilpassing til klimameldinga.

Den økonomiske innsatsen som vert nytta må brukast der det vert gitt mest mogleg optimale utslag. Difor bør ein ikkje vera særleg bundne til kva næringssgrein som får nytta midlane.

Ang. klimatiltak som er mest realistiske å gjennomføra på kort sikt vil Rogaland Bondelag peika på grøfting for å oppnå optimale vekst på størst mogleg areal.

## Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmidler

I frå Norges Bondelag fekk fylkeslaget tilsendt innstilling frå arbeidsgruppe nedsett av Landbruks- og matdepartementet.

Grøntutvalet drøfta spørsmålet og problema ved redusert tilgang av plantevernmiddele i samband med uttalen sin til jordbruksforhandlingane tidlegare om våren. På grunn av ei grundig drøfting der fann ein det ikkje aktuelt å kalla inn til eit nytt møte i utvalet, men nyttar deler av utvalet sin uttale også i denne samanhengen. Hovudinnhaldet her var følgjande:

Plantevern er ei stor utfordring i grønsakdyrkinga. Rogaland har ein stor produksjon av tidlegkulrot under plast. Ugrasmiddelet Afalon vart nytta fram til 2008. Norsk Landbruksrådgivning har lagt ned mykje arbeid i dispensasjonssøknad for bruk av Afalon i 2009. Dei fekk avslag både på søknad og anke. Det er ein fortvila situasjon dyrkarane er oppe i. Dei ugrasmidla ein nå har lov å bruka, har vist svært stor årsvariasjon og ofte blir det svært mykje ugras, og gulrot konkurrerer därleg med ugras. Dette medfører mykje større risiko og kostnad i tidlegproduksjonen.

I krossblomstra vekstar hadde dyrkarane jordherbicidet Ramrod. Også det hadde i utgangspunktet sitt siste bruksår i 2008. Rogaland har stor tidlegproduksjon under dekke. Utan jordherbicid vil dette føra til store utfordringar og meir arbeid. Norsk Landbruksrådgivning har også her lagt ned mykje arbeid i dispensasjonssøknaden. Etter å ha anka avslaget, fekk ein lov å nytta Ramrod i 2009 og 2010 i enkelte kulturar under plast

*Helge Lode demonstrerer sprøyteutstyret til ATV-en sin. For å auka fremkomstevna og betra stabiliteten på kjøretaket, har han også skaffa seg tvillinghjul.*

Foto Bondevennen.

og i kålrot og nepe på friland, men med svært redusert dosering.

Forsøksringane har saman med Bioforsk hatt forsøk og utprøvingar i mange år, for å finna alternative løysingar, utan å lukkast. Det er også lite nye ugrasmiddele å prøva, men med ein gong det kjem nye middel blir dei utprøvd. Sjølv om eit nytt middel har god effekt, er det ikkje alle midla som vert godkjent av Mattilsynet.

Fortvilelsen er stor over at middel vert utfasa før det kjem inn erstattande middel eller alternative tiltak. Ein føler også at det manglar ein "heilheitleg" oversikt. Kålrot er eit godt døme på det. Det har vorte arbeidd i mange år med å finna alternative metodar til å bekjempa kålfluga, der ein har enda opp med å nyttar eit insektsnett. Det fungerte godt, men så vart det einaste ugrasmiddelet ein kunne nytta, fjerna. Skal dyrkarane ha kontroll på ugraset, må dei ofte fjer-



na nettet for å radreinsa, men då kjem kålfluga inn.

Midlar til forsking generelt innan grøtnæringa må aukast. Avgifter som vert trekt inn ved kjøp av plantevernmiddele må i sin heilhet gå til utvikling av nye middel eller til utvikling av produksjonsmetodar med redusert eller ikkje bruk av plantevernmiddele. Det må vera eit krav at det må føreliggja tilfredsstillande alternative middel/løysingar før gamle middel vert fjerna. Ein har registrert at middel som er lovlege i økologisk produksjon i andre land ikkje vert godkjent i den konvensjonell produksjonen av grønsaker her i landet.

Uvalet støttar opp om arbeidet forsøksringane, NGF og næringa generelt har utført og oppmoda Norges Bondelag å gå aktivt inn i saka. Betre løysing er ein forutsetning for at ein også framover skal kunna ha desse produksjonane inkludert frukt, i landet.

# Folkefjøset i Rogaland

Folkefjøset på Jæren er eit 3-årig prosjekt som går i perioden 01.07.2008 til 30.06.2011. Det har til formål å bidra til fornying og modernisering av driftsbygninga for mjølkeproduksjon til akseptable kostnadar. Det skal fokuserast på rimelege bygningstekniske løysingar som bønder flest har råd til å byggja. I praksis går dette i stor grad ut på å ta med eksisterande driftsbygning i byggeplanen, men det vert også arbeidd med ein ny "typebygning" ein vonar skal bli ein god del rimelegare enn dagens nybygg.

Til nå har 74 gardsbruk meldt interesse for å vere med i prosjektet. Ikkje alle er interessert i å vere pilotbruk som skal nyttast i informasjonsarbeid i prosjektet og der andre kan kome og sjå og få idear og inspirasjon. Dei ønskjer forslag til gode og rimelege byggeplanar som før eller seinare kanskje kan bli realiserte.

Hå kommune var initiativtakar til prosjektet som er bygd etter mønster fra tilsvarende prosjekt i Sør-Trøndelag. I alt 9 kommunar i Rogaland er med i prosjektet. Ei eiga styringsgruppe er



Gammalt og nytt. Til venstre driftsbygningen frå 1983 saman med tilbygget frå 2008. Ventilasjonshatten til høgre på biletet tilhører slaktekyllinghuset. Foto Bondevennen.

oppnemnd til prosjektet og fylkesleiar Arna Høyland er Bondelaget sin representant der Geir Undheim er prosjektleiari. Han har orientert om prosjektet på møte i fleire lokale bondelag i fylket.

Mjølk og slaktekyl-  
ling. Malvin Hebnes  
frå Tananger har fått  
det han ønska seg.  
Ein framtidssretta  
arbeidsplass og høve  
til å vere bonde på  
heiltid. Nytt  
lausdriftsfjøs med  
mjølkerobot gir i  
tillegg større  
fleksibilitet og ein  
mindre strevsom  
kvardag. Foto  
Bondevennen.



Prosjektet har hatt god framdrift og det er framleis stor interesse for både pilotprosjekta og ulike planløysingar for ombygging og tilbygg til driftsbygninga for mjølkeproduksjon. Mjølkerobot har stor interesse, og dei aller fleste meiner at dette er framtida for mjølkeproduksjon i landet vårt.

Med grunnlag i arbeidet til prosjektet vil en ta opp med ulike aktørar, først og fremst Innovasjon Norge, om kriteria for å få støtte bør endrast. Meir konkret gjeld dette saker der bønder ønskjer å bygge til 30-50 kyr med robot utan at mjølkekvote er stor nok til dette i planleggings- og byggefase. All røynsle i slike saker tilseier at bøndene kort tid etter at bygget er klar til bruk, får tilstrekkeleg kvote til å nytte bygningen fullt ut.

(Denne oppsummeringa er henta frå prosjektet sin rapport for perioden 01.07 til 31.12.2009)

## Forvaltning av kongeørn

Første varamann til fylkesstyret Ingar Naustvik tok i brev til fylkesstyret opp spørsmålet ang. forvaltning av kongeørn. I skrivet peiker han på at bestanden av kongeørn er sterkt aukande og er eit problem for saueneringen. Han ba om at Rogaland Bondelag tok opp saka og gav innspel både til Norges Bondelag og til den Regionale rovviltnemnda om å gjennomføra regulering av bestanden

og at det bør inn i forvaltningsplanen for region 1 som er under omarbeiding.

Styret støtta Ingar Naustvik sitt forslag om at bestanden av kongeørn må kunna regulerast i ein større grad enn det ein kan nå og at det må innarbeidast i forvaltningsplanane for rovviltnemnden. I brev til Rovviltnemnda for region 1 har fylkeslaget bedd om at det i forvaltningsplanen for kongeørn vert

innarbeida tiltak for ei sterkare regulering av kongeørna i forvaltningsplanen for regionen.

Oppfordringa er og sendt til Norges Bondelag der ein ber dei og om å arbeida vidare med saka. Som Rogaland Bondelag sin person ang. rovviltsaker, tok Ingar Naustvik og opp saka på eit møte i Norges Bondelag i mars 2009.

# Bomavgift for traktorar i Finnfast

Rogaland Bondelag fekk saka frå bondelaga i Finnøy.

Fredag 30. oktober vert Finnfast opna. Finnfastsambandet knytta Finnøy og Talgje saman med Rennesøy i ein undersjøisk tunnel. Dette sambandet vert i hovudsak finansiert med bompengar. Nedbetalingstida er om lag 20 år. Det vert ein automatisk bomstasjon, med abonnement eller fotografering av nummerskilt.

Bompengesatsane vil vera:

kr 200,- for kjøretøy under 3,5 tonn  
kr 790,- for kjøretøy over 3,5 tonn

Det er 40 % rabatt dersom ein kjøper abonnement, kr 4 800,- for kjøretøy under 3,5 tonn og kr 18 960 for kjøretøy over 3,5 tonn. Det vert ikkje bompengar for passasjerar, mopedar, motorsyklar og el/hybrid bilar. Bomstasjonen skal stå på Rennesøy for begge kjørefelt. Det vil ikkje vera bompengar mellom Talgje og Finnøy.

Traktor og jordbruksreiskap vart ikkje nemnd i noko dokument i samband med utforminga og høyringa på fastsettning og evt. fritak for bompengar i Finnfastsambandet. Det var såleis ikkje eit tema som vart teke opp i høyringa.

Slik det ligg føre nå skal traktor betala bompengar utrekna etter vekta på traktoren. I praksis vil det seia høgaste sats på kr 790,- utan rabatt. Bondelaga i Finnøy kommune har klaga på vedtaket som gjeld for traktor. Dei meiner dei vert pålagt ei utilbørleg høg avgift for å nytta dette sambandet i si jordbruksdrift.

Landbruket er i dag ei kapitalkrevjande næring, med buskap, bygningar, maskinar, jord og anna driftsmiddel. Næringa sine ekstra utgifter, som til dømes bompengar utover ferjebillett, kan ikkje førast over på varemottakar fordi prisane på jordbruksvarer vert fastsett i sentrale fora og gjeld normalt for heile

landet. Det har vore ei stor strukturrasjonalisering i landbruket i dei siste åra, og den fortsett. Dette medfører større driftseiningar, meir transport mellom brukta med jordbruksreiskap og anna som er nødvendig for å halda drifta i gang. Dei høge bompengesatsane vil påføra næringa eit større kapitalslit enn vanleg, og som det ikkje vert kompensert for.

På bakgrunn av dette meiner Rogaland Bondelag det er grunnlag for å ta bompengesatsane for traktor opp til ny vurdering. Det er ikkje grunnlag for å oppretta ei ny takstgruppe for traktor utover dei to som er i dag. Forslaget er at traktor vert lagt inn i klassen for kjøretøy under 3,5 tonn. Dette er teke opp med Vegdirektoratet.

ADVOKATFIRMAET

# HAVER

## JURIDISK BISTAND FOR LANDBRUKET

ODELSRETT, EKSPROPRIASJON, SKJØNN, FAST EIENDOMS RETTSFORHOLD,  
ARV/SKIFTE, GENERASJONSOVERDRAGELSER

FOR ØVRIG ALMINNELIG PRAKSIS

[www.haver.no](http://www.haver.no)

### STAVANGER:

FORUSBEEN 78, 4033 STAVANGER  
TLF.: 51 55 44 10 FAKS 51 55 44 11

ADVOKAT TOR HAVER  
ADVOKAT ENDRE SKJØRESTAD  
ADVOKAT ANDERS STORAKER  
ADVOKAT TORALF HAVER  
ADVOKAT SINDRE OFTEDAL  
ADVOKAT ELLEN CECILIE MOSTAD  
ADVOKAT KJERsti LUNDE  
ADVOKAT JANNE EIDE ROALKVAM  
ADV.FLM. INGER LISE HEGRE

I KONTORFELLESSKAP: ADVOKAT OVE LANDA

### BRYNE:

SKULEGT. 5. POSTBOKS 443, 4349 BRYNE  
TLF.: 51 77 00 50 FAKS 51 77 00 51

ADVOKAT CARL AASLAND JERSTAD (H)  
ADVOKAT/SIV.ØK. MAGNUS JONSBRÅTEN  
ADVOKAT ELISABETH NYGÅRD  
ADVOKAT SVEN ANDERS STIGEN DRANGSHOLT  
ADVOKAT BJARNE BEKKEHEIEN

**Forskaling og støyping.  
Salg og montering av element  
og gjødselkummer med tak.**



4360 Varhaug - Telefon 51 430 959 – Mobil 975 40 520  
E-post: odlandas@lyse.net

## **Vi satser på landbruk**

SpareBank 1 SR-Bank sine rådgivere har lang erfaring og kjennskap til landbruket. De vet viktigheten av landbrukets rolle i samfunnet og har kjennskap til de utfordringer og behov som landbruket har.

Sammen kan vi skreddersy finans- og forsikringsløsninger for deg og ditt bruk.

Ring oss på 02008



Bank. Landbruk. Og deg.

**SpareBank**  
SR-BANK 1

# Arbeidet i utvala

## Info-utvalet

Informasjonsutvalet – Info-utvalet – har i meldingsåret hatt fire møte. Saker utvalet har arbeidd med:

- Kurs for nye/unge bønder
- Nettsida til bondelaget.
- Skulekontaktar
- Open Gard (sjá eige oppsett)
- Profilering av bondelaget

### Kurs for nye/unge bønder

Det var tilbod om kurs for unge bønder hausten 2009. Dette måtte dverre avlyast på grunn av for lite påmelding.

### Nettsida til bondelaget

Info-utvalet har gitt tilbod om kurs for lokallaga i å laga eigne nettside. Det vart for få som ynskte kurset, men det er fem lag som har fått oppretta eiga side. Ein har og oppfordra lokallaga til å senda stoff til kontoret slik at vi kan leggja det på Rogaland Bondelag sine sider.

### Informasjonsdag for skulekontaktane

Det var møte med skulekontaktane i Stavanger 23. november. 9 personar frå lokallaga møtte.

Hovudtema for dagen var **Tilbod til skolen frå Opplysningskontoret for frukt og grønt** v/Toril Gulbrandsen frå Opplysningskontoret. Ho orienterte først litt om kontoret som er ein stiftelse og som får offentlege midlar og frå jordbruksavtalen. Ho nemnde at for-



Frå møtet Info-utvalet hadde for skulekontaktar i lokallaga.

bruket av frukt var gått ned i 2009 etter 30 år med auke. Vi et berre halvparten av anbefalt mengde. Det er 17000 elevar som får gratis frukt i ungdomsskolen. 174 skoler i Rogaland er med på ordninga.

Opplysningskontoret har mykje materiell som ligg på nettet. [www.frukt.no](http://www.frukt.no)

Det ligg og kjekke "film-snuttar" og ferdige foredrag på sidene.

### Materiell frå Norges Bondelag

Sekretæren gjekk gjennom litt av det Norges Bondelag har av materiell. Meir og meir ligg på nettsidene, til å skrive ut. Det er også mange hefter som ligg i nettbutikken på [www.bondelaget.no](http://www.bondelaget.no).

### Samarbeid med skolen i Strand og Strand Bondelag v/Børge Næss

Børge Næss fortalte om korleis dei har kontakt med skolen i Strand. Dei startar med barnehagen der dei deler ut brosjyra "Den grønne skolen". Der er det oversikt av materiell som Norges Bondelag har.

Strand Bondelager er også med på tur for 5. klasse rundt om i bygda. Dei er på mølla og får smake på mjøl, fortel om produksjonar frå gardar. Bondelaget støtter også opp om 4H.

Arnstein Gilje snakka frå Rogaland Bondelag om kor viktig jobben til skulekontaktane er og oppfordra dei til å stå på vidare.

### Profilering av bondelaget

Info-utvalet har sett på profilering/reklame i bondelaget. Roll-ups til å ha på bygdedagar og liknande. Det er også sett på klede, krus, kulepennar m.m.

Det arbeidast vidare med denne saka.



Kokkeelevar lærer å bruka gode norske råvarer. Frå opplegget Rogaland Bondelag hadde saman med kokkemeisterlauget for kokkeelevar i den vidaregåande skulen.

# Verveutvalet

Verveutvalet har hatt to møte i meldingsåret – 18. februar og 24. september. Hovudoppgåva til verveutvalet er å leggja opp strategi for vervearbeitet i fylkeslaget og gjennomføra den i samarbeid med lokallaga og med fylkesstyret. I strategien for 2009 la ein vekt på ”Oppretthalda medlemstalet i fylket og medverka til å redusera utmeldingar med konkret oppfølging av desse. Auka fokus på aktive bønder og dei som er på veg inn i landbruket, men også andre med sterk tilknyting til næringa”.

Utvælet har gjennomført to ringerrundar til lokallaga i løpet av året. Då oppfordra ein lokallaga til å ta spesielt vare på nye medlemmer, kalla inn til medlemsmøte med meir.

Utvælet opprettheldt forslaget sitt om å premiera lokallaga med 200 kr pr

ny medlem med produksjon og 100 kr for personleg og husstandsmedlem for 2009.

Utvælet ønskjer å ha god kontakt med lokallaga og deltek difor på årsmøtet og leiarmøtet til fylkeslaget. Dette først og fremst for å skapa kontakt med leiarane i lokallaga.

Oppsummering av vervearbeitet og medlemsutviklinga er omtalt lenger bak i årsmeldinga.

Under årsmøtet i fylkeslaget i mars 2009 vart det delt ut vervepremier for godt vervearbeit i 2008. Det vart delt ut gavepremie til dei lokallaga som hadde størst %-vis og størst netto auke i talet på medlemmer.

- Gavesejk på 1000 kr og innramma diplom til Sokndal Bondelag for størst %-vis auke i medlemstalet med

15 % og til Finnøy Bondelag som hadde størst netto auke i talet på medlemmer – netto auke på 15 medlemmer.

- Beste verva. Då det er berre ein mindre del av dei nye medlemmene – rundt 20% - ein veit kven som har verva og at ingen person skil seg særlig ut som aktiv verva i 2008, fant utvælet det ikkje rett å premiera nokon person spesielt
- Norges Bondelag støtta arbeidet i verveutvalet til Rogaland Bondelag med 15.000 kr i 2009. Rogaland Bondelag får og eit tilskot på 5000 kr til vervepremier i lokallaga.

# Grøntutvalet

Grøntutvalet til Rogaland Bondelag tok og våren 2009 initiativ til å kalla inn til eit ope møte for å få fram ulike innspel ang. den grøne sektoren i forkant av at utvælet skulle utarbeida sin uttale. Saman med medlemmene i utvælet vart representantar fra ulike faglag og rettleiingstenestad innan den grøne sektoren i fylket, invitert. Det var og sendt ut e-post til lokallagsleiarane med invitasjon til interesserte personar i lokallagsstyr. Forutan utvælet møtte det representantar frå Grøntutvalet i Finnøy, Gartnerhallen, Jæren Gartnerlag og enkeltprodusentar både frå Jæren og Ryfylke. 10 personar møtte. Gartner Magne Haga hadde fått i oppgåve å ta for seg utfordringar innan den grøne sektoren og korleis ein kan betra samarbeidet mellom bondelaget og NGF.

På grunnlag av drøftingane under møtet vart det utarbeidd ein uttale til jordbruksforhandlingane for den grøne sektoren. Denne vart sendt over til fylkesstyret som slutta seg til den. Uttalen vart og sendt til Grøntutvalet til Norges Bondelag. Uttalen er referert lenger framme i årsmeldinga.

## Handlingsplan for redusert bruk av plantevernmiddel

Som ein del av uttalen til utvælet var også tema ang. tilgang og bruk av plan-

tevernmidde. Kort tid etter at utvælet hadde hatt møte fekk ein frå Norges Bondelag oversendt innstillinga ”**Handlingsplan for redusert risiko ved bruk av plantevernmiddel (2010-2014)**” Utvælet drøfta spørsmålet ang. tilgang på plantevernmiddel i samband med uttalen til jordbruksforhandlingane. Avsnittet om dette temaet der vart utvælt og fylkeslaget sine merknadar til denne innstillinga. Det er referert lenger framme i årsmeldinga.

## Samarbeid mellom Norges Bondelag (NB) og Norsk Gartner forbund (NGF)

Under møtet der utvælet saman med andre innan næringa, drøfta utvælet sin innstilling til jordbruksforhandlingane vart også dette temaet teke opp. Utvælet sendte saka over til fylkesstyret og i samsvar med oppmodinga frå utvælet sende styret inn følgjande oppmoding til Norges Bondelag:

- Eit nært samarbeid mellom NB og NGF må basera seg på tillit og respekt for kvarandre.
- Gjennom betre samarbeid vil NB kunna få betre tilgang på NGF sin spisskompetanse på fleire område innan den grøne sektoren. Det vil vera ein styrke for næringa totalt sett og for Norges Bondelag.

• Næringa er ikkje større enn at det må vera av interesse for alle partar og utnytta ressursane på ein best mogleg måte.

- Det vil vera ein klar fordel for begge partar om ein kunne få til eit tettare samarbeid. Det er stort press for import av alle produksjonane og næringa/fagmiljøet er ikkje større enn at ein må stå samla. Dette er ei felles utfordring for organisasjonane og gartnerane.

Med utgangspunkt i desse punkta oppmoda Grøntutvalet og styret til Rogaland Bondelag Norges Bondelag om å arbeida for eit tettare samarbeid mellom NB og NGF både på det faglege og organisasjonsmessige sida for å kunna utnytta kompetansen og ressursane på ein best mogleg måte for grøtnæringsa innan norsk landbruk.

# Jordvernutvalet

Det har vore eit møte i Jordvernutvalet i meldingsåret – 9. november – der utvalet avgja innstilling til fylkesstyret ang. forslaget i Jordlova om eigen jordvernparagraf og besøk av Ole Nikolai Skulberg frå Norges Bondelag. Temaet jordvern har stått sentralt i samfunnsdebatten gjennom heile året og i fleire saker fylkesstyret har hatt til drøfting har ein kome inn på dette temaet. I tillegg gjennomførde utvalet i samarbeid med styret eit eige kurs i arealplanlegging.

## Kurs i korleis påverka lokal arealbruk?

Kurset var eit nytt opplegg frå Norges Bondelag der målgruppa var tillitsvalet i lokale bondelag og andre som var opptekne av arealforvaltninga i kommunane. Til kurset var det utarbeidd ein eigen perm med eit fuldig kursmateriell i.

Innleiingsvis orienterte prosjektleiar Leif Berge i Rogaland Fylkeskommune om utviklinga av arealbruken og nedbygginga av jord i fylket. I frå Norges Bondelag deltok advokat Sissel Fykse og spesialrådgivarane Nils Rønningen og Ole Nikolai Skulberg med kvar sine tema frå retningslinjer frå sentralt held til jordvern og tips om korleis lokallaga kunne arbeid med desse sakene for om mogleg få gjennomslag og påverknad på arealdisponeringa i kommunen.

Berre 15 personar deltok. Dette var for lite for eit så viktig og aktuelt tema. Fylkesstyret bør vurdera om ein skal få til eit til kurs i løpet av 2010.



Pengar kan ikkje erstatta matjord, seier bondene Jone Hauken og Torill Østraat til venstre, Sverre og Mari Mette Wathne til høgre, og leiar i jordvernutvalet for Bondelaget i Sandnes, Paul Kyllingstad i midten. Foto Bondevennen.

## Verneheimel for jordbruksareal i jordlova

Etter oppfordring frå styret behandla utvale denne saka som vart sendt på høyring til fylkeslaga. Utvalet drøfta saka og sende sitt forslag til uttale over til AU til Rogaland Bondelag. Dei støtta opp om utvalet sin uttale. Saka er næraare omtalt lenger framme i årsmeldinga.

## Rundreise med Ole Nikolai Skulberg frå Norges Bondelag

Norges Bondelag er og oppteken av jordvernspørsmål og spesialrådgivar Ole Nikolai Skulberg er den som har arbeidd

mest med desse saken sentral i Norges Bondelag. For at han skulle få innblikk i situasjonen og vera med å føra enkelte jordversaker frå fylket vidare oppover i det politiske systemet vart han invitert på ei rundreise på Jæren.

Dagen starta med orientering og synfaring på Nærø der leiar i det lokale jordvernutvalet Roy Engelsvoll orienterte om situasjonen og planane frå enkelte politikarar for framtidig utbygging rundt Nærø sentrum. Vert dei mest omfattande planane realiserte vil det gå med mykje god matjord aust for dagens sentrum

Situasjonen rundt Sandnes med særleg vekt på planane ang. bybanetrasse aust for Sandnes, var det andre målet for opplegget. Her slutta ein seg til ei orientering og synfaring representantar frå fylkeslandbruksstyret hadde organisert. Av Sandnes kommune fekk ein først ei god innføring i kommunen sin Masterplan der dei har vist korleis dei vil løysa oppgåva med å styre framtidig utbygging i retning aust for Sandnes. Etter denne planen vil mykje av jorda på Vatne verta bygd ned før ein får utbygginga inn i området lenger aust der det er brei semje om er dei rette områda for utbygging framover. Det er nedbygginga av Vatne-jorda Jordvernutvalet til Sandnes Bondelag ved Paul Kyllingstad i spissen har reagert sterkt på. Med ein



Jordverngeneralen i Sandnes Paul Kyllingstad peikar på viktige jordbruksareal på Vatne i Sandnes som må vernast for nedbygging. Formann i Fylkeslandbruksstyret Karl Eik følgjer med og lyttar.

annan trase for bybanen enn hovudforslaget i Masterplanen, viste Paul Kyllingstad at ein kunne spara opp mot 1400 dekar dyrka jord.

Masterplanen til Sandnes Kommune er lagt ut på høyring med frist til 1. februar 2010 og Sandnes Bondelag v/jordvernutvalet vil følgja utviklinga og ikkje minst sjá situasjonen ann etter at Fylkeslandbruksstyret har kome med sine merknadar til planen i sitt siste møte 17. desember.

Leiaren i utvalet har og saman med administrasjonen drøfta enkelte spørsmål og arbeidd konkret med fleire saker medlemmer har teke opp med fylkeslaget. Ein har og hatt nært samarbeid med Jordvernforeninga i Rogaland



Kamp om å få leia eselet og andre dyr på Vårvik gard på Gullingen i Suldal under turopplegget Rogaland Bondelag hadde saman med Stavanger Turistforening sommaren 2009. Nærare omtale side 38 og 39 i årsmeldinga. Bakerst er eigar og drivar av Vårvik gard, Kjell Aartun.



### Landbruksbygg

I stål, tre, sandwich eller betongelementer



### Gjødselkummer

Størrelser fra  
590 - 3460 m<sup>3</sup>

Vi tilbyr fleksible løsninger i materialvalg og sammensetninger som tilpasses til dine ønsker og behov.

Vi har systemer som er meget rasjonelle, enkle og prisgunstige, og vi kan levere byggesett etter ønske (til f.eks. maskinhus, lagerbygg).

Ta kontakt for mer informasjon og pristilbud.

**GRUDE**  
**LANDBRUKSBYGG**

Bedriftsveien 18, 4353 Klepp Stasjon.  
Tlf. 51 78 98 50, epost: post@grudebygg.no  
www.grudebygg.no

# U-landsutvalget

"Hadde noen i 2006 sagt at om 3 år skal det ha skjedd en slik utvikling i Sambolabo som dette - da hadde jeg sagt at det ikke var mulig."

Disse ordene er sitat fra Terje Øen som var deltaker på evalueringstur til Sambolabo i 2006, samt i mars 2009. Med på årets tur var også Asle Østbø (representant fra Rogaland 4H) samt undertegnede.

Vårt nye prosjektområde Sambolabo i Kamerun ligger opp mot grensen til Nigeria. I Sambolabo var det skjedd en rivende utvikling dette året. Ulike former for sparegrupper har lært dem å hjelpe hverandre ved sykdom, bryllup, dødsfall og skolegang. Dette hjalp bl.a 64 elever til å begynne på skolen. Endringen for kvinnene er likevel det mest slående resultatet av prosjektet. For første gang ble den internasjonale kvinnedagen feiret i Sambolabo. Kvinnene er blitt mer synlige, og opplever et større fellesskap. Opplæring i skriving, økonomiforståelse og praktiske fag har gitt konkrete resultater i økt levestandard.

Dette året har bygging av to broer gitt innbyggerne lettere tilgang til markedet med varene sine. En fantastisk opplevelse var det for oss å være til stede ved støying av dekke på den lengste bru på ca 30 m. Over 500 involverte jobbet sammen enten det gjaldt steinhogging, støping eller matlaging. Våre prosjektmidler går til betong og armering, samt arbeidsledelse. Resten er felles innsats av lokale myndigheter og befolkningen. Det må fortelles at vi brukte nesten 10 timer i bil for å komme fram 3 mil til neste landsby, så dette er viktig arbeid for dem.



Terje Øen og Asle Østbø – begge medlemmer i u-landsutvalet – saman med ein lokal innbyggjar, har piknik under reisa i Nigeria.

En ny variant av mais som ble introdusert i 2008 har gitt gode resultat i 2009. En foredlet variant av svarte moreller har også gitt gode resultater for kvinnene i tørketida. Opplæring og oppfølging av grønnsakdyrkerne har dette året skjedd mer på individuell basis i åkrene for å styrke det praktiske kunnskapsnivået.

Prosjektmedarbeiderne har fokus på ungdomsarbeidet, og gode resultater kan de vise til iht opplæring i honningproduksjon samt sparegrupper. Fotballturneringer har også vist seg å viske ut skille mellom de ulike etniske gruppene i Sambolabo, og har en positiv effekt iht å dempe konflikter.

Innbyggeren i Sambolabo har et mål om å lage et felles samlingssted hvor det kan skje opplæring for kvinner,

ungdom og andre. Brønner, kornmølle og innkjøpsordninger for frø og gjødsel var også ønskelig. Det er arbeidskapasitet til å kunne fullføre 3 broer/år, mot 2 pr/år nå. Kan vi klare å skaffe kapital til dette vil det hjelpe framdriften i prosjektet stort. "Der veien går skjer det utvikling" forteller befolkningen.

Vårt mandat var også å besøke tidligere prosjektområder som Meng, Galim, Gadjiwan og Mbe. Vi fikk et godt innblikk i hvilken utvikling det hadde vært. Spesielt gjorde det inntrykk å høre om utviklingen i Gadjiwan området som var endret fra matmangel til å bli et kornkammer for hele fylket.

Vi fikk også diskutert videre samarbeid med kirkeledelsen i Kamerun (PADI og EELC), for å kvalitetssikre våre samarbeidsrutiner når det gjelder økonomi. Vi opplever god budsjettstyring i prosjektet.

Overallt hvor vi var ble vi møtt med stor glede og gjestfrihet, enten det var i møte med myndigheter eller lokalbefolkningen. Våre prosjektmedarbeidere blir møtt med stor respekt blant innbyggerne. Det er meget stor vilje til å få til ønskede endringer både blant ledelse og innbyggere. Vi er svært fornøyd med det som er oppnådd i disse tre årene i et nytt område. Dette skyldes to ting: en stor innsats fra våre ansattes side, samt stor positivitet og vilje til endring blant innbyggerne.

Elisabeth K. Nesheim  
Leder for U-landsutvalget



Det er slett ikkje alltid standaren på vegane er så veldige så veg- og brubygging er viktig element i hjelpe-arbeidet.

# Organisasjonsarbeidet

## Årsmøta i lokallaga

Årsmøta i lokallaga i 2009 vart stort sett gjennomførde i løpet av oktober månad, berre nokre få kom seinare. På dei langt fleste årsmøta var det med representantar frå fylkeslaget – styret eller administrasjonen. Tema ein tok opp var noko ulikt, men på dei fleste årsmøta har ein vore innom næringspolitikk med kort oppsummering av forhandlingane våren 2009, endring i marknadsordninga for kjøtt og egg og kort om landbruks-politiske utfordringar framover. Ein var og innom utfordringar landbruket får med EU sitt vassdirektiv og organisjonssaker som visjonen om null ulukker i landbruket i framtida og kurset Praktisk HMS arbeid i landbruket. Administrasjonen utarbeidde eit notat som grunnlag for innlegga under årsmøta og kva Norges Bondelag hadde oppnådd i løpet av året.

Som deltarar under årsmøta har representantane frå fylkeslaget også ein viktig funksjon med å lytta etter signal i

lokallaga. Fylkesstyret er interessert i å få tilbakemelding på arbeidet til fylkesbondelaget og organisasjonen sentralt. Under årsmøta kom det fram mange tema fylkeslaget vart bedd om å arbeida vidare med og som styret vil ta opp på ulike måtar, ikkje minst i samband med fylkeslaget sitt arbeid med uttalen til forhandlingane 2010. Andre saker er noterte og vil verta arbeidd vidare med av fylkeslaget.

Ut frå oppsummeringane styret gjorde etter årsmøterunden, sit styret at med eit positivt inntrykk av årsmøta og vil gi ros til lokallaga for omfattande og breitt engasjement i lokallaga i løpet av året. Styret framheva særleg lokallaga sitt engasjement i samband med ulike tiltak våren 2009 i tilknyting prosjektet **Landbruket på dagsordenen** som retta seg både motte årets forhandlingar og stortingsvalet 2009.

Under årsmøta har det vore godt med spørsmål og ein god debatt. Frammøtet

varierer noko. I større lag ligg frammøteporsenten på rundt og under 10 % av medlemmene, medan mindre lag ofte har større prosentvis deltaking. Nokre lag kan nok arbeida noko meir med forberedinga og annonseringa av årsmøtet sitt for å få betre frammøte. For å gi lokallaga hjelp med å utforma årsmeldinga, setja opp rekneskap for lokallaget og utforma sjølv innkallinga med årsmøtesaker, har Info-utvalet utarbeidd malar til bruk for lokallaga. Desse ligg på fylkeslaget sine heimesider for bruk av lag som ønskjer det.

Årsmøterunden har ført til at det er nye leiarar i 8 av dei 43 lokallaga vi har. Det er nå 6 kvinner som er lokallagsleiarar. Det er noko av det meste vi har hatt i fylket. Ved gjennomgang av tilbakemeldingane om vala og konstitueringa i haust, er kvinnedelen i lokallagsstyra rimeleg bra.

## Leiarmøtet 2009

Leiarmøtet for 2009 var saman med Østfold Bondelag på Hankø Fjordhotell i Østfold, i tidsrommet 12. – 15. november. Reisa gjekk med buss, så første og siste dag gjekk til med transport. Av Rogaland Bondelag sine 43 lokallag var det 28 lag som var representert med leiaren eller andre i styret. I tillegg var heile fylkesstyret, representantar frå samvirkeorganisasjonane og tre frå administrasjonen med - totalt 43 personar frå fylket. Noko svak deltaking, det kan nok skyldast at det gjekk med fire dagar.

Felles program med Østfold Bondelag var det på fredag 13. og fram til lunsj på laurdag 14. november. Rogalandsdelegasjonen var aktive med spørsmål og innlegg i debattane som var på bakgrunn av førebudde innlegg. I tillegg til faglege og organisasjonsmessige tema i plenum, var det gruppearbeid om rekruttering til styret og arbeidet i lokallaga. På laurdag ettermiddag og kveld var rogalandsdelegasjonen på rundtur i Østfold med

Frå gruppearbeid under leiarmøtet i Østfold.



gardsbesøk og god guiding av Inger Johanne Sikkeland.

Tilbakemeldinga frå lokallagsleiarane var at slike turar er svært nyttige. Ein vert betre kjent med dei andre lokallagsleiarane, vert inspirerte og det er lærerikt. Å få sjå korleis bønder i andre delar av landet driv er også nyttig. Og så har vi det kjekt. Lokalleiarane syntes det er fint dersom det år om anna kan

vera rom for ein tur ut av Rogaland. Tilbakemeldingane frå Østfold har også vore svært bra.

Turen vart finansiert med eigenbetaing frå lokallaga/samvirkeorganisasjonane, aktive lokallagsmidlar, støtte frå Rogaland Landbruksselskap og fylkeslaget sine eigne midlar. Total kostnad var kr 218 700,-.

# Distriktsmøta

## Distriktsmøta januar 2009

Ut frå erfaringar frå tidlegare år vart det og i meldingsåret gjennomført to rundar med distriktsmøte i fylket der styra i dei lokale bondelaga vart bedne om å møta.

Tema for møta i januar var prosjektet **Landbruket på dags dagsorden og Vårens jordbruksforhandlinga**. I det første temaet gjekk Olav Sande ved kontoret først og fremst gjennom tiltak organisasjonen skulle gjennomføra i forkant av vårens forhandlingsrunde, men og planar i tilknyting til stortingsvalet i september 2009. Under det andre temaet gjekk org.sjefen gjennom ein del viktige landbrukspolitiske tema ein oppmoda lokallaga til å koma med innspel på.

Det vart som vanleg lagt opp til tre kveldsmøte der minst to frå kvart lag skulle møta. Møta vart gjennomførde etter følgjande plan: 21. januar på Sandnes, 22. januar på Helleland og 26. januar i Tysvær. På desse møta deltok totalt 78 deltakrar fordelt på 35 lag. Ni lag møtte ikkje. Det var noko svakare oppmøte jamført med tilsvarande møte i 2008. Likevel følte ein at det var god deltaking totalt sett og det var eit godt engasjement hjå dei frammøtte. Stort sett var det positiv holdning til det som vart lagt fram frå fylkeslaget.

## Distriktsmøta hausten 2009

Målet med distriktsmøta om hausten er å gi inspirasjon og informasjon om vik-

Deltakarar under distriktsmøtet på Sandnes i oktober 2009. Frå venstre: Kåre Søyland og Nils Kristian Frafjord – begge frå Gjesdal Bondelag.



tige saker organisasjonen skal arbeida med gjennom vinteren samtidig som ein utvekslar nyttig erfaring om møteopplegg m.m. frå lag til lag. Møta vart gjennomført følgjande datoar: 26. oktober på Helleland, 29. oktober på Sandnes og 2. november i Aksdal. På desse møta deltok 80 styremedlemmer fordelt på 33 lag. Det er klart betre deltaking enn det ein hadde hausten 2008. Til desse møta vert heile styret inviterte til å delta.

Med grunnlag i planen om å styrka arbeidet i lokallag – ein plan styret hadde behandla tidlegare på året, la styret opp til å gjennomføra minikurs for ulike oppgåver i styret. Det vart såleis gjennomført tre parallelle kurs – eit for leiar og nestleiar det fylkesleiar Arna Høyland hadde, eit for kasserar som Olav Sande hadde ansvar for og eit for sekretærar som org.sjefen hadde ansvar

for. Flest deltok på det første kurset. Opplegget vart godt motteke og styret vil vurdera å gjennomføra tilsvarande opplegg seinare om ikkje kvart år.

Ut over dette hadde Gjensidige orientering om aktuelle saker derifrå og ein representant frå Verve-utvalet snakka om vervearbeidet i lokallaga. Siste delen av møtet vart nytta til gjennomgang av aktuelle saker organisasjonen skulle arbeida med utover vinteren 2009/2010 samt at lokallaga utveksla erfaringar med gjennomføring av ulike aktivitetar samt at dei tok opp saker fylkeslaget burde arbeida vidare med.

Ved oppsummeringa av årets distriktsmøte var styret godt nøgd med gjennomføringa. Det var høveleg mengde med program og programpostane var godt tilpassa behovet og aktualiteten.

# Arbeidet i lokallaga og kontakten med fylkeslaget

Arbeidet i lokallaga har også i år vore omfattande og krevjande. Fylkeslaget og Norges Bondelag har pålagt lokallaga omfattande arbeidsoppgåver dei har takla på ein god måte. Ein kan berre nemna tiltak i samband med opplegget "Landbruket på dagsorden" (omtalt lenger framme i årsmelding), medlemsverving og førebuing av aksjonar ved evt. brot. Ein vil særleg trekka fram lokallaga sitt omfattande engasjement i forkant av jordbruksforhandlingane gjennom kontakten mot politikarane, utdeling av avisa MatNyttig – Bøndenes

finansavis. Open Gard-arrangementa er eit stort løft for dei som har slike opplegg. Også ved fleire andre høve når fylkeslaget og kontoret har hatt behov for hjelp til gjennomføring av konkrete oppgåver, har lokallaga stilt opp.

Både fylkesstyret og administrasjonen vil retta ein stor takk til lokallaga med leiarane i spissen, for velvilje og stå på vilje dei viser i mange samanhengar. Lokallaga er utan tvil eit solid grunnlag for heile organisasjonen og det er viktig for oss på fylket så vel som på sentralt hald, å pleia denne kontakten og leg-

gja forholda til rette frå vår side til ein fortsatt brei innsats på lokallagsnivå. Medlemmene og lokallaga er med rette grunnfjellet i organisasjonen.

Arbeidet på lokalplanet er eit teamarbeid, men av og til er det nok ein-skilde eldsjeler som legg ned ein større innsats enn andre. Vi rettar ein spesiell takk til desse.

At aktivitetene i lokallaga er omfat-tande viser årsmeldingane, orienterin-gane under distriktsmøta og søknadane om aktive lokallagsmidlar. Kreativiteten er stor. Fylkeslaget ser det som

viktiig at lokallaga engasjerer seg i saker medlemmene er interesserte i. Dette vil framover vera svært viktig i og med at kommunane har fått større forvaltningsansvar. Fylkeslaget har registrert at lokallaga har fått betre kontakt og dialog med kommunepolitikarane og det lokale næringslivet. Dette er positivt og må utviklast. Positivt er det også at lokallaga gjennomfører tiltak som legg grunnlag for sosialt fellesskap mellom bøndene gjennom bondekafe, drøstove, bondepub og liknande.

Fylkesbondelaget ser det som svært viktig å ha god kontakt med lokallaga. Forutan dei tradisjonelle samlingane har fylkesstyret difor også fordelt lokallaga seg i mellom og lagt opp til å ringja eller ha kontakt på anna vis, med leiarane to gonger i løpet av året. Her legg ein opp til å slå av ein prat med dei og få tilbakemelding om saker lokallaga er opptekne av og gi innspel fra fylkeslaget si side. Etter desse rundane vert det føreteke ei oppsummering i styret der saker vert gjennomdrøfta.

Om dei fleste laga driv godt er det alltid enkelte som slit noko og ønske om større aktivitet. For å drofta gjennom kva fylkeslaget kan gjera for å beta aktiviteten, sette styret hausten 2008 ned eit eige utval for å sjå på aktuelle tiltak for å hjelpe til med aktiviteten i laga. Denne innstillinga vart sendt ut til lokallaga våren 2009 med mange gode tips til tiltak. Innstillinga er omtalt lengre framme i årsmeldinga.

I løpet av meldingsåret her ein sendt mesteparten av posten elektronisk til



Denne gjengen er ansvarlege for boka "Ei bygd i omstilling" som dei stolt viser fram. Frå v. Andreas Auestad, medførfattar; Malvin Hebnes, leiar i Sola Bondelag og medlem av boknemnda; Oddbjørn Reime, medlem av boknemnda; Gabriel Joa, medlem av boknemnda; Oskar Goa, medførfattar; Lars J. Sola, medførfattar og Ivar Tjelta, biletansvarleg. Foto Bondevennen.

lokallaga. I løpet av året når spesielle ting pågår og under sjølve jordbruksforhandlingane, bruker kontoret ofte e-post og/eller SMS for å nå raskt ut med informasjon. Tilbakemeldingane viser at dette vert positivt motteke.

I meldingsåret har Heskestad Bondelag og Lund Bondelag slått seg saman til Lund Bondelag.

Sola Bondelag kunne markera 100 års jubileum for laget sitt laurdag 10. oktober 2009. I samband med denne markeringa hadde laget fått skrive ei eiga jubileumsbok med tittelen **Ei bygd i omvelting**. Rundt 120 personar deltok under festen der nestleiar i Rogaland Bondelag Arnstein Gilje hadde hel-

sing fra fylkeslaget og tidlegare leiar i Norges Bondelag Bjarne A. Undheim hadde festtalen.

Administrasjonen ser det som svært positivt at lokallagsleiarane, andre fra lokallagsstyrta og enkeltmedlemmer tek kontakt pr telefon eller stikk innom kontoret.

Fylkeslaget vil til slutt og takka alle lokallaga for eit svært godt samarbeid og for det enorme arbeidet som vert nedlagt til beste for medlemmene og organisasjonen.



Bondelagsleiarane frå Hå forebur seg til nytt arbeidsår. Frå venstre: Ole Andreas Aarsland, leiar i Vårhaug Bondelag. Driv med gris og mjølkeproduksjon. Terje Stokka, nestleiar i Nærø Bondelag. Mjølkeprodusent. Abraham Aarsland, leiar i Søre-Hå Bondelag. Gris og mjølkeproduksjon. Jofrid Torland Mjåtveit, leiar i Nærø Bondelag. Mjølk og storfekjøtproduksjon. Foto Bondevennen.

# Open Gard-arrangement 2009

16. august var den fastsette søndagen for Open Gard-arrangement i 2009. I Rogaland vart det gjennomført fire arrangement den 23. august og 1 på Tveit i Nedstrand 14. juni.

Besøkstalet på dei ulike arrangementa var:

- Ca 4000 på Nedstrand på Tveit vgs.
- Ca 400 på Varhaug hjá Ole Andreas Årsland
- Ca 800 i Sokndal hjá Camilla og Olav Haneberg
- Ca 1500 i Time på Haugland gard hjá Kathrine og Rune Haugland
- Ca 1000 i Stavanger hjá Kalle Nilsen og Arnstein Gilje

Open Gard har vorte eit fast og tradisjonelt arrangement for Bondelaget. Tema dette året var **"Det er vi som lager maten din"**

For lokallaga som tek på seg desse arrangementa er det eit krevjande arbeid, men med over 7.000 besøkande berre her i fylket, har det utan tvil ein stor verdi for landbruket sitt bilete utad. Rogaland Bondelag vil retta ein varmtakk til dei som har teke dette på seg – både vertane som opnar tuna sine og andre som hjelper til. Vårt håper er at vi fortsett kan få ha slike arrangement i fylket.

Dato for Open Gard 2010 er 22. august. Rogaland har med det fått ønsket sitt oppfullt med å ha Open Gard noko seinare enn det som har vore vanleg dei siste åra.



Vipe og heider til Sigmund Hansen t.h. frå Ole Johan Vierdal og resten av bondenæringa i Nord-Rogaland. Foto Tysvær Bygdeblad.



Frå Open Gard-arrangementet i Stavanger hjá Kalle Nilsen og Arnstein Gilje.

# Medlemserving og medlemsutvikling

2009 vart eit flott år ang. medlemsutviklinga i Rogaland. 392 nye medlemmer har meldt seg inn i organisasjonen frå Rogaland. Det gir ein netto auke på 75 medlemmer i løpet av året slik at medlemstalet ved årsskiftet er 6.412. Rogaland styrker med det sin posisjon som det største fylkeslaget og einaste fylkeslaget med over 6.000 medlemmer. Nest størst fylkeslag er Oppland Bondelag med 5.598 medlemmer.

Norges Bondelag har 62.076 medlemmer pr 31.12.09 og hadde ein nettovekst på 102 medlemmer i 2009.

Kjempebra og takk til alle bidragsytarar. Fylkeslaget sitt eige verveutval har og vore aktiv pådrivar for heile vervearbeidet i løpet av året så takk

til dei og. Sjå nærmare omtale av arbeidet til utvalet lenger framme i årsmeldinga.

Rogaland Bondelag organiserer nærmere 3000 bruk og i løpet av året var det ein nedgang på 28 bruk.

I ein organisasjon med over 6.400 medlemmer er det naturleg med ein del utgang. Den totala avgangen er 317 personar. Dei langt fleste er av naturleg grunnar som dødsfall – 34 personar - andre har selt garden og/eller sluttat av som bonde eller gått over i eit anna yrke. 40 personar avslutta medlemsskapet fordi dei ikkje har betalt kontingensten dei siste to åra – dvs 2008 og 2009. Ein del har ikkje gitt noko spesiell grunn, men etter det ein kan registrera er det

få både på landsbasis og her i fylket, som melder seg ut fordi dei er usamde i politikken til Bondelaget.

Oversikten ang. medlemsutviklinga i dei einskilde lokallaga i fylket finn ein lenger bak i årsmeldinga. Her ser ein at Stavanger Bondelag har hatt innmelding av 41 nye medlemmer, Sandnes 38 medan Time, Bjerkreim, Sola og Strand har hatt over 20 innmeldingar kvar i løpet av året.

Innbetalinga av kontingensten er og svært god med 100 % i 2009 mot 97 % året før. Rogaland ligg blant dei beste fylka ang. innbetalingsprosenten og er det fylket som betaler inn mest kontingensten til Norges Bondelag.

## Skattekurset

Det årlege skattekurset for tilsette ved rekneskapskontora i fylket vart halde på Quality Airport Hotell, Stavanger, Sola 10. og 11. november. 20 kontor i Rogaland har avtale med Norges Bondelag og frå desse møtte 165 personar. Rogaland Bondelag har ansvar for den tekniske delen av arrangementet, medan Norges Bondelag er ansvarleg for den faglege biten.

Årets skattekurs tok som vanleg opp dei nyaste oppdateringane av regelverket rundt skatt, avgifter og rekneskap. I år vart det særleg fokusert på dei nye reglane for verdsetting av næringsei- gedommar. I tillegg har ein fått ny saldogruppe for avskrivning av fast teknisk utstyr og det vart føreteke gjennomgang av korleis dette regelverket vil virka. Lik-

ningslova er nyleg gjennomgått og det er kome nytt regelverk for bl.a. tilleggs- skatt. Likningslova var difor fordjupings- temaet i år. Lova er berebjelken for for- valtninga av skatteretten og det er viktig at flest mogleg kjenner til kva rettar og pliktar som følgjer av lova.

Jan Bangen og Arnstein Tveito frå Norges Bondelag foreleste. Representantar frå Skatt Vest, Stavanger hadde og som vanleg ein time og gjekk gjennom regelverket og problemstillingar rundt mva-registreringa.

Kurset er stort, men det er også viktig at rekneskapsførarane frå heile fylket får koma saman. Den sosiale biten er viktig og under middagen første dagen av skattekurset hadde ein og leidd inn ekstra underhaldning.

### Ekstra kursdag

"Pensjon og sparing – økonomisk sikring for selvstendige næringsdrivende" var temaet for ekstrakurset dagen før skattekurset. Forelesar var Ole Christen Hallesby. 50 rekneskapsførarar deltok på ekstrakurset.

### Samrådingsmøtet

Det årlege samrådingsmøtet for styremedlemmen til rekneskapslaga vart ikkje halde i år. Lite interesse for kurset og vanskar med å finna relevante tema er grunnen. Det vart i staden vist til kurset Landbrukets Arbeidsgiverforening (LA) hadde om styret sine oppgåver og sitt ansvar i Haugesund i månadsskiftet nov./des.

## Samarbeidet mellom Rogaland Bondelag og Gjensidige Forsikring

Samarbeidet byggjer på den sentrale avtalen mellom Gjensidige Forsikring og Norges Bondelag der det heiter at det skal vera eit samarbeidsorgan i kvart fylket og at dette skal ha minst to møte. Vidare skal det utarbeidast ein fylkesvis arbeidsplan. Samarbeidsutvalet i Rogaland – SU-Rogaland - har i medlemsåret hatt to møte.

### Arbeidsplan for samarbeidet

I arbeidsplanen for 2009 var det lagt opp til konkrete mål både for vervearbeidet til bondelaget og for tilslutning til bondelaget si gruppelivsordning. Ang. førebyggjande tiltak som møte om helse og sikkerhet, er det og sett klare mål – minst 10 i løpet av året.

I planen vert det lagt stor vekt på arbeid med trygging av familien med fokus på

unge bønder. Vidare har ein følgd opp saker medlemmene har teke opp. Ved gjennomgaing av planen ved slutten av året var SU godt nøgd med måloppnåelsen

Arbeidsplane for 2010 er sett opp mykje i samsvar med tidlegare planar, men ikkje med klare talfesta mål, men meir konkret kva ein skal gjennomföra og kven som er ansvarlege for gjennomføringa i dei ulike tiltaka.

# Personalet

I løpet av 2009 har det berre vore mindre endring i personalet ved kontoret.

Følgjande har hatt sitt arbeid ved kontoret gjennom året:

- Organisasjonssjef Svein Helge Harbo
- Førstekonsulent Olav Sande
- Førstekonsulent Signe Henriksen
- Førstekonsulent Målfrid Husebø -90 %
- Organisasjonssekretær for RBU Marlen Hognestad gjekk i løpet av våren 2009 over til 25 % stilling og utfører sekretærjobben i hovudsak heime eller på kveldstid på kontoret.
- Prosjektleiar Kirsten Meyer-Knutsen – 60 % stilling. Prosjektet vart avslutt i juni og ho slutta i stillinga 15. juli.



Tilsette ved kontoret. Frå venstre: Kirsten Meyer-Knutsen, Signe Henriksen, Målfrid Husebø, Marlen Hognestad, Olav Sande og Svein Helge Harbo

## Utdanningsprogram naturbruk

### Studiekompetanse og solid fagutdanning

#### Tilbodet skoleåret 2010 – 2011

Vg1 Naturbruk

Vg2 Landbruk og gartnernæring

Vg2 Heste- og hovslagerfag

Vg2 Anleggsgartner- og idrettsanleggsfag

Vg3 Landbruk (agronom)

Vg3 Naturbruk (studiekompetanse)

Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse

Elevane på Vg1 naturbruk kan å fordjupe seg innan enten hest, anleggsgartner eller landbruk. Alle dei tre retningane kan føre til studiekompetanse, agronom eller ulike fagbrev. Du finn meir informasjon om dette på skolen si heimeside.

Vaksenopplæringa foregår i regi av RKK, avdeling Øksnevad. Informasjon om kurstilbodet finn du på skolen si hjemmeside.

Ta kontakt med skolen for meir opplysningar:

Tlf 78 80 00 eller e-post [oksnevad-vgs@rogfk.no](mailto:oksnevad-vgs@rogfk.no)

Søknadsfrist ordinære kurs: 1. mars

[www.oksnevad.vgs.no](http://www.oksnevad.vgs.no)



## AIRPORT HOTEL STAVANGER

BY CHOICE HOTELS

Vår Konferanseavdeling består av 19 møterom

Totalt plass til 950 konferansedeltagere.

Selskaper - julebord - søndagsbuffet

Sjekk [www.airportotellet.no](http://www.airportotellet.no)

# Leiarane i lokallaga

	<b>Leiarane 2008/2009</b>	<b>Leiarane 2009/2010</b>
81101 01 Eigersund	Øyvind Voilås	Sigmund Slettebø
81101 02 Helleland	Torbjørn Birkeland	Torbjørn Birkeland
81102 01 Sandnes	Morten Malmin	Morten Malmin
81102 02 Riska	Sigmund Svendsen	Sigmund Svendsen
81103 01 Stavanger	Karl Anders Nilsen	Karl Anders Nilsen
81106 01 Skåre	John Egil Frøystad	John Egil Frøystad
81111 01 Sokndal	Tron Skjefrás	Tron Skjefrás
81112 01 Lund	Sigbjørn Andreas Hofsmo	Sigbjørn Andreas Hofsmo
81112 02 Heskestad	Øivind Mikkelsen	
81114 01 Bjerkreim	Stein Pettersen	Svein Roald Tengesdal
81119 02 Nærøysund	Jofrid Torland Mjåtveit	Jofrid Torland Mjåtveit
81119 03 Varhaug	Ole Andreas Aarsland	Ole Andreas Aarsland
81119 04 Søre Hå	Abraham E. Aarsland	Abraham E. Aarsland
81120 01 Klepp	Jon Serigstad	Jon Serigstad
81120 02 Bore	Anne Skasheim	Anne Skasheim
81120 03 Orre	Roar L. Grødeland	Sigmund Wiig
81121 01 Time	Livar Nedrebø	Livar Nedrebø
81122 01 Gjesdal	Ingvald Tjetland	Kåre Søyland
81124 01 Sola	Malvin Hebnes	Malvin Hebnes
81127 01 Randaberg	Kjell Ingar Bø	Kjell Ingar Bø
81129 01 Forsand	May Ann M. Levik	May Ann M. Levik
81130 01 Strand	Børge Næss	Børge Næss
81133 01 Hjelmeland	Tom G. Dyrskog	Tom G. Dyrskog
81134 01 Suldal	John Berge Vestersjø	Ole Martin Eikeland
81135 01 Sauda	Ola Magnar Birkeland	Ola Magnar Birkeland
81141 01 Finnøy	Per Bergøy	Per Bergøy
81141 03 Fogn	Gerd Johanne Bø	Gerd Johanne Bø
81141 04 Sjernarøy	Jon-Arne Vadla	Jon-Arne Vadla
81141 05 Ombo	Ann-Mari Lindanger	Ann-Mari Lindanger
81142 01 Rennesøy	Guttorm Gudmestad	Guttorm Gudmestad
81144 01 Kvitsøy	Anders Nordbø	Anders Nordbø
81145 01 Bokn	Louis Medhaug	Jan Kåre Are
81146 01 Tysvær	Sigbjørn Eikje	Sven Ivar Dybdal
81149 01 Nord-Karmøy	Ragnar Vikingstad	Ragnar Vikingstad
81149 04 Sør-Karmøy	Kjell Arvid Sandhåland	Kjell Arvid Sandhåland
81151 01 Utsira	Bjarne Austrheim	Bjarne Austrheim
81154 01 Vikedal	Nils Bakkedal	Nils Bakkedal
81154 02 Sandeid	Magne Økland	Magne Økland
81154 03 Imsland	Anita Øvregård	Anita Øvregård
81154 04 Vats	Alf Egil Vaula	Andreas Lundegård
81154 05 Skjold	Norleif Fjeldheim	Norleif Fjeldheim
81159 01 Ølen	Bård Arne Lunde	Bård Arne Lunde
81159 02 Bjoa	Ernst Grønnestad	Ernst Grønnestad
81159 03 Vikebygd	Jens Morten Koltveit	Jens Morten Koltveit

# Rekneskapen 2009

<b>Inntekter:</b>	<b>Rekneskap 2008</b>	<b>Budsjett 2009</b>	<b>Rekneskap 2009</b>	<b>Utgifter:</b>	<b>Rekneskap 2008</b>	<b>Budsjett 2009</b>	<b>Rekneskap 2009</b>
Avgiftsfritt varesal	0,00		40,00	Lønn og sosiale utgifter - 60% stilling	210 000,00	215 000	
Årsmøtet - deltakaravgift	60 800,00	72 000	68 400,00	Daggodtgjersle - styret	247 200,00	235 000	180 250,00
Leiarmøtet - deltakaravgift	28 000,00	34 200	56 000,00	Arbeidsgjevaravgift - styret	35 859,83	35 200	26 472,75
Leiarmøtet - tilskot frå FMLA og BSF	2 780,00		25 905,00	Møte- og reiseutgifter - styret	104 045,23	100 000	63 054,00
Leiarmøtet - tatt av "Aktive lokal- lagsmidlar"			30 000,00	Telefongodtgjersle - styret	7 125,00	7 500	7 500,00
Fylkesleiars reisebudsjett - att av pott i NB			9 644,33	RB sin del av fylkesleiars reise- budsjett	30 548,00	30 000	
Tilskot frå NB og SR til Nye bønder kurs + kursavg.	59 125,00	61 000		Servering styremøte m.m.	45 725,78	48 000	43 764,25
Annonseinntekter - årsmelding	46 600,00	51 000	51 000,00	Ymse møte	3 095,00	3 000	10 500,00
Tilskot til vervearbeit frå NB	15 000,00	15 000	20 000,00	Utvala - daggodtgj., møte- og reiseutg.	36 063,20	63 000	64 750,75
Rammebevilgning frå Norges Bondelag	757 900,00	790 000	789 730,00	Årsmøtet	193 606,00	185 000	187 438,50
Refusjon kontorteneste:				Leiarmøte	91 315,00	90 000	202 607,10
RBK	60 000,00	65 000	25 000,00	Distriktsmøta	34 912,50	33 000	28 638,00
RBU	37 000,00	25 000	10 000,00	Open Gard			635,00
Sponsormidlar frå Samarbeids- rådet	42 000,00	42 000	42 000,00	Nye brukar kurs	59 125,00	61 000	
Prosjekt - felles sekretariat	375 896,30	170 000	419 834,00	Kurs arealplanlegging		14 000	11 128,00
Prosjekt - Landbruk på dagsor- den 2009		25 000	60 000,00	Årsmeldinga	47 000,00	50 000	49 500,00
Kurs ang. arealplanlegging		10 500	12 800,00	Ymse kostnader - støtte til møte	9 491,68	10 000	6 806,00
Prosjekt - Frå dal til fjell	9 802,10	10 000	17 373,00	Støtte til Jordvern arbeidet - Sandnes			20 000,00
Bygdekompasset - sal av permer			16 305,62	Representasjon	8 086,99	6 000	550,00
Momskomp- og støtte til studie- arbeid	10 005,00	10 000	54 888,00	Kostnad med prosjektet Frå Dal til Fjell		15 000	18 250,50
Gjensidige - jubileumsmidlar	25 000,00			Kostnadar HMS kurs	25 122,00		
Renteinntekter	26 966,00	28 000	13 220,00	VM i saueklypping - stand	4 277,00		
Mottatt for kopiering	2 100,00		1 100,00	Styresamling m/Sør-Trøndelag Bondelag	20 728,00		
Avsette midlar til:				Prosjektet - felles sekretariat	375 896,30	170 000	400 543,66
Vervearbeit		16 767		Prosjektet - Landbruket på dags- orden 2009		25 000	31 320,52
EU-arbeidet		8 281		Verveutvalet	7 428,30	5 000	13 736,00
Utadretta informasjon		15 312		Vervearbeitet overført rest tilsk. til verveutv.	7 571,70	16 767	6 264,00
Sum inntekter	<b>1 558 974,40</b>	<b>1 449 060</b>	<b>1 723 239,95</b>	Støtte til Stormøte			5 000,00
Underskot 2008	<b>58 424,16</b>			Støtte til Prosj. - felles sekreta- riat, RB sin del.	10 000,00	5 000	8 334,00
	<b>1 617 398,56</b>			Kostnader med ymse kurs			35 286,16
				Gebyr	3 176,05	3 000	3 026,50
				Avsett til studiearbeitet			19 601,84
				Avsett til profileringartiklar			20 000,00
				Avsett til utstyr til nytt møterom			50 000,00
				Avsett til Tveit Vidaregåande skule			5 000,00
				EU-arbeidet/rest avsetning		8 281	
				Avsett til utadretta informasjon for fylkesl.		15 312	
				Udisponerte midlar/overført eigenkap			203 282,42
				Sum utgifter	<b>1 617 398,56</b>	<b>1 449 060</b>	<b>1 723 239,95</b>

# Status pr. 31. desember 2009

Eigedelar:	2008	2009
Andelar Jæren Folkehøgskule	4,00	4,00
Andelar Høgskulen Landbruk og Bygde-næringer	5,00	5,00
Andelar Fagforum for mat og drikke	1,00	1,00
Andelar A/S Nationen	1,00	1,00
Kundefordringer	22 335,50	16 760,00
Mellomrekning BSF	10 000,00	
Mellomregning NB - leiarars reisebudsjett		9 644,33
Andre kortsiktige fordringer	8 703,50	36 820,00
Prosjektet - felles sekretariat - krav	167 083,84	
<b>Kasse</b>	1 655,50	888,00
Sparebank 1 SR-Bank	238 156,97	906 697,24
Nortura Gilde Vest BA - innskot	58 320,68	60 528,68
Konto for skattetrekk	53 233,00	
<b>Sum</b>	<b>559 499,99</b>	<b>1 031 349,25</b>

Skuld og eigenkapital:	2008	2009
Eigenkapital pr. 01.01.	405 318,03	346 893,87
Underskot 2008/Overskot 2009	-58 424,16	203 282,42
Eigenkapital pr. 31.12.	346 893,87	550 176,29
Skuldig forskottstrekke	53 233,00	42 517,00
Skuldig arbeidsgjevaravgift	25 345,34	18 964,84
Leverandørgjeld	12 614,68	10 461,50
Ubetale rekningar - momskomp. studiearb.		12 103,00
Mellomrekning NB - leiarars overforbruk	30 548,00	
Rest "aktive lokallag"	44 528,72	52 756,72
Velferdsmidlar til dei tilsette	5 975,05	2 274,84
Studiearbeide - fond overført RB ved nedlegging		
av BSF - Rogaland		220 469,73
Avsett til EU-kamp	8 281,40	8 281,40
Avsett til medlemsvervning	16 767,43	23 031,43
Avsett til utadretta informasjon - rest	15 312,50	15 312,50
Avsett til profileringsartiklar		20 000,00
Avsett til utstyr til nytt møterom		50 000,00
Avsett til Tveit Vidaregående skule		5 000,00
<b>Sum skuld</b>	<b>212 606,12</b>	<b>481 172,96</b>
<b>Sum skuld og eigenkapital</b>	<b>559 499,99</b>	<b>1 031 349,25</b>

## Forklaringar til Rogaland Bondelag sitt rekneskap for 2009

Oppsettet over rekneskapen for 2009 viser eit overskot på kr **278.282,42**. Hovudgrunnane for at resultatet vart slik når budsjettet var i balanse er følgjande: (Nokre av postane er avrunda.)

• Fylkeslaget slapp i år å refundera til NB budsjettet beløp for ekstra stilling ved kontoret	kr 215.000
• Prosjektet - Felles sekretariat - ga eit netto overskot til RB på	" 19.000
• Overført ubrukte midlar til fylkesleiar	" 9.600
• Budsjetterte ekstra til leiaren	" 30.000
• Bygdekompasset - selde kurspermar	" 16.000
• Overført midlar til kursaktivitet	" 32.000
• Landbruksdelen på dagsorden - ekstra overføringer	" 20.000
<b>Sum</b>	<b>kr 341.600</b>

Minus redusert krav pga at fylkeslaget slapp å betala for ekstra stilling:

• Frå RBK	kr 40.000
• Frå RBU	" 15.000 "
<b>Sum virkning</b>	<b>kr 286.600</b>

Dei oppsette postane hadde ein ikkje oversikt over ved oppsettet av budsjettet. Eit ordinært driftsrekneskap ville truleg gått i nær ballanse.

## Disponering av overskotet

Styret føreslår overfor årsmøtet at overskotet vert disponert slik:	
Avsett til profileringsartiklar	kr 20.000,00
Avsett til utstyr til nytt møterom	" 50.000,00
Støtte til rekruteringsopplegg for Tveit vgd skule	" 5.000,00
Styrking av eigenkapitalen	" 203.282,42
<b>Sum</b>	<b>kr 278.282,42</b>

*Stavanger 31. desember 2009*

**Signe Henriksen, rekneskapsførar  
Svein Helge Harbo, organisasjonssjef**

## Revisjonsfråsegn:

Rekneskapen er gjennomgått, revidert og funnen i orden.

*Stavanger, 26. januar 2010*

**Bjørn Vistnes  
Svein Levik**

## Styret

*Stavanger 25. januar 2010*

**Arna Høyland, leiar  
Arnstein Gilje, nestleiar  
Ole Johan Vierdal  
Per Inge Egeland  
Stein Pettersen  
Margunn Nedrebø (RBK)  
Rune Lode (RBU)**

# Medlemsoversikt

	<b>Medlemstal 01.01.2009</b>	<b>Ut</b>	<b>Inn</b>	<b>Stopp ubetalt</b>	<b>Medlemstal 31.12.2009</b>
Eigersund	83	5	0	0	78
Helleland	106	5	2	0	103
Sandnes	464	27	38	1	475
Riska	88	3	4	0	89
Stavanger	150	17	41	3	174
Skåre	26	4	4	1	26
Sokndal	46	4	1	0	43
Lund	98	8	6	2	96
Bjerkreim	346	18	21	3	349
Nærø	340	23	13	5	330
Varhaug	265	9	10	1	266
Søre Hå	221	12	4	4	213
Klepp	195	19	12	0	188
Bore	111	5	5	1	111
Orre	149	4	5	0	150
Time	532	23	23	3	532
Gjesdal	281	10	18	0	289
Sola	235	16	24	0	243
Randaberg	158	5	12	1	165
Forsand	58	1	5	0	62
Strand	162	7	20	0	175
Hjelmeland	227	10	13	1	230
Suldal	253	9	18	1	262
Sauda	76	6	4	0	74
Finnøy	242	11	13	4	244
Fogn	47	2	6	0	51
Sjernarøy	65	2	5	0	68
Ombo	32	0	2	0	34
Rennesøy	229	7	13	0	235
Kvitsøy	11	0	0	0	11
Bokn	38	3	1	1	36
Tysvær	213	8	15	2	220
Nord-Karmøy	101	6	1	1	96
Sør-Karmøy	88	7	3	0	84
Utsira	2	0	0	0	2
Vikedal	60	0	2	0	62
Sandeid	88	3	4	0	89
Imsland	55	1	0	0	54
Vats	128	6	6	1	128
Skjold	118	5	8	4	121
Ølen	82	5	6	0	83
Bjoa	36	1	1	0	36
Vikebygd	32	0	3	0	35
	6337	317	392	40	6412

# Gardsrekneskapslaga i Rogaland

Lag/kontor	Rekneskapssjef	Lag/kontor	Rekneskapssjef
<b>Bjerkreim Rekneskapskontor AS</b> Nesjane 4389 Vikeså 51 45 21 88 - fax 51 45 21 58 - post@bras.no	<b>Jostein Røysland</b>	<b>ReNett avd. Ølen</b> Nerheim Store 5580 Ølen 53 76 62 59 - birger@renett.no	<b>Birger Fitjar</b>
<b>Finnøy Økonomi AS</b> <b>Finnøy Næringshage</b> 4160 Finnøy 51 71 45 00 - fax 51 71 45 01 - post@finnøy.com	<b>Elise Lunde</b>	<b>Rennesøy og Randaberg Rekneskapslag</b> Seljebakken 10 4150 Rennesøy 51 72 00 00 - fax 51 72 00 01 - everone@rennrekn.no	<b>Kirsten A. Østhus</b>
<b>Nord-Jæren Regnskap AS</b> Postboks 243 Sentrum 4002 Stavanger 51 90 69 10 - fax 51 90 69 11 - post@njr.no	<b>Harald Selvåg</b>	<b>Sola Regnskap BA</b> Postboks 135 4097 Sola 51 71 99 30 - fax 51 71 99 31 - srl@broadpark.no	<b>Guri Sandvin Ringvoll</b>
<b>Gjesdal Regnskap AS</b> Postboks 166 4339 Ålgård 51 61 80 44 - fax 51 61 74 72 - gjesdal@grl.no	<b>Lars Helleland</b>	<b>Suldal Økonomi og Rådgiving AS</b> Verven 1 Postboks 54 4239 Sand 52 79 05 30 - fax 52 79 05 46 - post@suldalokonomi.no	<b>Ola Jelsa</b>
<b>HG - Regnskap</b> St. Olavsgt. 2 4319 Sandnes 51 68 62 00 - fax 51 68 62 01 - hg@hgregnskap.no	<b>Geir Borgen</b>	<b>TF-regnskap</b> TF Gården 4120 Tau 51 74 48 80 - fax 51 74 48 81 - post@tf-regnskap.no	<b>Odd Jøssang/ John Erevik</b>
<b>Hå Gardsrekneskapslag</b> Møllevei. 4 4360 Varhaug 51 43 06 55 - fax 51 43 01 12 - haa@grl.no	<b>Per Herikstad</b>	<b>Time Rekneskapslag</b> Håland 4340 Bryne 51 77 18 00 - fax 51 77 18 01 - post@time-rekneskapslag.no	<b>Sveinung Skjerahaug</b>
<b>Klepp Rekneskapslag</b> Postvegen 209 4353 Klepp St. 51 78 69 90 - fax 51 78 69 91 - klepp@grl.no	<b>Martin Svebestad</b>	<b>Tveit Regnskap AS</b> 5574 Skjold 52 76 71 00 - fax 52 76 71 09 - regnskap@tveit.no	<b>Jone Tveit</b>
<b>Nærbo Rekneskapslag</b> Jadarvegen 15 4365 Nærbo 51 79 97 50 - fax 51 79 97 60 - naerbo@grl.no	<b>Karl-Olav Tufteeskog</b>	<b>Tysvær Økonomi BA</b> Postboks 74 5575 Aksdal 52 75 40 10 - fax 52 75 40 11 - post@toko.no	<b>Svanhild Storstein</b>
<b>Partner Regnskap AS</b> Jordbruksavd. 4137 Årdal i Ryfylke 51 75 42 50 - fax 51 75 42 51 - firmapost@partnerregnskap.no	<b>Bjørn Næss</b>	<b>Vik Rekneskapskontor</b> 4174 Helgøysund 51 71 20 00 - fax 51 71 20 09 - karin@rederi-regnskap.no	<b>Torbjørg Karin Vik</b>
<b>RegnskapService Haugaland AS</b> Postboks 185 4297 Skudeneshavn 52 84 65 00 - fax 52 84 65 01 - skudenes@regnskapservice-haugaland.no	<b>Bjørn Mathias Lie</b>	<b>VS Regnskap AS</b> Rennesøygt. 8 5537 Haugesund 52 72 70 22 - fax 52 71 25 49 - vsregn@online.no	<b>Vigdis Ø. Sandsgaard</b>
		<b>Økonor Dalane</b> Øyevolleveien 10 4460 Moi 51 40 94 00 - fax 51 40 94 01 - asbjorn.tjellesvik@okonor.no	<b>Asbjørn Tjellesvik</b>

# Nybygg eller rehabilitering?

**Ta kontakt med AH Bygg A/S  
Vi har solid erfaring med  
alle typer bygninger til landbruket**



Møllevn. 12 - 4360 Varhaug  
Tlf. 51 79 85 79 Fax: 51 79 85 78

Plasser pengene  
i veksthus

3,20%

rente fra første krone på vekstkonto. Vekstkonto er en sparekonto forbeholdt medlemmer av Norges Bondelag.

Lokal- og fylkeslag får også de samme betingelsene ved å opprette vekstkonto.

Vekstkonto åpner du på [www.landkredittbank.no/nb](http://www.landkredittbank.no/nb) eller 815 52 250.



NORGES BONDELAG



Landkreditt Bank

# Notater

# Notater

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

## Rica Maritim Hotel

-et Rica Partner Hotel i Caiano-gruppen

Telefon: 52 86 30 00

Mail: Rica.Maritim.Hotel@hotelmaritim.no



# ØKT TRYGGHET OG GODE RABATTER



Vi trygger hverdagen for deg og dine, og gir deg gode rabatter når du samler forsikringene dine hos oss.

**Kontakt oss på 03100, se [gjensidige.no](http://gjensidige.no) eller kom innom vårt kontor.**



# SAMARBEIDSRÅDET

## for landbruksorganisasjonane i Rogaland

Sandvikvegen 21 - Postboks 278 - 4002 Stavanger  
Telefon 51 88 72 70 - Telefax 51 88 02 80

